

MISJONSHØGSKOLEN I STAVANGER

JOHANNES 4 SETT GJENNOM ÅTTE PAR AUGE FRÅ TRE VERDENSHJØRNE

Ei empirisk undersøking

Elin Underhaug Kanu

29.11.2012

Innhold

1.	INNLEIING	4
1.1	Bakgrunn	4
1.2	Spørsmålsstilling	6
1.3	Materiale	8
1.4	Teori og metode	10
1.5	Etiske refleksjonar	13
2.	PRESENTASJON AV EMPIRIEN	16
2.1	Innleiing	16
2.2	Informant I	17
a)	Bakgrunnsinformasjon om informanten	17
b)	Hovudpunkt i intervjuet	17
c)	Tilhøve mellom informantens bakgrunn og synspunkt på teksta i Johannes 4	19
2.3	Informant II	20
a)	Bakgrunnsinformasjon om informanten	20
b)	Hovudpunkt i intervjuet	20
c)	Tilhøve mellom informantens bakgrunn og synspunkt på teksta i Johannes 4	22
2.4	Informant III	23
a)	Bakgrunnsinformasjon om informanten	23
b)	Hovudpunkt i intervjuet	23
c)	Tilhøve mellom informantens bakgrunn og synspunkt på teksta i Johannes 4	25
2.5	Informant IV	25
a)	Bakgrunnsinformasjon on informanten	25
b)	Hovudpunkt i intervjuet	26
c)	Tilhøvet mellom informantens bakgrunn og synspunkt på teksta i Johannes 4	28
2.6	Informant V	28
a)	Bakgrunnsinformasjon om informanten	28
b)	Hovudpunkt i intervjuet	29
c)	Tilhøvet mellom informantens bakgrunn og synspunkt på teksta i Johannes 4	32
2.7	Informant VI	32

a) Bakgrunnsinformasjon om informanten	32
b) Hovedpunkt i intervjuet.....	33
c) Tilhøvet mellom informantens bakgrunn og synspunkt på teksta i Johannes 4	35
2.8 Informant VII.....	35
a) Bakgrunnsinformasjon on informanten	35
b) Hovedpunkt i intervjuet.....	36
c) Tilhøvet mellom informantens bakgrunn og synspunkt på teksta i Johannes 4	38
2.9 Informant VIII	38
a) Bakgrunnsinformasjon on informanten	38
b) Hovedpunkt i intervjuet.....	39
c) Tilhøvet mellom informantens bakgrunn og synspunkt på teksta i Johannes 4	41
3. SYSTEMATISK ANALYSE AV EMPIRIEN	42
3.1 Innleiing.....	42
3.2 Om etnisitet.....	43
Eksegetiske spørsmål	43
Frå de Wit og co si undersøking	43
Mine informantar si tolking	44
Konklusjon: eksegetiske spørsmål og informantane.....	46
3.3 Om kvinner, maskulinitet, femininitet og kjønnsroller	47
Eksegetiske spørsmål	47
Frå de Wit og co si undersøking	48
Mine informantar si tolking	48
Konklusjon: eksegetiske spørsmål og informantane.....	50
3.4 Om livets djupaste spørsmål.....	51
Eksegetiske spørsmål	51
Frå de Wit og co si undersøking	53
Mine informantar si tolking	53
Konklusjon: eksegetiske spørsmål og informantane.....	55
3.5 Om forloving og ekteskap	56
Eksegetiske spørsmål	56
Frå de Wit og co si undersøking	57
Mine informantar si tolking	58
Konklusjon: eksegetiske spørsmål og informantane.....	59

3.6 Om staden for tilbeding	60
Eksegetiske spørsmål	60
Frå de Wit og co si undersøking	61
Mine informantar si tolking	61
Konklusjon: eksegetiske spørsmål og informantane.....	62
3.7 Om samaritanarar, jødar og framande	63
Eksegetiske spørsmål	63
Frå de Wit og co si undersøking	65
Mine informantar si tolking	66
Konklusjon: eksegetiske spørsmål og informantane.....	67
3.8 Jesu identitet, om det har noko å sei.....	67
Eksegetiske spørsmål	67
Frå de Wit og co si undersøking	68
Mine informantar si tolking	68
Konklusjon: eksegetiske spørsmål og informantane.....	69
4. KONKLUSJON	70
TILLEGG	73
Projectinformation to the informants Stavanger 2012-06-29	73
Prosjektinformasjon til informantane Stavanger 2012-06-29.....	74
APPENDIX	75
Skjematisk oversikt over informantar.....	75
Intervjuguide.....	75
LITTERATURLISTE	77

1. INNLEIING

Denne oppgåva er innan den teologiske disiplinen misjonsteologi. Nærare bestemt dreier det seg om empirisk bibelhermeneutikk, med interkulturell, interreligiøs og internasjonal bibeltolking.

Oppgåva er i skjeringspunktet mellom samfunnsvitskaplege fag og humaniora. Kunnskapen ein skaper ved å gå ut i samfunnet, som òg kjenneteiknar sosiologi og antropologi kombinerast med humanistiske fags særpreg: teoretisk behandling av ulike typar tekst.

1.1 Bakgrunn

Den første tanken var å samla folk i Sierra Leone¹ i grupper på åtte til tolv personar i kvar, med representantar frå ulike språkgrupper i landet, til å snakka gjennom spørsmål frå Lukas 4: 18-24, med referanse til Jesaja 61, men på grunn av logistikk og tidsrame vert det spart til seinare.

Bak denne oppgåva ligg eit ønske om å veta kva åtte “vanlege folk” tenkar om teksta i Johannes 4:1-42. Kvar med sin åndelege, kulturell, nasjonale, etniske og sosiale arv, har formulert dette til meg som prosjektansvarleg. Professor Knut Holter² føreslo å nytta Johannes 4:1-42 som utgangspunkt for oppgåva, i lag med bruka artikkelsamlinga *Through the Eyes of Another*.³ Dette fall i god jord hjå meg, sidan bibelteksta har breitt potensiale for ulike tolkingar. Med mi tidlegare fordjuping i Nye Testamente og misjonsteologi på masternivå, sidan med ungdomsteologi siste terminen, vert fokuset i oppgåva på ungdom. Det eg då vil gjera, er å bruka resultata av ei kvalitativ undersøking, utført med åtte ungdomar og unge vaksne frå 7 ulike land, om Johannes 4:1-42.

I forhold til kristen tenking om relasjonelt ungdomsarbeid, brukte den tyske motstandsteologen under andre verdskrig, Dietrich Bonhoeffer, omgrepet “Stellvertreter”; at ein blir ein annans/den andre sin stedfortreder, ved å stilla seg i hans eller hennar plass, dela den andres smerte, og handla på dennes vegne.⁴ “Slik Kristus inkarnert, krossfesta og oppstaden vart vår stedfortreder, må me som Jesu disiplar bli stedfortredarar, og lida med og for unge menneske.” I ei engelsk oversetjing av Kolossarbrevet 2:17 heiter det at “Reality, however, is found in Christ.”

¹ Landet i Afrika der mannen min er frå, svigerfamilien bur, og me har nokon prosjekt

² Prorektor ved MHS og rettleiar for denne oppgåva

³ Hans de Wit i Hans de Wit, Louis Jonker, Marleen Kool, Daniel Schipani (eds) *Through the Eyes of Another: Intercultural Reading of the Bible* (Amsterdam: Institute of Mennonite Studies, 2004), 20.

⁴ Andrew Root, *Revisiting Relational Youth Ministry; From a Strategy of Influence to a Theology of Incarnation*, Downers Grove: Intervarsity Press: 2007): 83

For å kunna korrespondera med røynda, må me sjå den gjennom ein annans auge, frå ein stad der ein ser, og ber dei kulturelle systema og psykologiske situasjonane den andre lever i [...] ved å bekjenna at slike system og situasjonar er underordna Jesu Kristi realitet, for der er ingen annan måte å vera den andre på utan gjennom Jesus.⁵

Som leseglad, kristen, jente, med mykje reise-, og reiselivserfaring, kulturmøte i bagasjen, teologiutdanning og evangeliseringskurs som skolering, følast ansvaret for å fordela godane me er tildelte, meir prekært. Med “godar” meinast alt som beriker livet, åndeleg, sjeleleg og mentalt. Etter ei rundreise i verda, konkluderte Loren Cunningham⁶ at årsaka til materiell og sjeleleg naud, må vera åndeleg naud, noko eg er heilt samd i. Difor ønskjer eg å bidra til svar som kan imøtekoma den åndelege nauda, ein person om gongen. Tidleg (13-3-2012) i prosessen med å finna det “rette” temaet for masteroppgåva stilte eg meg spørsmåla “Kvífor er Jesu Ord så viktige for kristne” (viss dei er viktige)? Korleis kan Guds Ord bli inkarnert i ein kultur som ikkje kjenner Jesus? Sidan har problemstillingane fått stadig nye vinklingar. Ofte verkar det som om forskinga bidreg til fleire spørsmål enn svar.

Målet med prosjektet er å syna korleis, og gje eit bidrag til korleis ein bibeltekst kan opna opp for nye perspektiv når folk frå ulike land, kulturar og bakgrunnar les ei tekst, reflekterer over den, og verbaliserer sine funn i møte med eit anna menneske. Min påstand er at å lesa, og tolka Bibelen er for alle, ikkje bare for akademiske ekspertar. Korleis kan bibelteksta tolkast slik at den både kommuniserer med, og utfordrar menneske med ulike religiøs, etnisk, kulturell og kjønnsmessig bakgrunn? Kva nytt kan ein tekst tilføra dagens menneske, som ikkje allereie er oppdaga? Musa Dube påpeiker frå eit afrikansk kulturperspektiv at historier brukast kontinuerleg til å skildra livet, overføra verdiar, og gje visdom liv å klara seg i livet. “[...] historieforteijing (og sjølve historia) er community writing/samfunnsskriving og livstolking.”⁷

Johannes 4:1-42 er forteljinga om Jesus og disiplane, som på vegen gjennom Samaria, ved ein brønn, møtte ei kvinne som bidrog til å snu opp ned på landsbyen og sitt eige liv då ho tok i mot bodskapen Jesus kom med, og ga det vidare. Den rommar aspekt som kan få fram viktige problemstillingar når det gjeld dei djupaste spørsmåla i livet, kjønnssroller og etniske utfordringar. Johannes 4:1-42, åtte intervju og *Through the Eyes* er hovudtekstane i oppgåva, som dannar bakteppe og referansegrunnlag for oppgåva og analysen.

⁵ Dietrich Boenhoeffer sitert i Andrew Root, *Revisiting Relational Youth Ministry*, 133: Mi omsetjing frå engelsk kjelde. Gjennom heile oppgåva har eg velt å omsetja sitat og materiale på engelsk til norsk.

⁶ Grunnleggjar av Youth With a Mission, ein av verdas største misjonsråsler, sjå Loren Cunningham, *Is That Really You, God?*

⁷ Musa Dube og Hans de Wit i de Wit, Jonker, Kool, Schipani (eds) *Through the Eyes of Another: Intercultural Reading of the Bible* (Amsterdam: Institute of Mennonite Studies, 2004), 20

De Wit & co. si massive artikkelsamling *Through the Eyes of Another* gjev ei breidde i bibeltolking på tvers av landegrenser, klasseinndelingar og ulike verdsbilete. Bibellesing si effekt og potensiale på godt og vondt er umåleleg. Ifølge Mieke Bal er ‘Bibelen, av alle bøker, den farlegaste, den som har blitt utrusta til å drepas.’⁸ Bibellesingas potensiale til å lada mørke, destruktive krefter vil her leggas til side.⁹ Dei livsfremjande og positive ved bibelteksta vil vera i fokus. Som Kari Storstein Haug presiserte, treng me “ein gjennomgåande diskusjon om kva metodar og tilnærmingar som kan brukast for å tilretteleggja for betre forståing og fremja dialog.”¹⁰ Oppgåva siktar på å auka kunnskapen om kulturmøte formidla i, gjennom, og ved hjelp av tekst.

1.2 Spørsmålsstilling

I oppgåva vil eg få fram lærings- og endringspotensialet i å lesa og utsetja seg for bibeltekstar, trass i ulike nasjonale, etniske, kulturelle og kjønnsmessige bakgrunnar. Spørsmåla som vart brukt i intervjuet er vedlagt i appendiks. Ved hjelp av femti spørsmål, inkludert fjorten hovudspørsmål, vart hovudspørsmålet belyst frå ulike sider. Appendiks inkluderer òg ei skjematiske oversikt over informantane.

Det virka som at Johannes 4:1-42 var ein ny tekst for dei fleste informantane. I spørjeguiden er spørsmåla inndelte ut frå eit “då”, og eit “nå” perspektiv. Dette hjelper til å skilja mellom den ulike kulturelle og religiøse samanhengen Johannes 4 omtalar, og er ein del av, i høve til den enkelte nåverande lesar sin bakgrunn og samanheng.

Essensen av forskingsspørsmåla er følgjande: Korleis kan vanlege folk si bibeltolking tilføra nye, truverdige element til bibelforståinga? Korleis kan “vanlege bibellesarars” erfaringar og tolkingar av Bibelen og bibeltekstar blir meir objekt for systematisk forsking, analyse, og meir bevisst brukt i fremjing av Bibellesing som ein positiv endrings faktor i familie og samfunn og for samfunnsstrukturar? Korleis kan kristne bli flinkare og ivrigare etter å reklamera for, spreia og promotera Guds ord til sine “naboar”, eller invitera andre inn i bibellesingas mysterie og velsigning? Kva kan me læra av Bibelforteljinga, Jesus og den samaritanske kvinnen?

Ifølge Nancy Ammermann, “må eit kvart samfunn som vil oppretthalda seg sjølv, ha plass bak “veggane”, eller “muren” til å fortella si eiga opphavlege forteljing, og førestella si

⁸ Hans de Wit i de Wit, Jonker, Kool, Schipani, (eds) *Through the Eyes of Another*, 49

⁹ “inspirasjon” til etnisk reising, raseskilje, osb.

¹⁰ Kari Storstein Haug, *As You Sow, You Will Reap: Interpreting Proverbs 11:18-21, Psalm 73 and Ecclesiastes 9: 1-12 in Light of, and as a Response to Thai Buddhist Interpretations. A Contribution to Christian-Buddhist Dialogue* (Stavanger: MHS 2008), 332

eiga framtid i relasjon til den forteljinga.”¹¹ Det å bruka historier for å forma identitet har blitt, og er brukt gjennom “alle tider”, særleg i munnlege kulturar, der skriftspråk er ukjent for majoriteten og lese- og skriveopplæring er reservert for nokre heldige få. I afrikanske samfunn, er forteljarkunst og det å gjenfortelja historier, sentrale faktorar i livstolking og det å “skriva samfunn”. Når “religiøse forteljingar blir forstått av folk som grunnleggande, og fundamentale for deira eksistens”,¹² kvifor er ikkje då iveren etter å dela desse med meir uinnvigde, brennande til stades hjå dei som “eig” dei?

Desse spørsmåla ligg bak intervjuguiden som vart utarbeidd, og sendt til Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste¹³ for godkjenning, før intervjeta tok til. Det er alt gjort tallause eksegetiske arbeid og tolkingar om den aktuelle bibelteksta. Mange kan vitna om eit endra liv på grunn av gudsord dei fekk med seg på vegen. Når det gjeld den empiriske hermeneutikken, er denne forskinga framleis i sine barneår. Samhandling mellom lek og lærer er kjempeviktig, fordi kvar har ulike tilnærmingar til teksta.¹⁴ Jesus sjølv blei kalla “rabbi” (*lærar* Joh 1:38) av sine læresveinar. Samstundes var han “eit produkt av si tid”, opp draging, arv, kultur, osb. Han siterte stadig jødane sine heilage skrifter, og sette dei inn i ein ny samanheng.

Eit av måla med prosjektet er å gje folk ei levande oppleving av at Bibelen er ei bok for folket, der livsnære ord til eikvar tid kan styrka den åndelege helsa. Mi oppfatning er at uansett kva kulturell bakgrunn, livssyn, etnisitet og religiøs tilknyting ein har, har Bibelen noko for alle som er opne for det. Sjølv om evangelie-skribentane ikkje lenger er tilstade for å kunna svara på eventuelle spørsmål folk måtte ha angåande teksta, kan teksta “veksa med lesarane.”¹⁵

Kor går folk for å sløkka sin åndelege tørst? Kor lett kan folk få svar på sine djupaste spørsmål? Kva grunnlag er det for å ekskludera kvinner eller menn frå ulike delar av livet? Mange kan ha fordommar mot kristne, og den kristne religion, basert på negative erfaringar med kristne. Andre kan ubehagelege opplevingar i gudshus, fått Guds Ord representert på ein feil måte, der negative sider ved menneske vert overført på Gud og gjort til mal for korleis ein kvar skal leva. Eller kyrkja framstiller kristenlivet som eit middelmåttig åtferdsprosjekt, der Kardemommelova gjeld. Kenda Creasy Dean kallar denne tendensen MTD; “moralsk

¹¹ Nancy Ammermann sitert i Kenda Creasy Dean, *Almost Christian: What the Faith of our teenagers is telling the American Church* (New York: Oxford University Press 2010,) 113

¹² De Wit i de Wit, Jonker, Kool, Schipani (eds) *Through the Eyes*, 20.

¹³ NSD, sjå <http://www.nsd.uib.no/>

¹⁴ De Wit i de Wit, Jonker, Kool, Schipani (eds) *Through the Eyes*, 8

¹⁵ Gregor den Store sitert i de Wit, Jonker, Kool, Schipani(eds), *Through the Eyes*, 9

terapeutisk deisme”¹⁶, og seier at dette har lite å gjera med kristendomens historiske læresetningar. Smith og Denton uttalte at MTD “virkar til å kolonisera mange historiske religiøse tradisjonar, og mest utan at nokon merkar det, konverterer truande frå dei eldre trusretningane til sin alternative religiøse visjon med himmelsk garantert glede og interpersonleg lukke.”¹⁷ Dei konkluderer med at MTD fortrenger kristendomen som dominerande religion i USA. Om dette er tilfelle i Norge, Europa og resten av Vesten, er det eit stort varselteikn, som skulle rista kyrkja til grunnvollane i forhold til vår refleksjon rundt det å vera “lys i verda”.

Dagens samfunn liknar på den multireligiøse verda i fortidas Israel. “Både dei hebraiske og kristne skriftene beskriv ein kultur der mangfaldige religiøse samfunn levde side om side, konvergerte og divergerte idet Israel kontinuerleg reforhandla sin relasjon med den rundt liggande kulturen, i lys av sin distinkte forståing av YHWH.¹⁸ ”Mange missiologiar ser desse parallelane mellom den kulturelle pluralismen som omgav eldgamle Israel og den tidlege kyrkja, og det kulturelle miljøet til den tjue første år hundres (amerikanske) kristenheit. Dei føreslår difor at samtidskyrkjer kan læra av dei kulturelle haldningane til våre forfedrarar.¹⁹

1.3 Materiale

Materialet for denne oppgåva er bibelteksta Johannes 4:1-42 og empirien av åtte intervju på tilsaman sekstini sider om Johannes 4:1-42. Johannes teksta er plassert mellom Johannes Døyparen sitt Kristus vitnesbyrd i Johannes kapittel 1, møtet mellom Jesus og Nikodemus i kapittel tre, og Jesu helbreding av sonen til den kongelege tenestemannen, og mannen ved Betesda dammen i Johannes 4:46-54, og Johannes 5.

I mi akademiske setjing er der mangfaldige dokument tilgjengelege. Alle informantane kan lesa og skriva, ein kapasitet som er integrert i deira kvardagsliv og arbeid.²⁰ Dei har ulike nasjonal, etnisk, språkleg, kjønnsmessig, religiøs og kulturell bakgrunn. Sidan dette kanskje er første prosjekt av denne art her i landet, gjev intervjuempirien informasjon som ikkje er tilgjengeleg frå andre kjelder. ‘Empirien vil òg bidra til å stimulera analytiske idéar. Utviklinga av anvendelege/tilhøyrande konsept, krev ei brei og eklektisk utveljing av

¹⁶ “a god who exists and created & orders the world, and watches over life on earth. God wants people to be good, nice, and fair to each other, as taught in the Bible by most world religions. The central goal in life is to be happy and to feel good about oneself. God is not involved in my life, except when I need God to resolve a problem. Good people go to heaven when they die.”, Dean, *Almost Christian*, 14

¹⁷ Smith & Denton i Dean, *Almost Christian*, 14

¹⁸ Fritjof Capra, *The Web of Life* (New York: Anchor, 1996), 29, 37 sitert i Dean, *Almost Christian*, 92

¹⁹ Fritjof Capra, *The Web of Life* (New York: Anchor, 1996), 29, 37 sitert i Dean, *Almost Christian*, 92

²⁰ Jfr. Martyn Hammersley og Paul Atkinson, *Ethnography: Principles in Practise*, third edition (London & New York:Routledge, Taylor & Francis group, 2007), 122.

tekstlege kjelder; formelle, uformelle, fakta, og “oppdikta.” I ein lese- og skrivekultur kan ein dra frå alle slags dokument, både dei som er generert sjølvstendig av forskinga, og dei som er spesifikt utvelde av forskaren.²¹

I kapittel to, introduserast kvar informant før eit to siders samandrag av kvart intervju gjer greie for innhaldet i det den enkelte svara. Samandraga etterfølgjast av ei halv sides oppsummering om samanhengen mellom informantens bakgrunn og innhaldet i intervjuet. Bakgrunnsinformasjonane om informantane gjer greie for alder, religiøs bakgrunn eller tilknyting, nasjonalitet, sivil status, morsmål, familie og yrkes-eller studiesamanheng. I ettertid måtte det innhentast litt meir informasjon om enkelte, for å få ei tilfredsstillande dekning av kvar.

Dei fleste “vanlege lesarar” har ei eksistensiell, tileignande haldning, som “er med på å frigjera teksta frå forfattarens intensjon.”²² Den eksegetiske tilnærminga, tener teksta sine interesser, og gjer greie for litterære, historiske, kulturelle og religiøse trekk ved teksta som ikkje umiddelbart er synlege når me les teksta for første eller n-te gong.

Intervjua vil brukast aktivt i analysen i kapittel tre. Saman med de Wit & co. og bibelvitenskapleg litteratur, vil dei ulike stemmane koma fram, og analyserast. Aspekt som “livets djupaste spørsmål”, “etnisitet”, “kjønnsrelaterte spørsmål”, “samaritanane”, “staden for tilbeding”, “om ekteskap” osb. vil belysast ut frå intervjuresultat og fagbøker i kvart sitt avsnitt. Sjølv om de Wit & co. arbeidde med grupper over eit lengre tidsrom, har prosjekta mange likskapstrekk. Både vil la “vanlege folk” sine tolkingar brukast aktivt i bibeltolking. Deira bakgrunnar, livssituasjonar, oppleving når dei les teksta osb., vil gje nye innfallsvinklar til innhaldet i Johannes 4:1-42.

Det er mitt håp at noko nytt kan koma fram som følgje at undersøkinga, og at den som les det vert oppbygd i sitt liv. Fordi eg av tids og plassomsyn må innskrenka radiusen for oppgåva, er alle informantane i ung vaksen alder, og undervegs i livet.

‘Når tekstas originale referent vert bytta ut med den nåverande lesaren sin situasjon, byrjar ein ny kontekst og kultur å operera.’²³ Sett frå eit sosialantropologisk perspektiv, er kultur, ifølge Geert Hofstede, “kollektiv programmering av sinnet som skiljer medlemene av ei gruppe eller kategori av folk frå ein annan”, eller enklare; “dei uskrivne reglane i eit sosialt spel.”²⁴

²¹ Hammersley & Atkinson, *Ethnography*, 122-123

²² De Wit i de Wit, Jonker, Kool, Schipani, (eds) *Through the Eyes*, 10

²³ De Wit i de Wit, Jonker, Kool, Schipani, (eds) *Through the Eyes*, 24

²⁴ Kan referera til nasjonar, regionar innan eller på tvers av nasjonar, etnisitetar, religionar, yrke, organisasjonar, eller kjønn: Henta frå internett 28-9-2012, <http://www.geerthofstede.nl/culture>

I metode-delen beskriv eg korleis intervjuet vart førebudde og gjennomførte, og kva metodologiske betraktnigar som ligg bak førebuinga, utføringa og analysen av dei.²⁵

De Wit og deltakarane i hans prosjekt tenkte ikkje at endringar skjer umiddelbart når folk les ei bibeltekst, men forska på kva forhold endring skjer under. Dei spurte kva som skjer i lesegrupper når dei kjem til ny innsikt, i interaksjon med andre grupper. Kva faktorar er ansvarlege for endringar, og kan bibeltekstar endra folk?²⁶ Dette spørsmålet er viktig, særleg i frigjeringshermeneutikken, som antek at Bibellesing bidreg til samfunnsendringar.²⁷

Intervjumaterialet førelåg ikkje på førehand, og måtte difor hentast inn/etablerast før forskinga kunne byrja. Dette vart gjort gjennom ei kvalitativt orientert intervju basert undersøking i Stavanger, frå juli til august 2012.

Med ordet “powerbalance”, eller maktbalanse, meinast korleis fordelinga av gode, sterke, negative kjensler, haldningar og tankar fordelt i samtalen mellom Jesus og kvinna. Ordet er inspirert av Hofstedes uttrykk “powerdistance”; maktdistanse, som er den første av seks kulturelle dimensjonar han har sett i ulike land og kulturar.²⁸ Eit nærmare blikk på dette anbefalast for djupare innsikt i inter kulturell, inter kjønnsleg, inter religiøst, inter etnisk og internasjonalt samspel mellom folk i “den globale landsbyen” eller verda me lever i.

1.4 Teori og metode

I oppgåva er hovud bibelteksta Johannes 4:1-42. I tillegg nyttast tre sett av teori:

Første sett: Til intervju analysen vert særleg artikkelsamlinga *Through the Eyes of Another*, redigert av De Wit, Jonker, Kool og Schipani, nytta. Den er resultatet av ei tre årig omfattande annleis kvalitativ undersøking og analyse gjort med 150 grupper frå tjueto land (Kenya, Brasil, Ecuador, Peru, Tyskland, Ungarn, Nigeria, Colombia, Indoneisa, Nederland, USA, Nicaragua, Ghana, Skotland, Cuba, Sør Afrika, Filippinene, Korea, Argentina, India, El Salvador og Bolivia.) I løpet av tre fasar gjorde deira grupper følgjande 1) les Joh 4 historia i løpet av nokre gruppemøter. Skreiv rapport etter møtet som inneheld deira tolking av bibelteksta, informasjon om deltakarane; kontekst, personleg informasjon, kyrkjebakgrunn. Rapporten kunne òg innehalda gruppefoto, video av møtet, bilete av den samaritanske kvenna og sangar komponerte for høvet. 2) Dei les bibelhistoria om att, denne gongen gjennom ei partner gruppe sine øye. Konkluderte andre fase med å skriva ein rapport, vanlegvis eit brev,

²⁵ Haug, *As You Sow, You Will Reap*, 19

²⁶ De Wit i de Wit, Jonker, Kool, Schipani, (eds.) *Through the Eyes of Another*, 30

²⁷ De Wit i de Wit, Jonker, Kool, Schipani, (eds.) *Through the Eyes of Another*, 30

²⁸ <http://geert-hofstede.com/dimensions.html>, <http://www.geerthofstede.nl/research--vsm.aspx>. Dei seks kulturelle dimensjonane 1.maktdistanse, 2.individualisme kontra kollektivisme, 3.maskulinitet kontra femininitet, 4.usikkerheitsunngåing, 5.langtids-kontrakortidsorientering, 6.ettergivenheit kontra sjølvbehersking/tilbakehaldende., Henta frå internett: 27-9-2012

til partner gruppa om kva likskapar og ulikskapar dei såg, korleis kulturen speler med i lesinga, kva ein kan læra av partner gruppa, om ein såg nye ting i teksta, og/eller endra perspektiv. 3) Ga respons til partner gruppa, såg tilbake på heile prosessen, og bestemte om dei ville ha vidare kontakt.)

Mine informantar fekk teksta tilsendt nokre veker før intervjuet blei gjort. Mange av dei hadde ikkje lese den på førehand, eller lese gjennom spørsmåla. Difor måtte spørsmåla gjentakast fleire gonger, frå ulike vinklar i mange av intervjuet. Likeeins måtte eg la to-tre informantar lesa gjennom heile Johannesevangelie teksta før intervjuet starta.

Andre sett: Innspel frå den norske samfunnsvitaren Tove Thagaard si bok, *Systematikk og Innlevelse*²⁹ vil styrka delen om kvalitativ metode, som ho har undervist i mange år på høgare nivå. Professor Harald Askeland si undervisning på MHS, og Martyn Hammersley & Paul Atkinson si bok, *Ethnography*, bidreg til å beskriva metoden i intervjustituasjonen i avsnittet 1.5 Etiske refleksjonar.

Tredje sett: For tekstanalysa, nyttast bibelvitenskaplege arbeid av: Durham University tilsett C.K.Barrett, Herman N. Ridderbos, tidlegare NT professor ved Theological School of the Reformed Churches of the Netherlands i Kampen si *The Gospel according to John*, slik den kristne kyrkja tileigna seg det, og pastor/prest George R.Beasley-Murray sin Johannesevangelium kommentar i *Word Biblical Commentary*, volum 36. Religionsprofessor Jean K.Kim si “Woman and nation” gjev innfallsvinklar frå eit feministisk postkolonialt perspektiv. Thomas C.Oden & Joel E.Elowsky sin redigerte John 1-10 skrift-kommentar, gjev innblikk frå tidlegare kyrkjefedrar og ørkenfedrar sine bibelske perspektiv. For utdjupa forståing for grunnteksta, har eg nytta BDAG, eksegetisk ordbok for NT. Det misjonsteologiske aspektet styrkast av kyrkle, ungdoms og kultur professor Kenda Creasy Dean på Princeton Theological Seminary si bok, *Almost Christian*. Andrew Root si handsaming av Boenhoeffer, og “Theology and Public Life” professor på York St.John University, Sebastian Kim & “honorary Lecturer” ved University of Birmingham, Kiersteen Kim si Christianity as a World Religion, bidreg med innsikt om dei ulike religionane som informantane representerer. Misjonsteologi, den akademiske disiplinen som oppgåva tilhøyrer, er under greina misjonsvitenskap, eller missiologi; eit vidt, interdisiplinært felt som omfattar mange ulike studer av kristen misjon.

Scherer definerte missiologi som:

systematisk refleksjon om misjonsarbeid (vanlegvis kristen misjon), inkludert Guds misjon eller sending av Jesus Kristus, av apostlane, av kyrkja eller av andre

²⁹ Thagaard, Tove, *Systematikk og Innlevelse. En innføring i kvalitativ metode*, Bergen: John Grieg AS 1998

misjonsorganisasjonar. I vidaste forstand, inkluderer det studiet av misjonsteologi (grunnlag, mål, og middel), særskilde misjonsteoriar, misjonsprinsipp og praksis, og dei sosiale, kulturelle eller politiske aspekta ved misjon.³⁰

Eg tek bibelfagsdelen av dette. Fagdefinisjonane er ikkje absolutte, og flettast inn i kvarandre.

Misionsteologi er nært knytt til praktisk teologitradisjonen, som siktar på utforska korleis ein kan anvenda kristen teologi i dagleglivet. Praktisk teologi fokuserer ofte på lekkristnes rolle i kyrkjas misjon, noko denne oppgåva òg vil gjera.³¹ I likskap med de Wit, vil oppgåva fokusera på å utvikla nye perspektiv, samstundes som at spørsmålet bibelteksta si ultimate meaning må behandlast. Eg ønskjer òg fletta saman det “vanlege folk” tek med til teksta, og det som motiverer “dei lærde”.³² Så, for å svara på forskingsproblemet vil eg i oppgåva analysera intervjuet ved hjelp av teologiske og empiriske etnografiske metodar, som òg er brukte i sosiologi.

Ifølge Hans Robert Strauss³³ har ikkje bibelske studier ennå byrja å ta seriøst eller følgja med på korleis bibelske tekstar vert mottekte. Difor vil mitt hovudfokus vera på korleis informantane les bibelteksta. I arbeid med bibelteksta, nyttar eg den teologiske metoden, eksegese, som tener tekstas interesser. Med bruk av kvalitativ metode, vil eg prøva å klargjera korleis den enkelte lesaren, frigjort frå fortida, og forfattaren sin intensjon, les og forstår bibelteksta. Slik kan teksta få autonomi; sin sjølvstendige eksistens ut frå lesinga. Slik kan den òg bli “ven og alliert.”

Sidan eg manglar hjerneskannar, og umiddelbar tilgang til folk sine inste tankar og kjensler, er det umogleg å fullt ut forstå kva som skjer når folk les Bibelen for første eller N-te gong. Difor måtte eg sjølv syta for tilstrekkeleg bakgrunnsinformasjon. Det er mogleg at denne oppgåva er første prosjekt i sitt slag i Norge. De Wit, Jonker, Schipani og Kool leia eit globalt prosjekt, med ei lengre tidsrame for å oppnå liknande svar, ved hjelp av prosjektgrupper i ulike land. Sjølv har eg eitt semester på å slutføra prosjektet. Omfanget mitt er mindre, og intervjuet er gjort med enkeltpersonar. Likevel representerer dei stor variasjon når det gjeld nasjonalitet, religion, kultur, kjønnsreferansar, språk og etnisitet.

Metoden er intervju og dokumentanalyse. I intervjuet har eg nytta den kvalitative forskingsmetoden, for å skaffa til veie tilstrekkeleg empiri. Denne tilnærminga vil vær både

³⁰ James Scherer, “Missiology” i *The Encyclopedia of Christianity*, Vol 3, (ed. E. Fahlbusch et al., Grand Rapids, MI: Eerdmans, 1999-2008)553 i Parent, Katie, 2011: 9

³¹ Dietrich Rossler, “Practical Theology” i *The Encyclopedia of Christianity*, Vol 4,(ed. E. Fahlbusch et al., Grand Rapids, MI: Eerdmans, 1999-2008), 315, 319 i Parent, 2009: 10

³² Hans de Wit i de Wit, Jonker, Kool, Schipani, (eds) *Through the Eyes of Another*, 8

³³ Hans Robert Strauss sitert i de Wit, Jonker, Kool, Schipani, (eds) *Through the Eyes of Another*, 31

deduktiv og induktiv i karakter, sidan forskinga tek utgangspunkt i hypoteser frå tidlegare teoriar, samstundes som at nye teoretiske perspektiv vert utvikla på grunnlag av data-analysen.³⁴ Før intervjeta blei gjor, var kjennskapen til dei ulike informantane varierande.

Eg nytta opne spørsmål som byrjar med “Kva, Korleis, Når, Kven.” For å oppnå det resultatet eg ville, var saka eg ville fokusera på, bestemt i byrjinga. Intervjuguiden blei til under nøye vurdering, planlegging og evaluering slik at intervjuet kunne vera mest mogleg “nøytralt” og “brukarvenleg”. Åtte djubde intervju på førti til sytti minutt per person vart unnagjort i løpet av to månader. Femti spørsmål vart sendt til kvar på førehand. Seks hovudspørsmål, og førtifire underspørsmål ga kvar informant høve til å svara det dei sjølv tenkte, følte og meinte var rett i forhold til teksta, ut frå sin eigen bakgrunn.

Kvar informant som bekrefta ønske om det, fekk tilsendt bibeltekst, spørsmål og prosjektinformasjonen via e-mail på førehand.³⁵ Intervjeta sin semifleksible struktur ga høvet til å gå i ulike retningar alt etter korleis informantane svara. Dei vart føretatt heime hjå meg, i Eiganes kolonihage og på MHS. Alle er relativt “unge vaksne” frå tjuetre til førtitre år, i ulike fasar av livet. Nokre har norsk statsborgarskap, andre ønskjer det. Difor er nokon meir sårbare enn andre, når det gjeld offisiell status.

Som i kognitiv psykologi, vil parallelle “skjema” behandlast parallelt, og oppgåva vil prøva å kobla innsikt frå ulike realitetar med kvarandre, og relatera dei til kvarandre, kritisk.³⁶ Spørsmålet om korleis ein brukar tekstane skulle besvarast, sjølv om ein arbeider grundig med metode. Systematisk forsking på volum med populærlesing av Bibelen skulle få teoretiske rameverk, kodingssystem og nitidig analyse, for å finna ut av Bibellesingas potensiale til å endra samfunn, kva endringar som skjer, kva faktorar som påverkar, og hindrar det.³⁷

1.5 Etiske refleksjonar

Frå eit etisk perspektiv, er det er særleg omsynet til personar som er viktig i denne oppgåva. Forskingsetiske komitéer³⁸ listar fjorten krav som skal imøtekoma i samband med kvalitativ forsking:

³⁴ Thagaard, *Systematikk og Innlevelse. En innføring i kvalitativ metode*, 189

³⁵ Dette uteblei der logistikken gjekk i stå, men takka vere gode informantar, tok dei det med sporty innstilling, og godt humør

³⁶ Hans de Wit i de Wit, Jonker, Kool, Schipani, (eds) *Through the Eyes*, 15

³⁷ Hans de Wit i de Wit, Jonker, Kool, Schipani, (eds) *Through the Eyes*, 16

³⁸<http://www.etikkom.no/no/Forskingsetikk/Etiske-retningslinjer/Samfunnsvitenskap-jus-og-humaniora/B-Hensyn-til-personer-5---19/>, Internett, henta 4-10-2012

1) Krav om respekt for menneskeverdet, 2) krav om integritet, fridom og medbestemming, 3) krav om å unngå skade og alvorlege belastningar 4) krav om å informera den som skal utforskas, 5) informert og fritt samtykkje, 6) konsesjon og meldeplikt, 7) omsynet til ein tredjepart, 8) barns krav på beskyttelse, 9) krav om respekt for individ sine privatliv og nære relasjonar, 10) krav om konfidensialitet, 11) begrensa gjenbruk, 12) lagring av opplysningar som kan identifisera enkeltpersonar, 13) omsyn til menneske sine ettermæle, 14) omsyn til andres verdiar og handlingsmotiv og 15) forskaren sitt ansvar om å framtre med klarheit.

Alle desse punkta måtte gjerast greie for i søknaden min til Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste, NSD³⁹, som vart godkjend juni 2012. “Korleis forskaren oppfattast av miljøet som observerast er eit viktig spørsmål når det gjeld open observasjon”.⁴⁰ Som forskar har ein “posisjonert innsikt”, dvs. posisjon og grunnlag for å fortolka og analysera sosiale situasjonar. Det eg fokuserer på, og korleis inntrykka i felten forståast, er prega av den erfaring og dei perspektiv eg bringer med inn i felten. I studie av “eigen” kultur er det ei større utfordring å skapa distanse til eigne erfaringar.⁴¹

Eg må kunna presentera resultata på ein måte som informanten kan identifisera seg med, og skilja mellom mi eiga, og informanten si tolking. Informantar fekk beskjed om at dei kan få lesa intervjuresultatet etterpå, om dei vil. Med det i bakhovudet, er det lettare å vurdera si eiga “ekspert-rolle”, heile tida, slik at det vert minst mogleg hierarki mellom oss.⁴²

Om eg ikkje akkurat kallar lesaren “medforfattar” av teksta, er deira forventning til, og oppleving av bibeltekstar avgjerande for kor viktig Bibelens ord vert i deira liv. ‘Den historiske distansen mellom lesaren og teksta, kan vera ein positiv faktor; den kan gjer at fordommar forsvinn, eller manifesterer seg sjølv.’⁴³ Samstundes er lessarane og alltid del av ein lese- og tolkingstradisjon, ofte utan å vera klar over det. Den historiske bevisstheita er påverka av teksta si effektive verknadshistorie historie.⁴⁴

Som spørsmålstillar, vert eg ein slags “observatør, på sidelinja.” Då må eg spør meg korleis det at eg er tilstades påverkar resultata. Faktorar som alder, kjønn og nasjonalitet påverkar korleis informantane oppfattar meg, og korleis dei forheld seg til meg.

Framgangsmåte, databehandling og anonymisering vart forklart i NSD søknaden, for å sikra informantane sin sikkerheit. Kva konsekvensar forskinga kan ha, eller vil få, veit ein ikkje på førehand. Det er svært viktig at “forskaren visar teoretisk breidde”, og “etisk

³⁹ NSD sjå <http://www.nsd.uib.no/>

⁴⁰ Thagaard, Tove, *Systematikk og Innlevelse*, 76

⁴¹ Paulgaard (1997:74-74) og Tove Thagaard i Thagaard, Tove, *Systematikk og Innlevelse*, 77

⁴² Thagaard, Tove, *Systematikk og Innlevelse*, 211-212

⁴³ Thagaard, Tove, *Systematikk og Innlevelse*, 32

⁴⁴ Thagaard, Tove, *Systematikk og Innlevelse*, 32 Wirkungsgeschichte

ansvarlegheit”, [...] som “inneber at både forskaren si tolking, og informanten si sjølvforståing vert representert”, og at ein framhevar ”sentrale tendensar i materialet slik at informanten opplever presentasjonen som relevant”.⁴⁵

Som Thagaard påpeiker, har forskaren sin ståstad ifht informantane stor betydning for konsekvensane av forskinga. Posisjonen kan vera kritisk, nøytral eller ”advokat”-rolle i høve til informanten. Ein nøytral posisjon er lite sameinleg med kvalitativ forsking sitt prega av nær kontakt mellom informant og forskar.⁴⁶ Forskaren kan havna i advokatgrøfta om han ser det som si oppgåve å utvikla argument for òei side, i saker der det kan vera konfliktar. Då oppstår ”advokaturproblemet”.⁴⁷ Advokatrolla strid mot det grunnleggande prinsippet i forsking om å utforska problem utan å måtta koma til ein bestemt type kunnskap. Ein vil som forskar, utvikla generell tillit til samfunnsvitenskapleg forsking.⁴⁸

Om eg har ein kritisk posisjon, kan informanten føla seg utevert, og oppleva presentasjonen av resultata som eit angrep. Dette vil bryta med forskingsetiske retningslinjer. Eg må söka å verna informanten mot uheldige konsekvensar av forskinga⁴⁹

I mange vestlege land, er åndelege ting omrent tabu å snakka om, medan andre stader er Gud og tru det mest naturlege samtaleemnet. Sårbarheita går på ulike plan i dette prosjektet. Difor måtte eg òg vera vår for dei lingvistiske aspekta ved lesinga, fordi informantane les bibelteksta på ulike språk. Nokon språk, som hindi, skiljer ikkje mellom hankjønn, og hokjønn, til dømes.

Sidan mine informantar kun hadde meg å dela sine funn med, var det rart å ikkje kunna dela bakgrunnsinformasjon eg hadde om bibelteksta som kunne vera opplysande for dei, ærleg når nokre informantar gjerne ville ha tilbakemelding på svara dei ga.

Av anonymitetsomsyn, vil alle informantane gå under pseudonym i oppgåva. Dette er for å verna identiteten til dei som har ønska det, og for at det skal vera likt for alle.

⁴⁵ Thagaard, Tove, *Systematikk og Innlevelse*, 229

⁴⁶ Thagaard, Tove, *Systematikk og Innlevelse*, 229

⁴⁷ Brox (*Praktisk samfunnsvitenskap* 1989:42-44) i Thagaard, *Systematikk og Innlevelse*, 230

⁴⁸ Thagaard, *Systematikk og Innlevelse*, 230

⁴⁹ Thagaard, *Systematikk og Innlevelse*, 230-231

2. PRESENTASJON AV EMPIRIEN

2.1 Innleiing

Oppgåva er i skjeringspunktet mellom samfunnsvitenskap og humaniora. Medan samfunnskunnen “går ut i samfunnet, og skapar kunnskap der”, forheld humanistiske fag seg til etablert tekst, i vid forstand. Intervju-samandraga er ei oppsummering av det informantane svarte på dei ulike spørsmåla, og ikkje nødvendigvis det eg tenker om same tema.

Denne delen/kapitlet skal ta for seg kvar enkelt informant sin bakgrunn, oppsummering av intervjeta med dei, og samanhengen mellom den dei er, og det dei sa. Eg ville i utgangspunktet at alle informantane skulle koma frå ulike land, men to indrarar bekrefta med ein gong positivt at dei ville vera med då eg spurte dei. Sidan eg måtte koma i gang, og vera effektiv, intervjeta eg begge, sidan dei representerer ulike språkgrupper og religionar.

Eg har eit stort internasjonalt nettverk på Misjonshøgskolen, gjennom Kristent Interkulturelt Arbeid, sosiale medier (som Facebook, bla.) og kyrkja, difor er der nok av folk å spør. Utveljinga av informantar skjedde på tre ulike måtar. I samfunnsvitskapen skil ein gjerne mellom 1) “slump”⁵⁰: dei var tilgjengelege på ein bestemt stad, til ei bestemt tid. 2) “sjølvseleksjon”⁵¹; aktørar vart spurde, og bekrefta forespørsla; dei fekk sidan informasjon om prosjektet, og 3) “snøballutveljing”⁵²: deltakarar blei indirekte bedt om å foreslå moglege andre interesserte, dersom dei sjølve ville trekka seg.

Eg kunne hatt informantar frå Sør Amerika, USA, Canada, Kina, Australia osb., men av tidsomsyn, vart avgrensinga slik den blei. Alle informantane er midtvegs i livet, og har budd eit eller fleire år i Norge. Sidan ikkje alle kan norsk, vart flesteparten av intervjeta gjort på engelsk.

Sidan forskingsperioden vart forstyrra av eit armbrot og sjukdom, vart ikkje progresjonen heilt som planlagt. Særleg vart analyseringa amputert på grunn av fokuset på den brotne armen. Likevel vart intervjeta unnagjorde på to månader. Sjølv om eg ikkje skreiv ned tankar og kjensler eg hadde frå starten av, under, og i mellom dei ulike intervjeta, hugsar eg godt tankar og kjensler eg hadde både i forkant, medan, og etter intervjeta.

⁵⁰ Sigmund Grønmo, *Samfunnsvitenskapelige metoder*, Fagbokforlaget, Bergen (2004: 101-102)

⁵¹ Grønmo, *Samfunnsvitenskapelige metoder*, 101

⁵² Grønmo, *Samfunnsvitenskapelige metoder*, 102

Dei fleste informantane vart spurt nokre månader i førevegen om dei ville bli intervjua i samband med mitt mastergradsprosjekt, og ga positiv bekrefting på dette. Eg måtte likevel ringa dei personleg og avtala tid og stad for intervju etter kvart.

Alle informantane er i miljø som eg går i eller tilhøyrer sjølv. Det vil ikkje sei at eg kjenner alle godt personleg. Dei fleste er bekjente, med potensiale for lengre venskap. Hovudpunktet som kjem fram i kvart intervju, i del b), er eit samandrag av det kvar enkelt svarte i intervjuet, oversett til nynorsk, og syner ikkje nødvendigvis det eg står for sjølv.

2.2 Informant I

a) Bakgrunnsinformasjon om informanten

“Gæbrias” er 41 år, kjem frå Iran og har fire systrar og tre brør.⁵³ Mora lever framleis, men faren døydde etter hjerteinfarkt då sonen, Gæbrias sin bror, blei avretta i eit Iransk fengsel. Gæbrias har elleve års grunnskule med vidaregåande, og helse og sosialgymnas frå Iran. Yrkespraksisen er 5-6 års erfaring frå brillebutikk der han var butikksjef, seljar, og slopte brilleglas i verkstaden. Heimbyen var Ghazvin 130 km vest for hovudstaden, Teheran. Morsmålet hans er farsi.

Sterk religions interesse har gjort at han har lese om Gamle og Nye Testamentet, hebraiske og “uhebraiske” religionar, jødedom, kristendom og Zarathustra.⁵⁴ For tida er Zurvan lesestoffet. Etter engasjement i MEK⁵⁵, vart han fengsla i Iran, Irak og Tyrkia. Første fengslinga skjedde då han var atten år, i samband med ein demonstrasjon utføre FN - kontoret i Teheran. Protesten var mot regimet i landet sine menneskerettsbrot. For femten år sidan kom han til Norge som FN flyktning. Han gifta seg med ei norsk dame etter sju år i Norge. Her har han gått på gymnaset og teke forkurs til ingeniørutdanninga.

b) Hovudpunkt i intervjuet

Maten Jesus snakka om er Gamle Testamentet. Dei som snakka med Jesus, “åt” Gamle Testamentet. Jesus var som ein revolusjonær som ville endra samfunnet. Han skulle gje ein versjon og veg. Nye Testamentet er Jesus ord, og talar. Dersom kristendomen skulle følgja

⁵³ Den eine av dei blei henretta i fengsel, fordi han var medlem av MEK “Mujahedeene-e-Khalq”, iransk opposisjonsorganisasjon

⁵⁴ “tankefull, velviljug, som anerkjende sin Gud på basis av sin visdom”(mi omsetjing til nynorsk), henta frå internett 19-10-12; <http://www.zoroaster.net/index.htm>

⁵⁵ MKO på engelsk, The National Liberation Army of Iran (gruppas armerte avdeling). Iransk opposisjons organisasjon, først lista av USA som terroristorganisasjon, sidan dei drep amerikansk personale i Iran i 1970 åra, og for si kopling til Saddam Hussein i 1980-1990 åra. Ei beteikning som er lyfta av EU (i 2009, etterfølgd av ein sju år lang politisk og juridisk debatt)og USA (2012)Den er no ei rørsle i eksil, som forsvarar å styrt det islamske republikken Iran(mi omsetjing til nynorsk), henta frå internett 19-10-2012; <http://www.cfr.org/iran/mujahadeen-e-khalq-mek-aka-peoples-mujahedin-iran-pmoi/p9158>, http://en.wikipedia.org/wiki/People%27s_Mujahedin_of_Iran

Gamle Testamentet, trengte ikkje Jesus koma. Han skulle “fjerna Gamle Testamentet”. Tørsten det er snakk om, er kanskje religion, eller tanketørst, mentalt. Tankane er gamle. Dei treng fornying. Jesu rolle er å fornya tankane. Han snakka med jødar. Han ville hjelpa dei, gje dei “ny mat” og “vatna” dei. Jesus hadde sin eigen mat; åndeleg mat og vatn, som ein ikkje blir tørst av att. - Jesus er moderat, ikkje nasjonalist. Gæbrias nektar å tru at Jesus sa det som står i vers 22, “for frelsa kjem frå jødane”. Han trur jødane har påverka vers 21-25 for å beskytta seg sjølv. Tanken om at Gud velde jødane “kjem frå ein tradisjonell og nasjonalist jøde som bare trur på det som står i Gamle Testamentet.” Slik han kjenner Jesus har “Gud velt ingen og alle. Alle er Guds favorittar, ikkje bare jødane”. Ifølge Gæbrias sin Jesus kjennskap, er han ein annleis type enn jødane. Dei er “veldig stolte og egoistiske”, medan Jesus er “snill, moderne, og tilhører alle, ikkje ei spesiell folkegruppe”.

Nye Testamentet vart ikkje skrive ned med ein gong, og har endra seg gjennom 2500-1800 år. Der er ulike biblar og tolkingar. Slik me les Nye Testamentet, var Jesus moderne. Han kom ikkje for å beskytta jødar. Han var ikkje nasjonalist, men skulle fjerna dei gamle tankane jødane hadde. Kvinnan vart “veldig imponert” då Jesus visste så personlege ting om henne. Han, ein jødisk mann spurte henne, på ein venleg måte, om vatn. Han kommanderte ikkje, men byrjar ein samtale med henne, ein samaritanar, sjølv om han “kunne gå sjølv og henta vatn”.

Ho forventa ikkje at ein som kom frå ein annan landsby skulle vita om fortida hennar. Kanskje ho følte trygghet. “Jesus brøyt reglar og normer.” Om ein muslim eller arabar spør ein kristen om vatn, føler han/ho seg som en del av den andre. Der er ingen skilnader eller fiendskap mellom dei. Jesus var “profet, ikkje politikar”. Mohammad derimot, var politikar, “falsk profet og schizofren”. Muslimar skal fokusera på Mekka, “maktkjelda” når dei ber. Politisk brukte folk religionen for å “utvida makta si; organisera seg, og så okkupera andre land,” meiner Gæbrias. Mykje i Koranen liknar på Gamle Testamentet. Me treng ikkje fokusera på staden for tilbeding, som Jerusalem, eller Mekka. Det vatnet Jesus ville og skulle gje henne, var “åndeleg vatn”. Og han endrar livet hennar. Jesus gjorde det han ville. Maten frå disiplane blei avvist fordi Jesus “var mett”. Gæbrias trur litt på Zarathustra, sjølv om nokre kristne meinte at det er ein “død religion.” Denne “me er betre”-haldninga frå enkelte kristne, kjenner han att frå Iran då han studerte islam i 12 år. Der studerer og lærer dei at “me er betre enn andre; me er betre enn jødar [...] og kristne. Me går til Paradis, du går til Helvete.”

Då Jesus ba kvinnan om å henta mannen, kan det ha signalisert to ting: “det er ikkje så viktig med papir og registrering”, sidan han visste at ho var sambuar med ein annan mann. Det ser ut som Jesus ser på ein kjærast som “ein mann”. Var Jesus hetero- eller

homoseksuell? Han var i alle fall i “nøytral” i forhold til likestilling; han ser likt på kvinner og menn. Han var ikkje oppteken av papir. Jesus visste at kvenna hadde ein “sambuar.”

For ti år sidan kunne Gæbrias identifisert seg med kvenna. I dag er Jesus identifikasjonsfiguren, fordi han “diskuterer veldig mykje, er ein “sjølvstendig person, og ikkje “avhengig av religion.” Han “får ikkje, men gjev hjelp.”

Maktbalansen her gjeld “åndeleg, ikkje negativ makt.” Det må ha vore rart for kvenna, då spurte henne om vatn. Då skulle vel ikkje jødar eller arabarar nærma seg kvinner. Ho følte nok tryggleik. Når nokon gjev nokon vatn, føler dei seg som ein del av kvarandre. Etniske spenningar reflekterast i møte mellom ulike nasjonalitetar og folkegrupper. “Jødane er egoistar, og betre enn andre. “Samritane”⁵⁶ er skitne.”

I dagens Iran blir mange kristne, eller går mot Zarathustra. Dei er leie og kvalme av vald. Gæbrias har diskutert med mange ulike grupper; kristne, Jehovas vitne, mormonarar. Han trur at kroppen døyr, men at sjela blir energi, og eksisterer med ein annan type liv. Ein tek med seg personlegdomen ein skaper i verda heile tida. Så om ein er sint, veldig därleg og plagar folk, vil ein fortsetja med det etter døden. Om ein er kristen, vil ein døy som ein kristen, og vera kristen.

Tilbeding kan skje når og kor som helst. Korleis ein kan vita om ein person verkeleg stoler på Gud, og er ein sann tilbedar, kan ein sjå på frukta av deira teneste. Om folk baksnakkar kvarandre, og fokuserer på ein skummel Gud som straffar, synar ikkje Jesus. Ein pastor han kjenner, trur at Jesus er kjærleikskjelda. Han argumenterer logisk, snakkar på ein moderne måte og tek folk på alvor. Då kan ein tenka på kva som påverkar ein mest og best. Det er “det mest åndelege”. Folk vil ha sanninga. Før i tida fekk ikkje folk lov å lesa. Dei måtte bare fokusera på Bibelen. Dei måtte gå i kyrkja, der pastorfolk les, og tolka for dei. Det var ein “business.”

c) *Tilhøve mellom informantens bakgrunn og synspunkt på teksta i Johannes 4*

Gjeve informantens bakgrunn, med oppvekst i eit muslimsk land, og tolv års islamsk skolering med eit antisemittisk regime, er det naturleg at han stiller seg kritisk til innhaldet i vers 22; Jesu Ord om at frelsa kjem frå jødane. Når ein i tillegg veit at islam framstiller Bibelen som ei korruptert bok, sidan Bibelen er overlevert gjennom menneske⁵⁷ er det forståeleg av sanningsgehalten i Bibelen ikkje blir særleg veklagt i hans liv eller land. Informantens nåverande kontekst kan vera såpass annleis frå det han er van med, at det

⁵⁶ Gæbrias sleit med å uttala “samaritanane”, så det blei “samritane”

⁵⁷ I motsetnad til Qu’ran som vart gjeven “direkte frå himmelen via ein engel til analfabeten Mohammad” sjå Jan Opsal, *Islam: Lydighetens Vei*, (Oslo: Universitetsforlaget 2005): 95, 129-133

“provoserer han” til å søka sanning hjå ein “profet” frå sitt eige land, for å styrka sin eigen identitet. Det at han har skifta namn, for å markera at han legg det muslimske og arabiske bak seg, er interessant, fordi han etnisk sett er “arabar.” Dei traumatiske opplevingane hans av eit regime som ikkje arbeider for å fremja familieliv og positive religiøse opplevingar har nok bidrege til hans krasse utsegner om Mohammad. Det som skulle vera heile landets “fundament”⁵⁸ ser ut til å ha svikta, og ført til “religionsflukt” eller “religionsemigrasjon” for mange av innbyggjarane i Iran.

2.3 Informant II

a) Bakgrunnsinformasjon om informanten

“Sudharsan” er tretti år, frå Punjab i India. Han har vore gift i 2,5 år. Dei har eit barn på to år. Både han og kona er hinduar. Det er vanleg å gifta seg innføre si eiga etniske gruppe og klasse. Han skal vera i Norge i to år som student på Globale Studier. Nå er han første års student på MHS. Han har totalt åtte års arbeidserfaring. Fem av dei har han jobba i bank. Hans vitskaplege bakgrunn er Bachelor i sosiologi og han har toårs diplom i elektronisk kommunikasjon.

Han er interessert i Bibelen, og stilte opp til intervju fordi han tykkjer temaet er interessant.

Det er veldig populært å senda barna til kristne skular i India, sidan dei er kjende for å halda høg kvalitet. “Sudharsan” vurderer dette for sonen.

b) Hovudpunkt i intervjuet

“Sudharsan” blei med som informant fordi han er interessert i bibelteksta, og Bibelen. I tillegg var Jesus “grunnleggar av kristendommen.”⁵⁹

“Sudharsan” var usikker på om hovudspørsmålet gjaldt kvenna, eller Jesu spørsmål. Sidan han ikkje kjenner til Jakobs bakgrunn, spurde han om “tilhørde Jakob” betyr Jakob var hennar bestefar? Med Jesu påstand om at “den du no har er ikkje din mann”, vers 17 foreslo “Sudharsan” at ein må ein definera kva som gjer at nokon kan kallast ektemann.

Var Jesu påstand ein kritikk av mannen, at han ikkje gjorde ein ektemanns jobb; det å beskytta, og syna omsut for kona si, stå ved henne gjennom eit langt liv, ikkje bare kort-tids. Ekteskapet er ein avtale eller tilslutning om å leva livet saman, ikkje ein formell kontrakt som seier at du skal gjera “ditt eller datt.” Er det lovlege vilkår eller juridisk reglar eller konstitusjonar som verifiserer ekteskapet? Spør han. Rettsleg er ein ting, åndeleg er ein annan.

⁵⁸ Religionen islam, av *aslama* som betyr “underkasting”, i Opsal, *Islam: Lydighetens Vei*, 27

⁵⁹ Kommentar ved gjennomlesing av teksta på Hindi. Kom ikkje med på bandet.

Om ein er ein åndeleg person, vil ein følgja Guds vilje. Dersom ikkje, vil ein følgja grunnlovas lovar, reguleringar og forskrifter. I India er ekteskapet ein del av religionen.

Då Jesus snakka om “Guds gave” i vers ti må det bety livet, som “nytt liv.” Kvart ord “the God” seier har ei mening. Og me må skjøna alt, den eksakte meiningsa. I hindiomsetjinga er det ikkje brukt eit ord som tilsvarer vårt norske “gave.” Men ein kan omsetja det med “gave”, og det relaterer til vatn og liv. Ferskt vatn er nytt liv. Ikkje nødvendigvis fysisk vatn, men åndeleg og mentalt vatn.

Jesus presenterer seg som ein normal mann, men kvinna ser han som ein gud. Han spør som ein mann som veit alt, og underviser om moralske ting. Då disiplane ville gje Jesus mat, sa han at han har mat som ikkje dei veit om. “Alle spring etter mat.” Gud seier at “eg har den maten.” Sidan hindi ikkje skiljer mellom hankjønn og hokjønn, vart det litt forvirring på spørsmål om kven sitt ønske Jesu mat var å gjera eller oppfylla.⁶⁰ Først trudde informanten det var snakk om at Jesus kom for å fullføra kvinnas ønske. Ei interessant tolking i farten. På kva som er fokuset her, kom temaet med såing og innhausting opp, som nemnt i vers 36. Nokon har dyrka markene, andre kuttar dei. Mais, eller noko anna. Der er mange ulike kornslag, Gud gav bare døme. Det er ikkje bare ein manns harde arbeid. “Sudharsan” spurt om disipline var bønder? Men han trur dei var “normale folk.” Einkvar vil få løn for sitt harde arbeid. Jesus sendte dei for å “kutta avlingane.”

Kanskje Jesus kom til brønnen for å undervisa kvinna, sidan ho kom for å henta vatn.⁶¹ Så fortalte ho til andre, og dei andre kom til han. Først var kvinna deira eine prov. Då dei møtte Jesus, sa dei “no har me prov at Jesus er ein mann, sendt av Gud.” Kanskje ho kjente ei tiltrekking til Gud, sidan ho kom. Då Jesus openbara kvinnas løyndomar, sa kvinna at han ikkje er ein vanleg mann, men Gud. Ho forlèt nok krukka fordi ho var overraska, og kjende noko “amazing”, og gløymde at ho kom for vatn. Om me får noko nytt, kanskje ho følte seg avslappa. Ein føler at ein har noko kunnskap, ei fantastisk oppleving. “Sudharsan” trur at ho først var redd. “Eg er Samaritanar, de har ikkje noko samband med samaritanar, kvifor spør du meg om vatn.” Gud skiljer ikkje mellom folk. Han ville gje henne kunnskap og undervisa henne.

I forhold til identifikasjon, tenker “Sudharsan” at kvinna var normal. Ho snakka på ein naturleg måte, medan tenkinga hennar var åndeleg. “Sudharsan” meiner Jesu hovudmotiv var å sei at me er menneske, me er like. I starten var det kanskje ubalanse i maktforholdet mellom dei, men etter at Jesus hadde talt, var der balanse. Når det gjeld synet på framande i teksta,

⁶⁰ Sudharsan brukte “gave” om Guds *vilje*, i vers 34 etter gjennomlesing av teksta på hindi

⁶¹ Åndeleg vatn?

relaterte “Sudharsan” det til samaritanane, at dei må ha tenkt om Jesus som ein framand. Men då dei sjølv hadde høyrt han, trudde dei kvenna. Eit personleg møte der ga dei tillit. “Sudharsan” tenker at “alt Jesus sa til kvenna var viktigast.” Ein person som har kunnskap, sjølvrealisering om kva eit menneske er, har kunnskap om ordet, om alt, og talar ut frå sin kunnskap, ikkje ut frå bokkunnskap. Om nokon er Master i noko, kan dei snakka frå eiga erfaring. Då Jesus ba kvenna henta mannen, kan det bety at Jesus ville gje han kunnskap, og gjera han til ein bra person, slik at han kunne oppfylla kona sine ønskjer. “Ein god ektemann kan oppfylla alle krava eller behova til kona si.” Jesus såg at kvenna var interessant for Gud. “Kanskje ho stod overfor nokre problem og vanskar.”

Det å tilbe i ånd og sanning må vera å stola på Gud med hjerte og sjel; å tilbe meditativt; med ettertanke og tillit. Å møtast ved ein brønn er vanleg i India, så situasjonen beskriven i teksta, kunne skjedd med ein kvar. For å fremja det at alle kan få sine djupaste behov møtte, er det viktig å vita kva behov folk har og kjenna deira historiar. Det avheng òg av person. Dei som har ei god erfaring, kan dela den. “Sudharsan” trur ikkje på å utfordra kjønnsulikskapar, men vita at Gud har skapt alle. Polygami eller utanomekteskapelege affærar er ikkje akseptert i India. Før var det ulovleg for ei enke å gifta seg opp att på landsbygda. Nå er den lova oppheva.

c) *Tilhøve mellom informantens bakgrunn og synspunkt på teksta i Johannes 4*

Som god hindu, har “Sudharsan” gifta seg med ei kvenne innan sin eigen religion. Ifølge Ram Gupta deler hinduar og jødar tanken om du blir født til religionen. Difor er dei heller ikkje særleg opptekne av å misjonera for si tru.⁶² “Sudharsan” var oppteken av ektemannens rolle i forhold til kona, og kva som skal til for at nokon kan definerast som “mann.” Han hadde ei interessant tolking av Jesu ønske om at kvenna skulle henta ektemannen. Mange vil sei at Jesus befalte dette for å gje kvenna høve til å lyga eller snakka sant. “Sudharsan” meinte at Jesus ville undervisa mannen, som reflekterer eit disippelgjerings-perspektiv. Kanskje Jesus kunne gjera mannen til ein skikkeleg ektemann? Ein god mann, ifølge “Sudharsan” står med kona si gjennom eit langt liv. Han kan oppfylla alle hennar ønskjer, og vera alt det ho treng for livet. Sjølv er “Sudharsan” relativt ny i ekteskapet, og tenker vel at det ein legg inn i eit forhold, er det ein får tilbake. Som hinduist trur han på det ytste guddommelege prinsipp: braman. Ifølge hinduismen, kan alle oppnå sameining med braman i sitt eige sjølv, eller ånda si, atman. Dette liknar det Bibelen lærer, at Gud er alt i alle (1.Korintarbrev 12:6; 15:28).

⁶² Ram Gupta “Slik blir hinduismen fornorsk,” i *Ungdom og Livstolkning; Religion og Livssyn*, Tidsskrift for Religionslærerforeningen i Norge, Årgang 22, 2010 nr 2

2.4 Informant III

a) Bakgrunnsinformasjon om informanten

“Sofia” er 36 år og har tre barn. Ho er gresk statsborgar, men vaks opp i Tyskland. Foreldra hennar er frå Hellas, men flytta tidleg til Tyskland. Ho snakkar norsk, tysk og gresk flytande. Etter ti år i Mandal, kom ho og sine tre barn til Stavanger. Dei har ho hovudansvaret for.

I 2000 kom ho til Norge. I Tyskland tok ho barneskule, ungdomsskule og økonomigymnas, samt massasjeutdanning. I Norge har ho skaffa seg formell studiekompetanse, og er sjukmeldt frå lærarutdanning i drama. Frå Tyskland har ho yrkespraksis som servitør i restaurant, frå klesbransjen og bilbransjen. Yrkespraksisen i Norge omfattar fire års jobbing som fotograf etter endt fotografutdanning, og drift av eigen massasjeklinikk i fire år etter endt utdanning i Tyskland. Familien hennar er greskortodoks. Sjølv velde ho protestantisk utdanning frå første klasse, sidan ho likte det betre. Ho har besøkt kyrkjer i mange land, og ville delta som informant, sidan ho tykkjer det er “gøy å drøfta Bibelen med andre, og sjå på kva det kan gje”.

b) Hovudpunkt i intervjuet

“Sofia” tenker at det store spørsmålet i teksta er om Jesus er “Messiasen.” Då Jesus snakka om “Guds gāve” meinte han Guds frelse og nåde. For jødane var Guds gāve “heilag vatn, livets vatn.”

Jesus framstilte seg sjølv veldig beskjeden. Han laga ikkje noko stort show ut av det (sin posisjon). Det formidlar at ein treng ikkje vera “stå stort glansbilete, bare ein er ekte.” Ho tykkjer at Jesus spurte, og svarte veldig presis på kvinna sine spørsmål. Ut frå det me les, var Jesu mat åndeleg. Bare han gjorde det han måtte gjera, hadde han nok næring.

Hans fokus er at ein er såmann, eller ut frå det biletet han brukte; at det ein sår, hauster ein. ‘Han var oppteken av at om ein legg gode frø, får ein god innhausting, og gode resultat.’ Jesus kom nok til brønnen for å treffa kvinna, og få henne til å tenka “om det”. Sjølv om han var “trøtt og sliten” etter gåinga, og måtte setja seg ned. Kvinna var der for å henta vatn, men det var nok fordi han (Jesus) hadde ein beskjed til henne.

Når det gjeld gudsdyrkning, les “Sofia” ut at ein må “leva det ein gjer. Det ein trur på, må ein leva i full praksis, ikkje bare tenka det teoretisk.”

I første omgang blei ho veldig overrasking. Sidan gjekk ho og fortalte det til heile byen, så “ho var jo audmjuk.” Kanskje let ho krukka stå att slik at Jesus kunne ta vatn og drikke. Eller så var det fordi ho hadde det så travelt med å fortella alle andre.

I forhold til kjønnsrollar, ser det ut som at det var hennar oppgåve å henta vatn, og gje det til mannen, “men ho hadde jo ingen mann.” Ho har vore borti fleire, men hadde ingen mann. Kvinna såg at Jesus ikkje var samaritanar, difor vart ho overraska, og spurte kvifor han gjorde det, “sjølv om han ikkje er samaritanar.”

Av Jesus og kvinna, kan “Sofia” “heller identifisera seg med kvinnan”, sidan ho er kvinne sjølv. Og ho er “oppdratt til å tena/vera tenar” i sin kultur.

Det at Jesus og kvinna var frå ulike, og frå ulike etnisk bakgrunn, gjer at det vert etniske spenningar. Tilhøvet mellom jødane og samaritanane “ser [...] ut som at det var veldig anspent”, sidan dei haldt seg åtskilde frå kvarandre. “Sofia” følte ikkje umiddelbart at det er nokon maktbalanse i teksta, men føler meir at ho vart så overraska over at det var nokon som hadde gjennomskoda henne, og visste kven ho var at det var prov for henne nok at det var profeten. Jesus blei først møtt med skepsis. Det er ofte det som skjer i dag òg; at ein møter framande med skepsis, og er litt redd.

Det viktigaste poenget i teksta meiner “Sofia” er det med at Gud er Ånd, og den som tilber må tilbe i Ånd og sanning, sidan det er ein stor bodskap. Då kvinna vart “avkledd” av Jesus, fortalte ho det til “veldig mange, og vil at gjerne at alle skal treffa han”, så ho responderte “jo eigentleg bra.” Det var ikkje ei frykteleg oppleving.

Då Jesus ba henne henta mannen sin, meiner “Sofia” det må ha vore for å testa om ho var ærleg. Korleis det har nokon relevans i dag, er det vanskeleg for “Sofia” å svara på. Men ho tror ikkje det er “tidsbestemt i det heile, kor ein skal tru og be.” For henne, kan ein be over alt, til eikvar tid. Ein sann tilbedar, treng ikkje stå fram på ein spesiell stad. Det å tilbe i ånd og sanning må bety at ein skal “vera rein i hjertet sitt”. I “Sofia” vil sin heimekontekst dei skjøna hovudspørsmålet på ein annan måte. I den greske kulturen, tilber folk mange ulike helgenar. Det var det ho ikkje klarte. Dei kyssar ulike ikon, og har ein ”beskyttar for alt.” For “Sofia” “var det bare Gud, Jesus og den Hellige Ånd, det var ein ting, så ferdig, liksom.”

Menneske si lengt etter ei djupare meinung, vert reflektert i folk sin religion. Dei får ei forklaring med det. Likevel er der store skilnader. Nokon er “veldig truande, andre ikkje i det heile. Nokon er pilgrimsreisande, andre har ikkje vore i nærleiken av eit kloster.” Både her og der er det stor variasjon. Den beste måten å fremja poenget i det Jesus sa, der me bur, er å fortella vene og bekjente om dei tinga, og syna det gjennom gjerningar.

Tekstas situasjon korresponderer veldig med “Sofia” sin heimebakgrunn, når det gjeld autoritet og etnisitet. Den generasjonen “Sofia” vaks opp i, “var veldig delt inn i kjønnsroller.” Det byrjar å betra seg, men der er ennå tydelege kvinne- og mannsroller. Sjølv om mange kvinner har høge utdanningsar, så blir dei heime med barna, og mannen “går ut og

jobbar og tener pengar.” Det er i ferd med å snu litt meir, at kvinnene òg går ut og jobbar. Men hovudtrekka er sånn at kvinnene er heime med barna, og steller hus og heim. Ei slags forsørgjar og ivaretakar-rolle. Det er som regel ei familiekjerne bak. Det er “på ein måte eit hierarki, der bestefar er på toppen.” Polygami finst ikkje, ho trur det er nulltoleranse for det. Utanomekteskapelege affærar er ikkje aksepterte. Bak kjønnsrollane som rår, er kulturen. Masse opplysning må til for å endra dei. Og det må jobbast mykje med både kvinner og menn “på begge sidene”, for å endra slik ting har vore i “alle tusen år.” Kvinnene vil bli meir frigjort. Dei studerer og utdannar seg. Spørsmål som er knytte til livets djupaste spørsmål, er ikkje lette å få svar på der “Sofia” er frå.

c) *Tilhøve mellom informantens bakgrunn og synspunkt på teksta i Johannes 4*

Som eineforelder for tre barn, og “tredje kultur barns bakgrunn”, representerer nok “Sofia” ei gruppe som er relativt stor. Hennar tankar om kjønnsroller og hierarki kan nok mange kjenna seg att i. Det at kvinnen skal ha både ei “forsørgjar- og ivaretakar rolle”, samstundes som at ho steller heime og her med barn og hus, er nokså ironisk, når mannen er jobbar og tener pengar. For tradisjonelt sett, har vel “forsørgjar-rolla” tilhøyrt mannen, sidan han er den som går ut og tener pengar. Avstanden ho har teke til sin religiøse bakgrunn, kan nok ha påverka kor stor nærleik eller distanse ho føler i forhold til religionen som hennar eiga greie.

Å veksa opp med foreldre frå ein kultur, samstundes som ein skal forholda seg til “sin” kultur, kan gje eit dilemma som mange slit med å balansera. Det gjer det nok ikkje lettare at ho “åleine” skal oppdra barna i kvardagen, i forhold til det dei forheld seg til kvar dag. Med mykje ansvar på heimebane, både i oppveksten og nå kan det vera vanskeleg å balansera dei ulike realitetane. Det er tydeleg at den visuelle, “lidenskaplege” gudsdyrkkinga i den gresk ortodokse kyrkja ikkje var hennar stil. At det er lettare å slutta seg til ein Gud som er éin, og samstundes tre, er enklare enn å måtta forholda seg til ein haug med helgenar som alle krev sitt frå gudsdyrkaren. Valet om å slutta seg til den protestantiske tradisjonen er sjølvstendig, og individuelt. Hauste- og så motivet er velkjent for henne, og teksta har referanse punkt i forhold til hennar personlege liv.

2.5 Informant IV

a) *Bakgrunnsinformasjon on informanten*

“Singh” er 26 år, frå byen Kashipur i Uttrakand staten i Nord India. Det ligg nær Nainital⁶³ og Nepal, i høglandet. Morsmålet er panjabi.⁶⁴ Faren er bonde, og mora er husmor. “Singh”

⁶³ Eit veldig populært turistmål

har ein eldre bror, og ei yngre syster. Begge er gift. Broren har ei grad frå Irland, og systera fullførte 12.klasse. I rurale strøk er det ikkje forventa at jenter skal gå mykje på skule eller universitet. Han har ei Bachelor, og ei Mastergrad i engelsk litteratur, og tek nå “Globale studier” på andre året i Norge. Studiemønsteret i India er forskjellig frå Norge. Dei har årlege eksamenar i hovudeksamene. Når dei har stått på dei, og kvalifisert seg, kan dei få ei grad. Men ein treng ikkje skriva masteroppgåve. Ein må bare gjennom eit femten minutt langt intervju.

Av arbeidserfaring, har han jobba mykje på markene med faren i India. Dei har kveite, mais og sukker. Det er nok til å brødfø familien. Jordbruk er hovudnæringa i India. Dersom han kan få ein god jobb i Norge, vil han bli nokre år, sidan det er mykje betre å tena pengar her, enn i India. Utfordringa er språket. Det er veldig forskjellig frå Hindi, og det er omrent ein føresetnad å kunna det relativt flytande for å få jobb. Så det spørs på omstenda.

Religionen var ein viktig del av familielivet deira. Læraren sa at dei skulle tilbe kl.4 om morgenon. Først skulle dei dusja, så tilbe. Vanlegvis likte han å stå opp om morgenon. Ifølge dei 10 Sikh-guruane kan ein tilbe når og kor som helst, så lenge det er frå hjartedjupet.

b) Hovudpunkt i intervjet

“Singh” ville delta i prosjektet sidan han likar å lesa om ulike religionar. Hans religion er Sikhisme. Ei av deira heilage bøker er “Guru Granth Sahib” eller “Adigranth” som “tilsvarer” Bibelen og Koranen for sikhane. Den inneholder “bodskap” frå både Koranen og Bibelen. Sjølv har han lese mange bodskap frå Jesus, og tykkjer det “er veldig interessant.” Kva som er det store spørsmålet i teksta, blir besvart med eit motspørsmål: kven er Jesus for folk? Guds Gåve? Han resonnerte vidare: “Me er alle menneske, og lever som menneske. Me kan forstå om Gud, ånda vår er i kroppen vår. Me kan tilbe Gud, og forstå “alt” om Gud. Guds gåve er våre liv. Han vil gje oss andre gåver òg. Dyr og fuglar er Guds skapningar, men dei kan ikkje skjøna Gud, som me kan. “Me er heldige.”

Jesus misbrukte ikkje makta si, og er “ingen vanleg mann. Han er Guds son, han kan gjera alt.” Han ga folk mange bodskap, og dei drog mange fordelar av hans *bodskapar*.⁶⁵

Vatnet Jesus snakka om er tilbeding, trur “Singh”. Jesus sa til folk at me skulle tilbe Gud, fordi Gud ga oss alt, og me skulle takka Gud for det. Men då Jesus ba kvinna om vatn, var han trøtt og tørst, og ville ha vatn. Så då var det fysisk vatn han meinte. Men vatnet Jesus ville gje kvinna, var tilbeding; verkeleg Guds gåve. Måten Jesus framstilte seg på, og

⁶⁴ Indo arisk språk i nordvestlege India, Pakistan, delar av det indiske subkontinentet og oversjøiske land, som Storbritannia og Norge, Gyldendal, 277

⁶⁵ “Singh” brukte konsekvent pluralis då han snakka om Jesu bodskap. Eg veit ikkje om det var bevisst, eller på grunn av at hans engelsk, ifølge han sjølv, ikkje er god.

bodskapane hans, vart ikkje forstått av folk i byrjinga. Men disiplane og andre som var interesserte i å lytta til hans bodskapar, kan skjøna og erfara Jesus. Jesu gjorde mange mirakel, i forhold til andre folk. Vatnet Jesus ville gje kvinna var som “amrit, nektar”⁶⁶, ifølge Hindi-bibel teksta. Kvinna hadde mange innvendingar i då Jesus ba om vatn, både i forhold til deira ulike religionar, etnisitet og kor lite dei kjente kvarandre frå før. Ho nevnte òg den som ga dei brønnen, og reiskap til å ta opp vatn med.

Då Jesus ba om mat, var det for å understreka at maten hans var å “hjelpa disipline og andre folk.” Den som sendte Jesus til verda er Gud; “Gud sendte meg her”⁶⁷ og Gud ga Jesus nokon plikter å gjera. “Singh” går inn i Jesu resonnering, og utdjupar (frå Jesu ståstad) at “Eg er ansvarleg for å gjera desse tinga for disipline mine, og andre folk som lid på jorda. Min mat er å hjelpa folket.” Hovudplikta til folk er å tilbe Gud, sidan han skapte alt på jorda.

“Singh” trur at Jesus arrangerte møtet ved brønnen. Jesus hadde noko han ville sei til kvinna, som kvinna kunne sei til landsbyfolka. Han ville ho skulle koma der, slik at han kunne fortelja henne nokon ting. Fordi disipline var ikkje der då. Folk var oppelda på å treffa Jesus då kvinna fortalte dei at Jesus hadde sagt henne alt.

Kvinna vart ikkje sint på Jesus då han sa at ho ikkje nokon ektemann. Den ho då hadde, var ikkje der med henne. Ho forstod at han ikkje “er vanleg.” Jesus hadde naturleg kraft/makt. Det var noko “magisk” med at han visste dei private tinga om henne. “Han kan vita kva som helst om folk. Han kan sei alt om ein person, om hans framtid.”

Angåande kjønnsroller var det ei kvinnes jobb å henta vatn. Når det gjeld maktbalanse, i høve til etnisitet, var ikkje jødar og samaritanarar på same nivå, men det “skulle vera likt, alltid.” Om der er nivå, vert det rasisme. Men i teksta er det “ein god balanse.” Kvinna tenkte at ho ikkje kunne gje Jesus vatn, fordi han tilhørde ein annan religion.

Han kan identifisera seg med Jesus, sidan han først ba om drikke, og sidan sa at han kunne gje eit vatn for livet som ein ikkje blir tørst av att, og som er som nektar. “Gud er èin, sjølv om me tilhører ulike religionar, og me skulle tilbe i samsvar med vår religion.” Jesu og kvinnas åtferd er “normal”, sjølv om den beste tida å gå til brønnen, er om morgonen. Det er vanleg at menn og kvinner snakkar i lag. Og kvinner kan be om hjelp. Men der Singh er frå, vil ikkje foreldre at jentene skal reisa bort, til marknaden eller universitetet. Sjølv meiner han at det er bra for landet, familien og alle, slik at jentene kan utvikla seg.

⁶⁶ Amrit: “udødelighetsdrikk”; vatn som vert rørt rundt med eit sverd i ei stålskål, medan Guru Gobind Singh resiterte Gurbani (sikhane sitt gudsord). Brukt til å innvia fem avholdte menn som hadde vist seg viljuge til å døy for guruen, men som alle beholdt livet. Dei lova å ha tillit til ”den eine Gud, og tru på alle menneskes likskap, avskaffa klasseskilnader, og vera viljuge til å døy for trua” frå Knut Jacobsen, *Sikhismen: Historie, tradisjon og kultur* (Kristiansand: Høyskoleforlaget 2006), 51

⁶⁷ Oversett frå hindi til norsk

Då kvenna blei “strippa” av Jesus, sprang ho av garde for å fortella alt til folka i den byen, så reaksjonen var annleis, sidan ho forlèt krukka der. “Ifølge Jesus, om ein får ein god sjanse i livet, skulle ein takka Gud. Når du takkar Gud frå hjertedjupet, er den staden og tida eit tempel for deg.”

I India er der mange religionar. “Singh” har mange vener som tilhører ulike religionar. Han har delteke i deira festivalar, og dei kom heim til han, og feira deira festivalar. Dei deler religiøse ting med kvarandre. Om ei etnisk gruppe er viktigare enn ei anna, avheng av religionen. Kvar religion har sine skikkjar. Folk likar å tilbe Gud i samsvar med skikkane i sin religion. Andre folk skulle ikkje forstyrra dei eller blanda seg inn. Trass i dette, er det ikkje lett å få svara på livets djupaste spørsmål. Folk tilber i samsvar med si heilage bok. Dei kan gå til templet og spør dei som studerer religionen.

Det er mange “sex-barrierar” i India. Folk kan ikkje ha affærar openlyst. Om nokon kryssar ekteskapsgrensene, må dei forlata heimen. Slektningane og familiemedlemene likar ikkje denne typen ekteskap. Ofte arrangerer foreldre eller ein “meklar” ekteskap om guten og jenta tilhørar same religion.

c) *Tilhøvet mellom informantens bakgrunn og synspunkt på teksta i Johannes 4*

Med “Singh” sin familiebakgrunn som sikh, har han etablerte mønster med seg frå oppveksten, i forhold til kva, og korleis Gud er. At han ser på “tilbeding” som Guds gáve, kan jamførast med den hinduistiske lengta at ånda, eller sjølvet i mennesket; atman, skal oppleva seg eitt med brahman; “the Divine.”⁶⁸ Den positive opplevinga og interessa for religion kan knytast saman med hans erfaring med jordbruk; erfaringa av at det å så og hausta er eit viktig prinsipp, både åndeleg og fysisk.⁶⁹ Å sjå ting veksa og gro, veksling mellom hausting og såing, livsrytmar og mangfold er faste ingrediensar i hans enorme land. Sikhismen fokus på fred mellom religionar, avspeglast i deira heilage bok, der òg ord og bodskap frå Jesus er med. Det å kunna delta i andre religionars høgtider og festivalar, kan vera ei bru byggande handling. I staden for å markèra avstand, og framandgjerande haldningar, opnar dei heimen for annleis truande, og set venskapen framføre religiøse skiljelinjer.

2.6 Informant V

a) *Bakgrunnsinformasjon om informanten*

“John” er 43 år, og frå Hemba stammen, søraust i Kongo. Han er yngst av seks søstrer og tre brør. Systrene slutta på skulen og gifta seg då dei var 18. Tre av dei er enker i dag. Brørne er

⁶⁸ Sjå Sebastian Kim & Kiersteen Kim, *Christianity as a World Religion* (London/New York: Continuum International Publishing Group: 2008), 191

⁶⁹ Haug, *As You Sow*, 142

øg gift. Det er forventa at mennene er forsørgjarar. Sju sysken bur i Kongo, ein bur i eit anna afrikansk land. “John” har mange nevørar og nieser. I tillegg til fransk, som er det offisielle språket i landet, lærte han Lingala og swahili på skulen. Han har ei Bachelor grad i Forretnings ledelse og rekneskap, og ei Mastergrad i finans. Femten år jobba han i regjeringa, og budde i hovudstaden, Kinshasa. På grunn av ein politisk situasjon, fekk han mange problem, og blei arrestert. Ved hjelp av vene kom han til Norge for eitt år sidan. Her er han asylsøkar. Om det var trygt i heimlandet, hadde han blitt der. Den første søknaden blei avvist. Nå appellerer han, så det er uvisst kor lang tid det vil ta. I mellomtida, går han og lærer norsk to gonger i veka. Sidan han ikkje har arbeidstillating, og er frå utføre EØS, kan han ikkje ta vanleg arbeid.

Kyrkjebakgrunnen hans er sjunde dags adventist. Her i Norge går han til kyrkje i Sandnes. På ein 0-10 skala over aktivitet i kristenlivet, ligg han på fem. Bibelen er fast ingrediens i kvardagen. Han har ikkje mykje kontakt med familien. Det kan setja dei i fare om han ringer heim. Så han unngår det.

b) Hovudpunkt i intervjet

“John” let seg intervjuia sidan me syng i lag, og han ville dela sine synspunkt. Han tenker at tekstas hovudspørsmål er evangelisering, og å ikkje diskriminera. Samaritanane var diskriminerte og tilsidesette, i forhold til jødane.

Sjølv om Jesus “kjende denne kvinnen”, og bakgrunnen hennar, starta han med henne, påpeika “John”. Guds gáve er “evig liv.” Jesus snakka om “livets vatn”, ikkje vanleg, fysisk vatn. Han representerte seg “som ein frelser” for kvinnen, som først trudde ho snakka med ein vanleg mann. Jesus kunne bedt disiplane om vatn, sidan “dei hadde drikke med seg då dei reiste rundt.” Men han ville nå henne, og hadde ein veldig bra måte å vurdera folk på; han nådde punktet for deira behov og ønske. Det var lettare å starta med vatn, enn å spør om Jesus kunne koma og preika i landsbyen. På “Korleis..” spørsmålet hennar, tilbaud Jesus levande vatn, og “fortalte heile hennar historie”, noko som rørte henne. Jesu mat og fokus var Guds Ord. Den “rette religionen” er å gjera, og kjenna att Far, som hadde sendt han sin vilje. I staden for å sei “la, dei gjera det, eg klarar ikkje dette” syner Jesus oss, at me må gjera Fars vilje, når og kor som helst.

På veg frå Galilea, til Judea passerte dei Samaria, der Jesus ville kvila ved brønnen medan disipline henta mat. Han kunne ha slappa av i byen, og møtt nokre andre, men måtte formidla bodskapen til kvinnen som kom for å gjera den tidas kvinne jobb; å henta vatn, ikkje for å snakka med Jesus. Som jødisk mann, “som Norges konge” overraska det henne at han

visste ting om hennar personlege liv. Rørt og bevega av Jesu ord gjekk ho og delte dei. Den åndelege bodskapen, fekk henne til å gløyma det fysiske behovet og krukka. Dei andre måtte få koma og sjå mannen som har “openbara mi fortid, mitt liv.”

Etnisk, var jødane og samaritanane ulike klassar på den tida. Jødane var overlegne. Historia forklarar kvifor. Frelsa kom gjennom dei. Sterke, berømte folk, og kongar, kom, kjempa og tok land og folk frå andre nasjonar. Jesus kom for å gjera slutt på denne åtferda ved å døy for alle; grekarar, samaritanarar, jødar. Til og med ein etiopisk mann blei døypt. Framføre Gud er me alle like, og sysken i Kristus. Livets vatn er for alle.

Jesus bodskapen blei fortalt gjennom kvinnas liv. “John” føler seg som i kvinna sine sko: han treng vatn, livets vatn, og Jesus i sitt liv.

Når ein tenker på styringsposisjonar i samfunnet, kan der vera maktbalanse. Her er autoritet knytt til etnisitet og kjønn. Sjølv om kvinne først såg på kjønnsroller, etnisitet og religion, skapte Jesus likskap mellom dei.

Ein bibeltekst, seier at kvinne skal vera stille og mannen snakka. Her var ingen mann i mellom, til å be for henne. Jesus hadde klar, direkte kontakt.

Sidan informanten sjølv er framand i Norge, meiner han at prosjektansvarleg må svara på korleis teksta reflekterer synet på framande. I heimlandet, eller ifølge humøret sitt, ser han alle som seg sjølv. Han diskriminerer ikkje, men føler seg fri med, og gjev respekt til alle; fattig, rik, framande, slave. Den som ikkje kjenner Jesus, eller denne Bibelteksta, kan muligens ha fordommar mot framande.

Jesu viktigaste poeng, var kvinnas personlege liv. Ho hadde ei historie og ei fortid som ikkje var bra. Trass i dette, endra, og frelse Jesus livet hennar. Avslørt aksepterte ho, og tok tak i bodskapen, og gjekk for å fortella dei andre, og be dei koma og sjå. Jesu ønske om at ho skulle henta mannen, ville visa om ho var ærleg. “Ærlegdom er den same, i går, i dag, og i framtida. Fordi me treng noko etikk.” Som sanne tilbedarar må me tilbe i ånd og sanning, i, frå og gjennom hjerta. “Du og eg”, er kyrkja, dagens tempel, der to og tre møtast i Jesu namn. Sanning går på ærlegdom, null hykleri. Å tilbe i ånd, er å følgja Jesu fotspor. I John sin heimekontekst, vil dei kanskje meina at Jesu start på samtalen; spørsmål om vatn, er det viktigaste poenget i teksta. Då kunne han fortella om livets vatn, openbara sanninga om kvinnas liv, og la det bli transformerande for henne og landsbyen hennar.

I dagens samfunn baserer folk seg, og ser først på det materielle. Dei vil ha Gud, fordi dei tenker at Guds eksistens er forklaringa på det dei har. Så då elskar dei Gud for det dei har. Dei kan bli mismodige, når dei ikkje ser noka lys framtid og spør “kvifor”, til å følgja Gud. Dei prøver å assosiera det dei har til Jesus, eller til Gud. Me må først be om Guds nærvær,

Guds Ånd og Guds Rike. Så vil det andre leggast til. Me må først tilhøyra Gud, så vårt samfunn og det materielle. For å promotera det Jesus sa i vår heimekontekst, må me vera lys og døme for andre. Liva våre vil fortella. I Kongo kjenner mange ikkje til Bibelen. Dei manglar tid til å lesa den. Men når ein har tid, pause, ute på reise, uansett kor ein er, kan ein prøva og fortella om Jesus.

Der er 450 stammar i Kongo. I Afrika har stammen mykje innflytelse. Stammetilhøyrigheit påverkar korleis folk tenker om seg sjølv. Nokon ser ned på andre, særleg om dei tilhøyrer same stamme som presidenten. Det kan skapa frykt mellom stammar, som ikkje er bra. Jo høgare posisjon ein innehavar i eit firma, jo meir makt har ein. Til òg med i kyrkja, syner det seg om ein vil gje plass til ein med høgare posisjon om denne er seint ute. Folk kan reiser seg og vilja gje sitt sete, eller framsetet. Det er ikkje bra.

“John” meiner at religiøsitet er negativt. Pastorar, eldste og diakonar vil ha ein god plass framme i kyrkja, og så sit dei andre bak. Så ein ser rangering òg i kyrkja. Dette skjedde til og med då Jesus skulle vaska disiplane sine føter. Alle følte seg store, men Jesus gjorde seg lågare. Han er eit godt føredøme for religionen i dag.

Det kan vera vanskeleg å få svar på livets djupaste spørsmål. Når folk har problem, spør dei “kvifor meg? kvifor har eg denne typen liv? Kvifor er der vanskar?”, når noko seier at ein skal gå og be. “Kvifor skulle eg gå og be når eg alltid har desse problema.”

Kjønnsroller er utfordring i Kongo. Kyrkjer har delt seg pga. kjønnsbalansen. Kvinner kan be, men får ikkje talar frå prekestolen. Sidan bibelen seier at kvinna skal vera stille i forsamlinga skal dei som har spørsmål, spør mannen. Dette er ei stor sak og problem i mange kristne samfunn mange afrikanske land. Alle referer til Bibelen. Sjølv om Jesus velde ei kvinne til å forkynna; samaritanen, beheld folk det dei vil. På grunn av FN anbefalingar kan kvinner ha posisjonar og delta i politikken; i regjeringa, i administrasjon, det går nokre skritt fram. Me er nøydde til å utfordra desse kjønnsrollemønstera. Sjølv vil “John” byrja med å gje ansvar både til kvinner og menn. Nokon gonger gjev kvinner betre resultat enn menn. Praktiske sysler kan òg delast. Kvinna skal ikkje veramannens slave. Det skal vera balanse.

Om folk i kyrkja i Kongo har utanomekteskapelege affærar, kan dei blei utestengde i seks, ni månader eller eit år. Det sekulære samfunnet, derimot, tillèt dette, og polygami.

Tradisjonelt, har mannen hatt mykje makt i Afrika. Bibelens tale om Jakobs barn nemnar éi jente og masse menn. Mennene tek fordelen til å kontrollera, styra, kjempa og “gjera alt”. Stort sett bare menn gjekk i krigane. Beskyttande og styrande makt har tilhørt mennene. For å endra desse tinga, må ein starta gradvis der ein er. Så kan ein nå andre. Det er ikkje sikkert det løner seg å gå ut i media. Ved å starta med eige samfunn, arbeidsplass og

gjennom Ngo⁷⁰-ar ol. kan folk sjå endringar, og vil følgja eksempelet. Ein kan delegera ansvar til alle. Det er vanskeleg å fortelja folk korleis ting skal vera, utan prov. I skular og kyrkje har ikkje jenter nokon påverknad. Men i regjeringa, der folk treng FN pengar, følgjer folk retningslinjene.

c) *Tilhøvet mellom informantens bakgrunn og synspunkt på teksta i Johannes 4*

Som kristen mann frå Kongo, har “John” opplevd spenningar som kan tolkast åndeleg, politiske og etniske. Newsweek si rangering av Kongo som det fjerde verste landet for kvinner, seier sitt om situasjonen. Om lag 1100 kvinner vert valdtekne der kvar dag.⁷¹ Vektlegginga Jesus som Frelsaren har nok eit personleg utgangspunkt. Når ein sjølv har blitt “redda ut” frå ein vanskeleg situasjon, vil ein kreditera den ein stoler på. Hans haldningar om å fordela ansvar og autoritet meir til kvinner, er kanskje for “radikale” for ein del av hans landsmenn. Denne tendensen mange land har til å bruka vald som kontrollmiddel kan vel botna i stor frykt og usikkerheit for livet og framtida. Sjølv om “John” og kvinna kan tykkjast å ha svært ulike liv, kan vel frustrasjonen han sjølv opplever, resonnera med kvinna si lengt etter det som tilfredsstiller ein gong for alle.

2.7 Informant VI

a) *Bakgrunnsinformasjon om informanten*

“Xoli” er Sør-Afrikansk, frå Eastern Kay provinsen. Ho er tretti år, og har mastergrad i teologi og kristendommens historie frå universitetet i KwaZulu-Natal, Pietermaritzburg. Faren er død, og mora bur i Eastern Cape i Grahamstown, og er pensjonert. Eldste systera arbeider i Pretoria, medan den yngste går i 11.klasse. Ho skal vera to år i Norge som student på Master i teologi.

Etter gymnaset starta hennar teologiske utdanning ved det tyske Kenosis samfunnet i Pietermaritzburg. Dei var ti kvinner som blei plukka ut til å ta eit introduksjonskurt i teologi frå januar- desember 2000. Så starta ho bachelorgrada i 2001. Ho gjekk på regjeringssponsa grunnskule, så det kosta ikkje mykje. Andre og tredje året av Bachelorgrada vart sponsa frå Tyskland. Likeeins losji då ho tok si “Honour’s Degree.” Ho søkte ikkje om lån frå regjeringa. Men ho fekk to stipend då ho arbeidde med Mastergrada; eit frå National Research Fund i Sør-Afrika og resten frå Svenska Kyrkan som averterte etter studentar som kunne forska på HIV. I grunnskulen lærte ho xhosa, engelsk og afrikaans. Isi-Zulu lærte ho på universitetet, av medstudentar. Arbeidet som pastor i KwaZulu-Natal omfatta ansvar for 9

⁷⁰ Non-governmental organizations

⁷¹ Jesse Ellison, *The 2011 Global Women’s Progress Report*, Newsweek, 26. September 2011, 27

forsamlingar, med to assistentpastorar som hjalp til på sundagen. Administrativt arbeid var hennar jobb.

b) Hovudpunkt i intervjuet

“Xoli” likar å bli intervjeta, og tykkjer dette er eit bra høve til å tenka over, og analyser ting ein ikkje elles legg merke til. Det største spørsmålet er kvifor Jesus brøyt det kulturelle tabuet for ein jøde; å snakka med ei kvinne offentleg. “Kva prøvde han å visa”, tenkte “Xoli.” For Jesus kjende kulturen. Han må ha prøvd å bryta den gamle “fiendskapsmuren” mellom jødar og samaritanarar. Guds gáve er det evige livet, som bare Gud kan gje.⁷² Var Jesu snakk om vatn ein metafor, men han snakka om åndeleg levande vatn. Jesus avslørte ikkje seg sjølv som Messias, det var kvenna som “innsåg/skjøna” det etter samtalens med Jesus.

Jesu reiserute var uvanleg, sjølv om den var kortast. Ein “gudfryktig” jøde ville velja ei anna rute. Men Jesus hadde eit oppdrag. Ifølge ein kommentar “Xoli” les, var det mest kveld då Jesus kom til brønnen. Og i deira kultur var det ei uvanleg tid å henta vatn på. Vanlegvis gjekk kvinnene tidleg på morgonen. Kanskje kvenna var utstøtt, difor kom ho åleine. Måten Jesus spurte og svarte på var uformell. Disiplane kalla han rabbi, men han prøvde sikkert å få kvenna til å slappa av. Han kom som ein vanleg mann. Viss ikkje, hadde ho vel skjelvt.

For Jesus var det mat å frelsa ei fortapt sjel. Samaritanane vart rekna som “halv-rase” av jødane. Dei var meir stigmatisert enn heidningane. Jesu fokus var å spreie evangeliet, til og med til samaritanane, for ho gjekk og spreidde dei gode nyhenda til sine felles samaritanarar. Sidan forkynte Paulus til heidningar. Så Jesu misjon var at evangeliet skulle spreie seg, ikkje bare til jødane, men til andre nasjonar.

At Jesus kom til brønnen, var ein “himmelsk avtale.”⁷³ Det var den Heilage Ande som virka gjennom han, så ho kunne spreie nyhenda. Kvenna kom for å henta vatn, uvitande om møtet.

Ut frå teksta kan me læra at me ikkje skal vera diskriminerande, men inkluderande i tenesta. Kvenna vart sjokkert då Jesus visste dei personlege detaljane om henne, for jødar og samaritanarar hadde ikkje augekontakt. Kanskje Jesus snakka om å dyrka andre gudar, at han ikkje snakka om ein mann i bokstaveleg forstand, sjølv om ho hadde fleire menn før. Det var kvennas jobb å henta vatn. Det tilhøyrde dei huslege syslene til kvinnene, òg i Gamle Testamentet.

⁷² Johannes 3:16

⁷³ Divine appointment på engelsk, eller gudfeldig samantreff på norsk

“Xoli” kan identifisera seg med kvenna, på grunn av sin bakgrunn. Ein er alltid påverka av bakgrunnen sin. Jesus ville bruka kvenna til å spreie dei gode nyhenda. Før var det ikkje lov for kvinner å stå framføre menn med autoritet og slikt i SA. Men som kvenne-prest er ein òg Guds instrument.

I Sør-Afrika, er der eit problem med xenofobi; frykt for framande. Nokre utlendingar frå Zimbabwe blei drepne i Johannesburg i fjar. Sør-Afrikanarane brukte stigmatiserande ord “amkwerekwere.”⁷⁴ Europearane fekk vera i fred.

Det viktigaste teksta seier er at det levande vatnet kan ein bare få frå den treeinige Gud; Far, Son og Heilage Ande.

Då kvenna vart “avkledd” av Jesus, vart ho kanskje flau først. Men ho såg at ho snakka med Messias, sidan ho svara “du er ein profet” noko Jesus sa. Profetar kunne føresei ting om folk. Men det er ikkje sikkert einkvar er ein “sann profet”, sjølv om dei veit ting om folk. Men det er lett å tenka at denne er ein sann profet. Tida for tilbeding, er når folk har konvertert. Dei må høyra evangeliet før dei trur. Staden for tilbeding er ikkje spesifisert. Kyrkja er dagens tempel.

I dag vert folk døypt, ein blir kristen, ein er framleis ung, og oppdregen i den kristne trua. Det er annleis. Å tilbe i ånd vil sei å tru av heile hjerte, å ha sann tillit. I Sør Afrika er det mykje synkretisme. Folk er kristne om dagen, men om kvelden/natta går dei til tradisjonelle doktorar. Den som tilber i sanning, stolar på Gud, at Gud vil gjera alt.

“Xoli” trur at folk på hennar heimstad vil lesa denne bibelteksta bokstaveleg, og fokusera meir på det Jesus sa om kvenna og dei fem mennene... På grunn av kulturen, vil dei fokusera meir på Jesu kunnskapsord, som eit moralsk, heller enn eit sosialt evangelium.

Åndelege behov i Sør-Afrika kan formidlast indirekte i sjelesorg med presten, om ei kvenne blir slått heime, åndeleg eller emosjonelt t.d. Gjennom forkynning og undervisning kan ein fremja det Jesus sa i teksta. I Sør-Afrika har menn meir autoritet enn kvinner. Det stemmer med den jødiske kulturen i teksta. Folk si tru og religiøsitet syner seg ved at dei går i kyrkja. “Xoli” meiner at religion i seg sjølv er bra, fordi alle må ha noko å tru på. Av og til kan folk få svar på sine djupaste spørsmål når dei høyrer forkynning. Men det kan vera vanskeleg å få svar. Då ei jente kom “Xoli” etter ei preike om Job, hadde orda “eg veit at min gjenløysar lever” rørt ved henne, og ho opna seg om problem ho hadde heime.

I Sør Afrika les ein at menn er overlegne/betre enn kvinner. “Gud skapte mannen først”. Både Gamle- og Nye Testamentet snakkar ikkje mykje om kvinner. Men det avheng av

⁷⁴ Diskriminerande ord, eller slang brukt av mørkhuda Sør Afrikanarar, som refererer til mørkhuda afrikanarar frå andre afrikanske land. Det er som å kalla nokon villmann, barbar, usivilisert, eller primitiv.

kor ein bur òg; by eller land. Det er ikkje alltid utdanning endrar folk. Det kan vera bra å utfordra kjønnsroller, fordi folk sine vanar ikkje alltid er utviklande for samfunnet.

I Zulu kulturen er polygami greitt, òg i kyrkja. Kvinner kan ikkje ha høge stillingar, som biskop eller dekanar. Det er vanskeleg å endra kjønnsrollar, fordi kvinner undertrykker seg sjølv. Kvinner kan irettesetja kvarandre, i forhold til korleis dei snakkar til menn, til dømes. Majoriteten i kyrkja er kvinner, likevel går dei beste stillingane, og dei fleste stemmane til menn. Så det vil ta tid.

c) Tilhøvet mellom informantens bakgrunn og synspunkt på teksta i Johannes 4

Informantens bakgrunn som kvinneleg prest i Sør Afrika er ein verdifull innfallsvinkel til tolkinga av Bibelteksta. Alle spørsmål som gjeld kvinners rolle, plass og “posisjon” i Guds rike kan få eit svar her. Både i forhold til kven som er dei “rette” formidlarane av Guds Ord, og kven som har “rett” til å forkynna evangeliet. Hennar erfaring med skrå blikk frå andre, “kamp” med andre kvinner, og identitetsspørsmål kan analyserast her. Opplevinga hennar av å ha utfordra eit territorium og ei mark som tidlegare alltid har vore forbeholdt menn syner ei nybrottstenking og mot i forhold til det å akseptera alt som sant og rett bare fordi det alltid har vore sånn. Ho blei sett i stand til å forkynna evangeliet med skolering, utanlandsk pengestøtte og utveljing frå kulturar og land som er annleis enn hennar. Og ho må “kjempa” for å “innta sin plass.” Kanskje ho er ei av dei som må “storma himmelriket for å riva det til seg med makt.” Når ikkje Guds fridom, bilete og likeverd vert gitt av menneske, må folk ta det til seg, og leva det ut, trass i ytre motstand, negative haldningar frå andre, og sårande åferd.

2.8 Informant VII

a) Bakgrunnsinformasjon on informanten

“Muluwork” er 33 år og vaks opp på landsbygda Showa, nord i Etiopia, 200 km frå Addis Ababa. Han er gift og har to barn. Den einer er fem år og om den andre om lag eit halvt år. Kona kom hit for ti år sidan, og han kom i 2005. Begge har norsk statsborgarskap. Mora døydde for to år sidan. Faren er bonde i Showa, og har ein liten butikk der han sel “småting”, som klede osb. “Muluwork” er eldst av fem sysken. Han har lært amharisk, tigrinja og Geez⁷⁵ på skulen. Sistnemnte er vanskeleg å snakka flytande. Det krev lesing kvar dag, men han les og skriv Geez, og forstår skriftene, inkludert Bibelen. Han har mellom tre og fem år med tradisjonell ortodoks teologisk privat utdanning frå Showa og i sør, der faren jobba fleire år. Den er ikkje organisert som sekulær skule. Det var friviljug frå “Muluwork” si side. Ikkje alle

⁷⁵ Kyrkjespråket i Etiopia som skriftene vart oversett til i midten av 4.århundre, då kongen i Axum (hovudstaden i Nord Etiopia) blei (monofysittisk) kristen, Sebastian & Kirsteen Kim, *Christianity as a World Religion*, (London & New York: Continuum International Publishing Group, 2008), 9

syskena har fullført skulen. Nokon er i vidaregåande, nokon i grunnskulen. Det er obligatorisk nå med skulegang. Den yngste blei uteksaminert frå universitetet i Djidjiga⁷⁶ for to år sidan. No arbeider han med økonomi i Addis. Ein bror er soldat. Sjølv er han sosialarbeider i Stavanger og studerer MIKA⁷⁷ første året på MHS. Kona er hjelpepleier.

b) Hovudpunkt i intervjuet

“Muluwork” vart glad over å få delta i denne typen prosjekt “med slike folk.”

Han tykkjer teksta er veldig interessant. Kvinnna møtte med sin “Meister, Skapar, og Herre.” Før ho møtte Kristus, var ikkje livet hennar stabilt. Ho hadde masse løyndomar. Då Jesus avslørte dei sa ho; “du er ein Meister, er du Messias”? Guds gāve er evig liv. Vatnet Jesus snakka om var ikkje “verdsleg vatn”, men det vatnet som kjem frå Gud. Det er den verkelege gåva. Jesus forklara alt bra. Sidan sa han at han er Guds son, den som er sendt til verda. Først tenkte kvinna på seg sjølv som syndar, og at “han er frå ein annan stamme.”

Jesus hadde ei nydeleg tilnærming til kvinna. Veldig fredeleg måte. Ho forstod, og blei enormt glad. Han svarar henne på ein positiv måte. Jesu mat var ikkje verdsleg, men eit mysterie; maten Jesus skulle gje etter krossdøden; sitt kjøt og blod. Kanskje han òg snakka om den maten me et kvar dag. Og det å gjera Gud, Farens vilje.

Jesu fokus var å gje kjærleik. Han lækja henne då ho hadde hatt problem lenge. Å oppfylla Guds vilje betyr å gje til dei fattige og trengande; å gje dei hungrande Guds Ord. Om Jesus ikkje hadde kome til brønnen, kunne han ikkje møtt den samaritanske kvinnna. Det teksta seier om Gudsdyrking er om måten me skulle tilbe Gud. Å gå til det eine eller andre fjellet for å tilbe, tilhøyrd tida før Kristus. Etter Kristi kome, skal me tilbe i ånd; den rette tilbedinga. Ifølge ei amharisk, eksegetisk fortolking; Andemta, hadde kvinna sju menn. Og ho budde med den siste. Så ho prøvde først å gøyma seg for Jesus. Sidan forlèt ho krukka for å vera eit vitne. Det betyr at når ein møter Kristus, går ein ikkje tilbake til “det verdslege arbeidet.” Ho forlet synda, det verdslege virket, og gjekk til ånda, og det åndelege livet. “Muluwork” er usikker på om det er nokon kjønnsroller her, men kvinna vart “prest i landsbyen om Kristus.” Det kunne like gjerne vore ein mann som kom for å henta vatn. Tida er komen til å bli fri frå synd, frå verdslege ting, som samaritanen. Ho er fri, og forkynner evangeliet. Møtet med Jesus betyr fridom. Ho vart overraska over Jesus spørsmål, sidan det er vanskeleg å trekka vatn utan krukke. Så ho tenkte, som eit menneske at “du har noko anna.” Men Gud kan gjera alt. “Muluwork” meiner kvinna er veldig vis. Kanskje han sjølv ville respondert annleis. At ho bestemte seg for å forlata krukka, og gå og fortella dei andre er veldig vist og interessant. I

⁷⁶ Somalisk region

⁷⁷ Master i Interkulturelt Arbeid

dag er det vanskeleg å vera ein skikkeleg disippel og åndeleg person. Ein er alltid oppteken av det daglege livet, eit betre liv, ikkje hennar åndelege liv. Me kan læra frå hennar liv. Ho bare følgde Kristus.

Samaritanane tilhøyrde ikkje “Guds familie, folk”, slik som jødane, så der var ikkje likevekt. Dei betrakta seg som syndrarar, ein lågare klasse, og hadde stor respekt for israelittane. Gapet var stort. Årsaka er i Gamle Testamente bodet. Der er nokre stammar heilage, andre er syndrarar. Jesu viktigaste bodskap til kvenna var at han kom for alle, sidan han er verdas lys, og alle menneskes skapar. Då Jesus avslørte hennar løyndomar, vart ho overraska, overtydd, og ho aksepterte det. I dag er det ein annan levestandard, og kultur. Me kan ikkje møta Kristus på same måten som kvenna, men Gud kan openbara ting for oss på ein annan måte, gjennom sitt Ord. Kanskje me kan treffa ein prest, eller nokon annan som tek ansvaret for våre synder.

Tida for tilbeding er etter Kristus. Han openbara seg for oss, forkynnte evangeliet. Nå tilber me han i samsvar med “regelen og forskrifta.” Der er inga begrensing for kor tilbeding kan skje. Før måtte folk gå til tempelet og ofra. “Me kan laga Jerusalem her”, fordi Gud er overalt. Ifølge Bibelen, er der tre typar tempel. Først; mennesket, menneskekroppen, dei truande, dei som kallast kristne. Alle er Guds tempel, om dei aksepterer det eller ei. Andt; når me samlast i Guds Namn. Tredje; der me samlast fysisk, kyrkja. Ein sann tilbedar trur og praktiserer. Det må koma frå hjertedjupet, med almisser og faste, ikkje bare ord. På samaritanane si tid, var ikkje Kristus forkrynt, og Kristus var ikkje nær folk. No vert Kristus forkrynt over heile verda. I Etiopia er der mange religiøse festivalar. I Addis og mange småbyar har folk praktisert lenge. Men i meir fjerntliggende strøk har folk ennå ikkje høyrt om Kristus. Me har eit godt høve til å forkynna evangeliet, og nå folk på ulike måtar. Ein må vera tilstades, og syna livet praktisk. Autoritet, maktbalanse og etnisitet kan syna seg i politiske situasjonar, men ikkje i hovudstaden eller andre byar. Kristne har ikkje problem med etnisitet. Folk kan læra med omsetjar. For å få svar på dei djupaste spørsmåla, kan ein spør prest, lerd eller forkynnar på sundagsskule og kveldsbøn. Der skjer endringar ifht kjønnsroller. Tradisjonelt har kvinner jobba heime, og mennene ute. Framleis er det slik på landsbygda. Men mange jobbar i lag heime, eller har like jobbar. På det religiøse området er preste- og diakon rolla framleis reservert mannen. Når ein les Bibelen, trengs det eksegetisk tolking. Det kan vera farleg å lesa ting bokstaveleg (som mange gjer). Fleirkoneri og utanomekteskapelege affærar er ikkje aksepterte, sjølv om det førekjem. Straffa for det kan vera sosial eksklusjon. Og ein avstår frå kyrkjebesøk. Men venleg irettesetjing kan fungera om folk ikkje veit betre.

Regjeringa arbeider med å fremja likskap mellom kjønna, blant anna ved oppretting av arbeidslag; Kabbale. Kvinnene jobbar hardt for å bli likestilt med mennene.

c) *Tilhøvet mellom informantens bakgrunn og synspunkt på teksta i Johannes 4*

Det er interessant å høyra korleis delar av skrifta vert tolka bokstaveleg, medan andre aspekt ikkje blir vektagde. Forståinga av mann og kvinne som berarar av Guds bilet, med ansvar for verda kan diskuterast. Kvinners situasjon i Etiopia er, som informanten sa, ikkje på likelinje med mennene. Dei gjer ofte dei tyngste jobbane, som å bera vatn, ved og barn. Sidan få har elektrisitet, og ikkje kjemmer til andre oppvarmingsmåtar, går det mykje ved per familie til dagleg drift av hushaldet. Likevel kan dei ikkje inneha dei høgste stillingane i kyrkja. Ifølge “The 2011 Global Women’s Progress Report”⁷⁸, er Etiopia rangert som det niande verste landet å vera kvinne. Dette må òg påverka korleis gutane har det. Ut frå ein vektskala på 100, får Etiopia 27,2 på Helse, mot Norges 100 % skoring. Utdanning får 29,9, mot Norges 74 % og rettferd; 18,6 % mot Norges 79,3 %. Med den prioriteringa som er, har informanten nyte godt av prioriteringa på landsbygda; at gutane får skulegang. Livet på landsbygda utan elektrisitet, med tynn luft høgt over havet kan prøvast av den som vil. Han har god kunnskap om Bibelen, og veldig god forståing av innhaldet i teksta. Likevel har han mått flykta, på grunn av motstandarar som ikkje toler andre, eller kontroversielle meiningar. Sjølv om Etiopia blei kristna for omtrent 1800 sidan, står mykje att før alle får kjenna dei gode nyhenda på ånd, sjel og kropp.

2.9 Informant VIII

a) *Bakgrunnsinformasjon on informanten*

“Emma” er ei 36 årig kvinne frå Randaberg. Ho har mor, far, ein eldre bror og ei søster. Sjølv er ho eldste frå farens andre ekteskap. Foreldra bur på Randaberg.

Ho byrja på lærarutdanninga etter vidaregåande, og er nå lærar på 9. året. Arbeidsstaden er på ein vidaregåande skule. Fire års studier gav hovudfag i engelsk frå NTNU. Inni der tok ho vanleg historie årskurs, så Norges historie, så afrikansk historie, som diverre ikkje ga studietur til Afrika. Pedagogikk studiet vart unnagjort i Stavanger. Med det kvalifiserer ho til å undervisa i ungdomsskule, vidaregåande og høgskule. Høgskulelektor “hadde vore kjekt”, men ho trur ikkje det vil skje, på grunn av manglande motivasjon. Det er utfordrande å vera lærar og omsorgsmenneske for sytti personar i året. No er ho i reine guteklassar to timer i veka på kvar. Mange er deprimerte, og det er litt ymse kva som kjem fram i klassediskusjonane. Ho er framleis medlem av statskyrkja på grunn av mora. Av og til

⁷⁸ Jesse Ellison, *The 2011 Global Women’s Progress Report*, Newsweek, 26. September 2011, 27

likar ho å gå i kyrkja, men klarar ikkje finna ein kyrkjelyd som ikkje “plagar henne med møtene”. IMI-kyrkja vert for karismatisk.

b) Hovudpunkt i intervjuet

Då “Emma” blei spurt om å delta tenkte ho at “sjølvsagt stiller me opp for einkvar akademisk utfordring her i livet.” Ho hadde ikkje hørt om dette før, så ho lurte på kva det var. Det var litt fascinerande, og nyfikne som ga støytet.

Det var første gong ho har lese teksta. Ho tenkte at “den einaste samaritanen var den gode samaritanar,” og var ikkje klar over at dei var så uelska som folkeslag. Hovudspørsmåla i teksta er mangelen på omgang mellom jødar og samaritanarar, og at Jesus kom som eit skilje, som går mellom alle folkegrupper, og set alle menneske likt, der det “tydelegvis var klare hierarki på kven som kunne omgåast kven.” Kjærleksbodskapen, og det med vatnet; at det er noko nytt og meir personleg enn det jødedomen til då hadde vore. For oss som les teksta i dag, er det vanskeleg å skjøna kor utstøytte desse samaritanane var. Etter at ho les om Jakob i Bibelen til ei venninne, var ho ikkje sikker på om ho likte han.

Guds gāve er Jesus, Hans komande offer og kjærleiken til menneska. Livet og moglegheita til det evige liv. Vatnet Jesus snakka om er livets vatn, ungdommens kjelde, meir symbolsk? Jesus. Jesus var “relativt audmjuk” med kvinnen, og behandla henne med respekt, som ho tydelegvis ikkje er van med. Så var han tydeleg i “sin dom over henne når han snakkar om dei mennene ho har vore med, og sånn.” Han framstiller seg som det endelege svaret, svaret på hennar søken, vatnet som gjer at ho kan leva vidare. Det formidlar bibelens bodskap om evig liv og sånt. Jesus hjalp kvinnen å finna fram til tydelege svar, dei ho trong.

Det med Jesu mat må vera i forhold til nattverden; Jesu kropp og blod. Vatn høyrest jo snillare ut. Maten er Jesu bodskap. Jesu fokus var kvinnas frelse. Han kom til brønnen for å “møta menneska der dei er”. Angåande gudsdyrkingstemaet, kan ein gå tilbake til dei første jødane, stamfaren Abraham og Jakob, og Josef, som “sat og blomstra i ein brønn.” Jødane “stod over” samaritanane i status og sånt. At Jesus vissste personlege ting om kvinnen, syner at han kjente henne. Han “er eit sanningsvitne.” Kanskje var ho litt redd han, og tykkjer det er ubehageleg at han nemner dei fem mennene. Ho let krukka stå fordi ho ikkje trengte den lenger; ho har fått ei ny krukke, ein ny start; no går ho frå det gamle livet sitt, ikkje tilbake til denne mannen, eller krukka.

Kjønnsroller er ganske klassiske her. Jesus “kritiserer må en måte henne, men me får aldri møta dei mennene som faktisk var viljuge til å brukha henne.” Kvinner var ikkje viktige i dette samfunnet, men Jesus snakka med dei gjennom heile Nye Testamente. Jesus let ei

kvinne vera den første som fekk koma, og vera eit vitne for resten av folka, og mennene i landsbyen. Så han likestiller kjønna. Dei fekk fortelja dei viktigaste bodskapa! Hennar umiddelbare reaksjon var vantru då Jesus henvendte seg til henne. Men ho byrja å snakka med han. Sjølv kan “Emma” identifisera seg med kvinnen- det er naturleg å identifisera seg med ho; syndaren som får nytt liv. Ho føler sjeldan ho er den som kjem med nytt liv til nokon. Lite hallelujastemning.

Her i Norge er me ikkje så veldig redde autoritetane. For i teksta er det eit stort sprang mellom Jesus og disiplane, som kalla han “Rabbi”; lærar. Og mellom Jesus og samaritanane virkar det til å vera “eit hav av skilnader”; han står så mykje høgare at dei mest ikkje kan tru at han bøyar seg ned til dei. Det virkar òg som at disiplane framleis “lever litt i mørke ennå.” Dei har ikkje sett alt, dei heller. Så kom påska... Synet på framande kan speglast i spelereglane som ligg der i utgangspunktet når ein treff framande. Det sosiale hierarkiet er tilstades uansett.

Det viktigaste poenget i det Jesus sa til kvinnen, var om vatnet han ville gje henne, som verta ei innvendig vatnkjelde, som veller fram og gjev evig liv. Kvinnen ba Jesus gje henne dette vatnet “så eg ikkje blir tørst att”. Og det var tørsten som gjorde at ho gjorde synder igjen. Difor set ho frå seg krukka som sjølve symbolet på synda. I Jesus ligg det nye muligheter for alle, uansett kor stor eins synd har vore. “Emma” trur kvinnen opplevde det godt å bli “avkledd” av Jesus. Jo “på ein måte kastar av seg fillene, og rir inn i solnedgangen.” Jesus ga henne høve til å vera ærleg, eller lyga. Og dette er ein svært sentral tekst i dag. For den kristne bodskapen er om at det høve til ein ny start for alle; at Jesu er frelsa, og einaste vegen. Der ligg hovudtanken, med likestilling av alle menneske, kvinner, menn og folkegrupper

Tid og stad for tilbeding er i lag med andre truande, og i nattverden. Den sanne tilbedar er den som tek i mot bodskapen, og drikk av Hans kjelde. Når ein aksepterer og erkjenner at Jesus er Messias, er ein på ein måte ein tilbedar. Å tilbe i ånd, kan vera å tilbe bevisst og ubevisst, at ein tar til seg Guds bodskap, så det blir ein del av personlegdomen. Ånda skal leva vidare når kroppen dør, så det er den viktigaste delen av personlegdomen. I sanning betyr å legga bak sitt gamle liv, så ein ikkje fortel løgn om seg sjølv lenger.

For kristne er denne teksta ei av dei grunnleggande forteljingane om Jesu godleik, og einaste veg til frelse og Gud. For ikkje kristne vert teksta ei myte. Humanetikarar og veganarar tenker at ein må vera eit godt menneske når me er på jorda. Det er vanskeleg å ikkje forholda seg til kristendommen når ein bur midt i bibelbeltet, og det er vanskeleg å vera veldig for eller i mot. I høve til etnisitet, ser “Emma” at det kan vera veldig vanskeleg å godta

nye menneske i Norge. Ein skal ikkje vera mykje annleis, før folk vil endra ein, eller ha ein bort. Teksta gjev eit enkelt svar på livets djupaste spørsmål; “om du trur på Jesus, vil du på ein måte få alle svara i livet”. Det kan vera vanskeleg å veta kva dei store spørsmåla er; kor er me, kor er me på veg. Det er vel difor folk vert religiøse, på grunn av denne lengta.

“Emma” trur nokon ville reagera litt på måten Jesus snakka til kvinna om desse mennene. Kristne vil snakka om likestilling, la henne få vær bodberaren, hans kjærleik osb. Det vera bra å utfordra synet på kvinna som den svake, og ikkje alltid godta status quo. Det er lett å sjå på kvinner som offer, eller Eva. Kvinnna brøyt med bakgrunnen sin og gjorde noko anna. Å ikkje gjera det som forventast av ein heile tida. Om eg har gjort noko gale treng eg ikkje fortsetja med det.

Polygami er ikkje akseptert. At ho hadde hatt alle desse mennene. Ein mann er ganske tøff om han har masse damer. Men kvinner som er med mange menn får horetempel. Draumen om hore og Madonna er alltid tilstades. Om ein er einsleg i Norge, må ein gjera dei praktiske syslene heime, uansett kva det er. Å endra ting må koma ut frå eit indre ønske om det. Opplysning og kunnskap er greitt å få inn.

c) *Tilhøvet mellom informantens bakgrunn og synspunkt på teksta i Johannes 4*

Som norsk kvinne med mykje utdanning bak seg, har “Emma” mykje innsikt i teksttolking, ut frå det ho sa om krukka som kvinna let stå som eit symbol på at ho legg det gamle livet bak seg, og parallelen ho trakk til nattverden, og Jesu mat. Resonneringa om kjønnsroller relatert til dagens situasjon konkluderast med at me ikkje er komne lenger i dag, enn på den tida, når ein ser på Sandnes som tillét strippeklubb. Aspektet med Jesus som gjev ein ny start, trekkast inn i korleis ho opplever seg sjølv i forhold til andre: at ho sjeldan “kjem med nytt liv til nokon.” Ho frynte av si eiga bruk av ordet “frelse”, og merka korleis “fordommane fyge fram”, når ho referere til Norsk Luthersk Misjonssamband og IMI-kyrkja, der “målet er å verta frelst.”

Sjølverkjenninga er tilstades: det menneskelege ønsket om, og behovet for å byrja på nytt i livet. Difor føler ho det naturleg å identifisera seg med kvinna; syndaren som får nytt liv. Ho ser disiplane sin tilstand av “ennå i mørke”, og nemner påska som fortsetjinga på historia. Assosiasjonen til romantiske filmars “happy ending” kjem fram når ho beskriv kvinna si oppleving av å bli avkledd som “god”, og at ho dermed kan “kasta av seg fillene og ri inn i solnedgangen.” Dette er eit velkjent motiv frå mange jenters draum om, og lengt etter drøyme prinsen som kjem på den kvite hesten for å berga dei, og ta dei med inn i ei ny framtid.

3. SYSTEMATISK ANALYSE AV EMPIRIEN

3.1 Innleiing

Ifølge Rapley er analyse “alltid ein kontinuerleg prosess som startar før det første intervjetet. [...] i lys av problemet og målet for studiet, og forsking på relevant litteratur, vert analytiske tema og spørsmål formulert.”⁷⁹ Som Haug påpeiker, er den hermeneutiske tilnærminga relevant i høve til intervjeta som er brukt i dette studiet. Med dette meinast

Ei djuptgåande tolking av dei transkriberte intervju tekstane kor teksta vert forstått innføre sin eigen referanse rame. Inkludert dens karakter som interaksjon, eller kommuniserande hending, men òg innføre det større rameverket av religio-kulturelle forståingar som informantane relaterer og refererer til i løpet av intervjeta.⁸⁰

I det føregåande kapitlet har me gått igjennom dei ulike informantane sin bakgrunn, intervjasamdrag, og samanhengen mellom den enkelte sin bakgrunn og det dei sei sa.

Hensikta med analysen er å gje ei holistisk forståing av spesifikke spørsmål. Den skal “oppløysa” intervjeta, greia ut, forklara, gå i djubda, og utvikla hypoteser og teoriar.⁸¹ Fleire av informantane kjem frå såkalla munnlege kulturar. Dette kan ha påverka korleis dei forstår og svarar på spørsmåla i intervjuguiden. Men sjølv om landa deira vert vurdert ulikt ut frå “Human Development Index”, har alle informantane relativt mykje skulegang. Kongo er det landet som ligg lågast; 4. nedste plass på “The Global Women’s progress Report.”⁸²

Ved å jamføra svara til dei inter kulturelle informantane, kan me sjå på korleis ulike bibelkommentarar behandler dei same emna og spørsmåla. Er synspunkta relevante for prosjektdeltakarane, eller eventuelt andre som les Bibelteksta og/eller oppgåva?

Viktige element i analysen vil vera termer, kategoriar og typologiar.⁸³

Analysen er meint å vera ei hjelp til å sjå korleis Bibelen kan gje relevante svar på spørsmål menneske har i dag. Eg vil argumentera, at med Den Hellige Ånds hjelp, kan Bibelen vera den mest matnyttige og grunnleggande boka for postmoderne menneske. Dagleg inntak av ord frå Bibelen kan gje råd, visdom og styrke til livsmeistring i dagar med sorg, sjukdom, død og smerte, men og i glede og medgang. Likevel er samtale og dialog ofte den mest relevante kommunikasjonsforma for dagens menneske. Det kan vera vanskeleg å skjøna ei bibeltekst fullt ut om ein har begrensa Bibelkunnskap. Om ein ikkje har anna

⁷⁹ Rapley, *Interviews*, 67 i Haug, Kari Storstein, *As You Sow, You Will Reap*, 29

⁸⁰ Haug, Kari Storstein, *As You Sow, You Will Reap*, 30

⁸¹ Harald Askeland, *Qualitative Methods*, MHS, 9-5-2012

⁸² Newsweek, research by Lauren Streib, september 26-2011, 27

⁸³ Askeland, *Qualitative Methods*, MHS, 9-5-2012

referansebokmateriale frå Bibelen, kan det vera vanskeleg og utfordrande å sjå samanhengar og den “røde tråden” gjennom skrifta.

3.2 Om etnisitet

Eksegetiske spørsmål

Gresk ordboka BDAG definerer ethnos på minst fire måtar: 1) “ei gruppe personar som er sameina ved slektskap, kultur, og felles tradisjonar, *nasjonalitet, folk*. 2) folkegrupper som er framande for ei spesifikk folkegruppe, 2 a) nasjonane, dei som ikkje trur på Israels Gud, heidningar, vantruande, 2 b) ikkje Israelittiske kristne.⁸⁴ I Nye Testamente er *ta ethnæ* i misjonsbefalinga Matteus 28:19 brukt om *alle nasjonar*.

Sidan Jesu kall, ifølge han sjølv (Matteus 15:24), var til Israels fortapte sauver, vart hans samtale med den samaritanske kvinna eitt at mange føredøme for disiplene, då dei seinare fekk Misjonsbefalinga (Matteus 28:18-20), Den Heilage Ande på pinsedagen (Apostelgjerningane 2), Peters syn på taket (Apostelgjerningane 10:13-14.34) og då dei oppheva påbodet om at omskjering var kriteriet på kven som tilhører Guds folk under kyrkjemøtet i Jerusalem (Apostelgjerningane 15). Jesus løfta fram, og hjalp mange representantar frå andre folkeslag. Desse såkalla heidningane blei brukt som trusføredøme for disiplene. Bare menneske, ikkje dyr vert kalla “ethnæ”. Misjonsbefalinga utvidar frelses forståinga frå å gjelda det etniske Israels folket, til å gjelda alle, Romarbrevet 11:23-24.

Ifølge Musa Dube, var Jesus ein “imperial reiseagent” som “invaderer framandt land for å gjera det til eit kristent land.”⁸⁵ Jesus hadde to “fordelar”, sidan han både var mann, og jøde (“det overlegne” folkeslaget). Jean K.Kim meiner det er problematisk å projisera det moderne globaliserings konseptet på Jesu rørsle, sidan Samaria var eit territorium midt i Israel, og ikkje framandt land.⁸⁶

Frå de Wit og co si undersøking

Eduardo frå The People’s Seminary i Skagit County trakk fram den eine samaritanen som kom tilbake for å takka Jesus, då Jesus hadde helbreda ti spedalske (Lukas 17:16). Marilynn si erfaringa med at av og til er det lettare å snakka med framande, kan forklara Jesu openheit i

⁸⁴ BDAG, 276-277

⁸⁵ Musa Dube i Jean K. Kim, *Woman and Nation: An Intercontextual Reading of the Gospel of John from a Post Colonial Feminist Perspective*, (Boston/Leiden: Brill Academic Publishers, Inc:2004), 93

⁸⁶ Dei fire hovudgeografiske områda; Juda, Samaria, Galilea og Transjordan utgjorde i tidleg GT historie Israels land (Jer 50:19-21, Salme 68: 15-19, mi omsetjing til nynorsk); Jeffrey L. Staley, *The Print’s First Kiss: A Rhetorical Investigation of the Implied Reader in the Fourth Gospel* (Atlanta: Scholar Press, 1988), 101; Steven M. Sheeley, “Lift Up Your Eyes”: John 4:42, “Review and Expositor” 92(1995):81 i Kim, *Woman and Nation*, 93

møte med den framande.⁸⁷ Ofte virka det som at andre folkeslag hadde lettare for å akseptera Jesus enn jødane. (Johannes 1:1) “Kanskje det var difor Jesus snakka så ope med den samaritanske kvinnen”, foreslo pastor Ekblad. Hans erfaring med barnedøypte, katolsk oppdregne folk, er at mange ikkje har gått til første nattverd, delteke i Bibelstudium før, eller delteke regelmessig på messe eller andre kristne (worship services) gudstenester. Mange av dei unngår kyrkja, og rømmer frå kristne, fordi dei trur at deira åtferd gjer dei uvelkomne av kyrkjegjengarane, og heilt sikkert av Gud.⁸⁸ Denne tankegangen kan nok mange kjenna seg att i. Zaandam gruppa, frå den Vestleg Reformerte tradisjonen i Nederland, og Sokhanya gruppa med pastorar frå African Independent Churches; AIC frå Cape Town Sør Afrika, brukte ulike omgrep om si lesing av Johannes 4. Den første snakka om “skilnader” medan den andre brukte “rasisme”. Utviklinga av AIC er “overvegande ein “dekolonial impuls av svarte afrikanske kristne, som følte at deira kultur og identitet blei truga av vestlege kyrkjer.”⁸⁹ Dei fokuserte på rasisme, og såg på kvinnen si etniske identifisering av Jesus som jøde, som rasistisk. Men for at kommunikasjon skal lukkast, må ein kryssa “rasisme og sexism-grenser, som er konstruert gjennom ein historie med kolonial terror.”⁹⁰ Mange folk i Groningen tykte Jesus behandla kvinnen uhøfleg, som ein mann av si tid. Nicaraguarane erkjente at Jesu nokon gonger “ubehagelege” tone, passa Jesus og hans bodskap; dei virka til å gjenkjenna Jesu guddommelege natur, uttrykt i Jesu uthaldenheit.⁹¹ Samstundes såg dei måten Jesus møtte samaritanane som venleg, og det at han engasjerte dei i sitt arbeid foreslår korleis dei to nasjonane skulle møta kvarandre i moderne dagars Israel.⁹²

Vidare erklærte dei at Jesu klare mål i livet openbarast når han “går ut av vegen for å snakka til denne kvinnen og slik spreia bodskapen.”⁹³

Mine informantar si tolking

Det var varierande oppfatning av kva som er hovudspørsmålet i teksta. Ifølge “Emma” og “Gæbrias”, kom Jesus med ein ny veg, eit skilje og “gjekk mellom folkegrupper.” “Xoli” tenkte at Jesus kom for å bryta den gamle fiendskapsveggen. Han gjorde det ved å bryta eit kulturelt tabu; som jødisk mann å snakka offentleg med ei kvinne, som i tillegg var samaritanar.

⁸⁷ Gerald West og Washington innbyggjarar, frå sørlege Mexico i De Wit, Jonker, Kool, Schipani, (eds.) *Through the Eyes*, 218-219

⁸⁸ West i De Wit, Jonker, Kool, Schipani, (eds.) *Through the Eyes*, 223

⁸⁹ West i De Wit, Jonker, Kool, Schipani, (eds.) *Through the Eyes*, 279

⁹⁰ West i De Wit, Jonker, Kool, Schipani, (eds.) *Through the Eyes*, 280

⁹¹ West i De Wit, Jonker, Kool, Schipani, (eds.) *Through the Eyes*, 128

⁹² Saskia Ossewaarde – van Nie i de Wit, Jonker, Kool, Schipani, (eds.) *Through the Eyes*, 127

⁹³ Van Nie, Saskia Ossewaarde i de Wit, Jonker, Kool, Schipani, (eds.) *Through the Eyes*, 121

Og kvinna si overrasking, forundring, og sjokkliknande reaksjon, var tydelegvis eit uttrykk for ei umiddelbar kjensle då ho såg den jødiske klesdrakta hans. “Ho tenkte at han er frå ein annan stamme,[...] og prøvde først å gjømma seg, meinte “Muluwork.” I “Muluwork” sitt heimland, Etiopia, lever mange etniske grupper side om side. Dei fleste etiopiske kristne har ikkje vanskar med å omgåast folk frå andre språkgrupper, men politisk sett er der hjå mange oromofolk eit ønske om sjølvstyre. Oromo er ei større etnisk gruppe enn den amhariske, både i Etiopia og andre afrikanske land. Amharisk er framleis nasjonalspråk, som har ei historisk grunninggjeving: den første keisaren, Haile Selassie, var amhar. I India er 80,5 % hinduar, og 1,9 % sikhar.⁹⁴ Så det er “typisk indisk å vera hindu”, med nokon heiderlege unntak. Hinduane er dei som tilhører det indo-europeiske folkeelementet i India. Hinduismen er ei samansattande beteikning for ein del religionsdanningar som utgår frå bramanismen. “Singh” sitt språk, Panjabi, er eit av fjorten offisielle språk ved sida av Hindi, som snakkast av 41 % av befolkninga. Engelsk er det viktigaste språket for nasjonal, politisk og kommersiell kommunikasjon. Så det har vel same rolla som gresk hadde på Jesu tid.

I Kongo følger stammestatusen den som er president, fortalte “John.” “John” meiner sjølv at han “behandlar alle likt, ikkje diskriminerer nokon, føler seg fri med alle, og gjev respekt til alle, uansett sosial plassering.” Likevel fekk han problem politisk, og måtte flykta. I praksis, er det jungellova som gjeld i landet hans. Få må svara for sine kriminelle handlingar, på grunn av eit lite tilfredsstillande rettssystem. Folk dømmer lett etter stamme og etnisk tilhøyrigheit, eller politisk sympatisering. “Emma” var ikkje klar over “kor uelska samaritanane var.” Ho kjente til éin samaritan: “den barmhjertige samaritan”, som var hennar assosieringsfelle, eller referanserame i Bibelen. “Muluwork” oppfatta Jesu tilnærming til kvinna som nydeleg, positiv og fredeleg; Jesus representerte Guds familie, som går på tvers av, og over nasjonalitet og etniske grenser. “Muluwork” kunne ikkje setja fingen på etniske spenningar i heimlandet. Hadde eg stilt ein oromo-person same spørsmålet om etniske spenningar i heimekonteksta, kan svaret ha vorte annleis.

Sjølv om kvinna, som representant for ein annan stamme opplevde seg som syndig, vart ho “veldig glad” i møtet med Jesus, då ho skjøna at Jesus var Gud. “Singh” framheva Jesu etiske framferd: “sjølv om Jesus var Guds son, og kunne gjera alt, misbrukte han ikkje makta si. Han ga mange bodskap til folk, som dei fordel av. I motsetnad til dyr og fuglar er me heldige: me kan skjøna Gud.”

⁹⁴ <https://www.cia.gov/library/publications/the-world-factbook/geos/in.html>, henta frå internett 23-10-12

“Muluwork” oppfatta Jesu tilnærming til kvenna som nydeleg, positiv og fredeleg; Jesus representerte Guds familie, som går på tvers av, og over nasjonalitet og etniske grenser.

For folk som ikkje er vane med å lesa Bibelen, kan det vera ei A-HA oppleving å lesa ei tekst for første gong. “Emma” følte det sånn. Ho trudde det “bare var ein samaritanar; den gode samaritanen”, og konkluderte med at “dette må vera ei av dei mest sentrale tekstane i Bibelen.”

Konklusjon: eksegetiske spørsmål og informantane

Ifølge den bibelvitenskaplege litteraturen, syner Jesus at Guds bodskap er for alle folkeslag og etnisitetar, sjølv om Jesu førsteprioritet var bortkomne sauver blant Israelsfolket. Jesus inkluderte, og tok seg tid til folk frå ulike land, folkegrupper, språk, religionar, og bakgrunnar. Som Apostelgjerningane to refererer, virka den Heilage Ande til at alle folkesлага som var samla, kunne forstå det disiplane sa, sjølv om disiplane i utgangspunktet ikkje kunne andre språk enn hebraisk og muligens gresk. Dube si omtale av Jesus som ein “imperial reiseagent”, må då kunne brukast kun dersom dette uttrykket har eit positivt innhald: Jesus “erobra” land for Gud, og sette folk fri med sin Guds Rikes kultur. Dei standardane han sette, var høgare enn dei som rådde på hans tid, slik at folk i tillegg til lækjing fekk ei ny forståing av Gud, seg sjølv og omverda.

At ikkje “Gæbrias” kunne godta vers tjueto som eit autentisk Jesus-ord, kan forståast, om ein tek hans muslimske skolering i betrakting. Sjølv om “Gæbrias” tok nytt namn for å markera ein ny identitet, må hans muslimske bakgrunn spela inn her. Muslimske lærde meiner at Qu’ran er eit mirakel, sidan Muhammad sjølv ikkje initierte skriftleg nedteikning av forkynninga si. Sidan han var analfabet, kunne han difor ikkje ver Qu’ranens forfattar.⁹⁵ I sitt heimland lærte “Gæbrias” at kun muslimar får koma til Paradis; Kristne, jødar og resten går til helvete.

Historia med spenning mellom jødar og samaritanarar må garantert ha vore vel kjent av Johannes evangeliet sitt lesarar eller tilhøyrarar. Lesaren av historia veit at jødar og samaritanarar hadde ei felles historie.⁹⁶

Norge er eit av dei landa i verda med minst klassekilje, og mest likskap mellom folk. Likevel kan her òg vera ein kald front mot framande folkegrupper som kjem til landet som arbeidssøkarar eller flyktnigar. Som Edward Said uttrykte det, er “det å appellera til fortida, ei av dei vanlegaste strategiane for tolkingar av nåtida. Det som opphissar slike appellar, er

⁹⁵ *Iqra* “forkynn, les, resiter”, same rot som Qu’ran, Sure 43,1-3/2-4 i Opsal, *Islam: Lydighetens Vei*, 108 og 121

⁹⁶ Louis Jonker refererer til Friedhelm Wessel “*Die fünf Männer der Samaritanerin*”, 26 “ved Jakobs brønn starta historia til dei tolv Israels stammane, osb.” i de Wit, Jonker, Kool, Schipani, (eds) *Through the Eyes of Another*, 319 og 330

ikkje bare usemje om kva som skjedde før, og kva fortida var, men usikkerheit på om fortida verkeleg er fortid, over og konkludert, eller om den fortset, bare i andre former, kanskje.”⁹⁷

At Jesus var jødisk, er der vel generelt brei semje om. At Gud brukar det som “ikkje er noko, for å gjera til skamme det som er noko”,(1.Korinterbrev 1:28), kan vel beskriva det at Jesus nådde ein heil landsby gjennom denne kvinna, som menneskeleg sett ikkje hadde noko å stilla opp med i den jødiske forståinga av utveljing. Ho hadde både “feil” kjønn, og etnisitet. Sjølv om “Muluwork” meinte at der ikkje er etniske spenningar i heimlandet, Etiopia, ville ein muligens fått eit anna svar, hadde ein spurt ein oromo-person. Sidan amharisk framleis har offisiell status som hovudspråk, kan det påverka korleis folk ser på seg sjølv der. Sjølv om der er fleire oromo folk, både i og utføre Etiopia, styre framleis historia korleis statusen er. Der er mange i Etiopia som vil ha oromo sjølvstende. Mange er misnøgde med den politiske situasjonen. Òg i Kongo, har “John” følt på kroppen kva det vil seia å tilhøyra same stamme som presidenten; og korleis det kan gje ein kunstig og uønska distanse til folk frå andre etniske grupper, fordi “folk blir redde”, når dei møter ein representant frå ein mektig stamme.

“John” sin raske konkluderinga om Jesu identitet kan kanskje forklara med at han er frå ein munnleg kultur, der tradisjonar, som Walter J. Ong hevdar, vert vidareført, men ikkje stilt spørsmål ved. “Når eit formulert uttrykk har krystallisert seg, er det best å halda det intakt. Utan eit skrivesystem, er det å bryta opp ein tanke; analyse- ein høg risiko prosedyre.”⁹⁸ Men trass i etniske grenser, var det å nå ut med bodskapen Jesu første prioritet, påpeika “John”, ikkje “korrekt kulturell åtferd.”

3.3 Om kvinner, maskulinitet, femininitet og kjønnsroller

Eksegetiske spørsmål

Forteljinga om Jesus og den samaritanske kvinna opnar i vers 1 med å plassera farisearane, Johannes døyparen, og Jesus i rameverket til ein maktkamp. Ifølge vers 1-3 følte Jesus seg tvungen til å returnera til Galilea, sidan han visste om farisearane si fiendtlege haldning fordi mange folk kom til Jesus for å bli døypt, og bli Hans disiplar, ennå fleire enn dei som kom til Johannes.⁹⁹ Ridderbos føreslår at Jesu avgang eller avreise var motivert av hans eigen sikkerheit. Men for den “forståande lesar av Johannes”, er den djupare nødvendigheita stillteiande tilstades.¹⁰⁰

⁹⁷ Mark Rathbone i de Wit, Jonker, Kool, Schipani, (eds) *Through the Eyes*, 273

⁹⁸ Walter J.Jong, *Orality and Literacy: The Technologizing of the Word* (London and New Work: Methuen, 1982), 9 i Jilles de Clerk i de Wit, Jonker, Kool, Schipani, (eds) *Through the Eyes*, 165

⁹⁹ Ridderbos, Herman, *The Gospel According to John: A Theological Commentary*, Grand Rapids Michigan/Cambrigde UK: William B. Eerdmans Publishing Company 1997), 152

¹⁰⁰ Ridderbos, *The Gospel According to John*, 153

På den tida handlinga i Johannes 4:1-42 utspann seg, var det ikkje lov for ein mann å snakka med ei kvinne på gata. Desse haldningane vart reflekterte i rabbinske skrifter. Så det var ikkje rart at disiplane var sjokkerte då dei såg Jesus snakka med kvinnen. “Ein skulle ikkje snakka med ei kvinne på gata, ikkje ein gong med si eiga kone, og i alle fall ikkje med ein annan si kone, for å unngå sladder”, og “Det er forbode å helsa på ei kvinne” heiter det i den noko seinare Abot.¹⁰¹ “Ingen rettsinna jøde ville be ei samaritansk kvinne om vatn, om han så haldt på å døy av tørst!”¹⁰² Jean K. Kim foreslår at det er ikkje sikkert at kvinnen si teneste fortsette, sidan ikkje hintar forteljinga om at Jesus “godkjende og bekrefta kvinnen som disippel.” Ho fortset: “Jesu reise til Samaria ikkje var retta mot misjonering, men mot det å fremja fornyingsrørsla. Kvinnas uvitskap virka til å openbara Jesu identitet som Messias.”¹⁰³ Jean K. Kim hevdar at den samaritanske kvinnas “uønska ekteskapsstatus” [...] identifiserer [...] henne med seksuelt marginaliserte kvinner gjennom ulike koloniale periodar i Samaria” og at evangelisten “Johannes ville assimilera Samaritanane inn i Jesu gruppe, ved å bruka den samaritanske kvinnen i høve til koalisjonssaka mellom dei to gruppene.”¹⁰⁴

Frå de Wit og co si undersøking

Zaandam gruppa frå Nederland var sympatetisk innstilt enn partner gruppa si, i forhold til den samaritanske kvinnen. Dei såg på henne som den som først hjalp Jesus å få att perspektivet (!)¹⁰⁵ Macassar gruppa i Indonesia vitna om at dei visste om fleire kvinnelege kyrkjemedlemmer som hadde blitt kasta ut etter at dei hadde “begått ekteskapsbrot”, slik som den samaritanske kvinnen hadde.¹⁰⁶ Kvinnen, som alt var blant dei lågaste på rangstigen hadde ingenting å mista ved å springa til landsbyen sin, for å fortelja kva ho hadde hørt. Ho var den “som forkynnte evangeliet, sådde, og hausta”, vektla den nederlandske gruppa.¹⁰⁷ Nicaragua gruppa kalla kvinnen “ein evangelist”, ja de Wit meiner ho var den “første evangelisten.”¹⁰⁸

Mine informantar si tolking

“Sofia”, “Xoli”, “Muluwork” og “John” kjenner seg att i den patriarchalske kulturen som handlinga skjer i. Likeeins kjønnshierarkiet, med mannen øvst er velkjent. “Jakobs brønn er

¹⁰¹ ’Abot 2 (1d) og Qidd.70 a (*Kommentar 2:438*) i Beasley-Murray, John: *Word Biblical Commentary volume 36*, 59

¹⁰² Ridderbos, *The Gospel According to John*, 152

¹⁰³ Jean K. Kim, *Woman and Nation: An Intercontextual Reading of the Gospel of John from a Postcolonial Feminist Perspective*, (Boston/Leiden: Brill Academic Publishers, Inc:2004), 90-92

¹⁰⁴ Kim, *Woman and Nation*, 92

¹⁰⁵ Danie van Zyl i de Wit, Jonker, Kool, Schipani, (eds) *Through the Eyes*, 204

¹⁰⁶ Jilles de Clerk i de Wit, Jonker, Kool, Schipani, (eds) *Through the Eyes*, 164

¹⁰⁷ Hans de Wit i de Wit, Jonker, Kool, Schipani, (eds) *Through the Eyes*, 408

¹⁰⁸ Van Nie, Saskia Ossewaarde og Hans de Wit i de Wit, Jonker, Kool, Schipani, (eds) *Through the Eyes of Another*, 122, 511

for kvenna ein møtestad mellom to kulturar [...] her “vektalegg ho kontrast, ulikskap/annleisheit og diskontinuitet.”¹⁰⁹ Syna på kvinners verdi og verd har vore, og er svært ustabile rundt i verda. Sjølv om alle menneske, ifølge World Declaration of Human Rights skal ha dei same, grunnleggande rettane, er det dverre ikkje slik i dei fleste landa i verda i dag.

I Etiopia og Kongo er kvinners situasjon veldig vanskeleg for dei fleste, særleg på landsbygda. Dei har svært begrensa stemmerett, særleg i kyrkja. Dei fleste kyrkjer tek Pauli ord om at kvenna skal tia i forsamlingar, bokstaveleg. Sjølv om det sekulære samfunnet i Kongo godtek FN sitt krav om kjønnsvotering i regjeringa, kan ikkje kyrkja “innretta seg etter denne verda.” (mi fullføring av setninga med Rom 12:2) Så om kvinner er åleine om husarbeid, vatn, vedbering og matlaging, kan ho “aldri i livet” vera skikka til å vera prest/presteteneste. Men her var kvenna “landsbyen sin prest [...], ho vart ein forkynnar for Kristus på den tida”, påpeika “Muluwork.”

‘Xhosa kulturen, som “Xoli” vaks opp i, anerkjenner særleg politiske og religiøse leirrarar. Sjølv om samfunnet er hierarkisk strukturert, har alle samfunnsmedlemene tilgang til maktinstitusjonar/institusjonar som har makt/innflytelse.¹¹⁰ ‘Xhosa kulturen er tradisjonelt patriarkalsk, og der finst “sterke avgrensingar i kjønnsroller til og med i dag [...].” Men ”i Sør Afrikansk samfunn vert det gjort aktive tiltak for å motverka kjønns-fordommar og fremja kvinner si stilling.”¹¹¹ Samstundes, om “Emma” ikkje skulle ‘henga seg opp i alle dei slemme mennene’, erkjente ho at “Jesus snakka med kvinnene gjennom heile NT, sjølv om dei ikkje var viktige i det samfunnet”. Men sjølv om forkynning på den tida var kun for menn, vart ‘kvenna [...] landsbyen sin prest.[...] ho vart ein forkynnar for Kristus på den tida, uttrykte “Muluwork”. Han meinte Jesus ga kvenna stabilitet då han “i kjærleik og sanning” (Efesarbrevet 4:15) avslørte hennar løyndomar, og ga henne forståinga av at ho møtte Skaparen, Herren, og Meisteren i Jesus sjølv.

Ifølge “Emma” likestilte Jesus kjønna, ved å la kvinner vera dei første som kom, og vitna for resten av folka, og mennene i landsbyen; “Kvinnene [...] fekk fortelja dei viktigaste bodskapane.” Men ho vart og irritert over, og reagerte på at Jesus ga kvenna skulda, eller ansvaret for dei ulike affærane ho hadde hatt. Kvinner ville, normalt sett gå i lag med andre, tidleg om morgonen for å henta vatn. Så det at ho kom åleine, midt på dagen kan bety at ho var utstøtt. Kanskje ho ikkje ville nokon skulle sjå henne, føreslo “Xoli.”

¹⁰⁹ Jøde- samaritan kultur, mann- kvinne kultur; Louis Jonker i de Wit, Jonker, Kool, Schipani, (eds) *Through the Eyes of Another*, 320

¹¹⁰ Danie van Zyl i de Wit, Jonker, Kool, Schipani, (eds) *Through the Eyes*, 202

¹¹¹ Danie van Zyl i de Wit, Jonker, Kool, Schipani, (eds) *Through the Eyes*, 203

Kvinna traff ein som hadde same behovet som henne: han var tørst. Sidan brukte han det som utgangspunkt for å syna kjennskap til hennar indre tørst, som motiverte hennar handlingar. Ho vart rørt over at nokon kjende hennar historie, uttrykte "John". "Sudharsan" sin tanke om Jesu ønske om at kvinna skulle henta mannen, kan syna korleis mannen har eit slags formyndarskap i forhold til kvinna, han er hennar talssmann. Ein liknande tanke, representerast i "John" sitt svar på spørsmålet om "autoritet i høve til etnisitet i teksta": "Når me les ei bibel tekst, seier dei at kvinna ikkje kan snakka, ein mann må snakka. Men her gjer Jesus det klart: ingen mann imellom. Ingen til å be for henne."

Ektemannens posisjon samfunnet då, og i mange samfunn i dag, er at han skal vera ein forsørgjar, "talssmann", og myndigheitsperson for kvinna. "Ein god ektemann kan oppfylla alle kvinnas behov", uttrykte "Sudharsan."

Ho var ærleg med Jesus. Han tok sjansen det var å gje henne høve til å lyga eller snakka sant, meinte "Emma". Det er grunn til å tru at kvinna sitt vitnesbyrd, og liv etterpå fekk ei ny vending, som reflekterte seg i livet hennar, og det ho søkte etter. Jesus brøyt kulturelle kodar, og fekk kvinna til å gjera det same. Ho sette att krukka ved brønnen. Enten fordi ho gløymde den, eller som "Emma" foreslo; let det vera ein markert start på eit nytt liv, og eit brot med det gamle.

Då, som nå, kan mannleg utnytting av kvinners svakheit på det seksuelle området ha vore utbreidd. Og sidan teiknet på utruskap ofte syner seg fysisk på kvinnene, må dei bera skamma for sine val.

Konklusjon: eksegetiske spørsmål og informantane

Det er freistande å trekka temaet om kvinna sitt ansvar for mannen si synd tilbake til Edens hage i 1 Mosebok 1-2. Ifølge Saadawi, kjem kvinneundertrykkingen av at "kristendom og islam har arva myta om Evas fall som gjer henne til opphavet til all synd."¹¹² Synet at kvinna åleine skal vera underordna mannen, og ikkje at dei skal vera underordna kvarandre i kjærleik, er eit gammal testamentleg syn som passar god med det islamske synet på kvinna som ein skapning som treng ein mannleg formyndar, talssmann, og vaktar. Dette kan forklara kvifor ein må ha to kvinnelege vitne for kvart mannleg vitne i ein islamsk rettssal.

Jesu føredøme som alles tenar, som ikkje tvihaldt på sitt eige liv, vert ein snublestein i mange kristne forsamlingar, der majoriteten er kvinner, og mannens fortrinn må prioriterast. Kvinner som for lenge sidan er uteksaminert frå lidingas eksamen, og i årevis har prova å setja seg sjølv lågast, må truleg venta til den andre sida av døden med å bli opphøgde. Då vert

¹¹² Saadawi (1982:193) i Opsal, *Islam, Lydighetens Vei*, 52

det til herlegdom, med ein krans ingen kan ta frå dei. Pauli ord om at han (Paulus) ikkje let noko kvinne undervisa mannen, vert brukt som argument for at kvinner ikkje skal tru dei er noko, ved blant anna å forkynna frå ein talarstol.

Likeeins at Jesus sette seg sjølv lågast, som husslavane, ved å vaska disiplane sine føter, og fullt ut identifiserte seg med syndarar i Johannes dåp¹¹³ ser ut til å bli gløymt av mange som vil vera store i Guds Rike. At Han òg tok den mest vanærande døden nokon kunne tenka seg, og identifiserte seg som ein kriminell, kan fort bli gløymt av hans etterfølgjarar, som ofte er mest opptekne av å redda sine eigne skinn og sikra sine eigne liv.

Det er grunn til å tru at kvinnen sitt vitnesbyrd, og liv etterpå fekk ei ny vending, som reflekterte seg i livet hennar, og det ho søkte etter. Jesus brøyt kulturelle kodar, og fekk kvinnen til å gjera det same. Ho sette att krukka ved brønnen. Enten fordi ho gløymde den, eller som “Emma” foreslo; let det vera ein markert start på eit nytt liv, og eit brot med det gamle.

3.4 Om livets djupaste spørsmål

Eksegetiske spørsmål

Ifølge Janet W.Dyk er den djupaste meiningsa i historia, at ei identitetsendring fann stad; den som drikk vatnet Jesus gjev, vil bli gjenfødt til eit evig liv, symbolisert ved å trekka vann frå kjelda (Johannes 4:35).¹¹⁴ Både i Jesu dialog med kvinnen, og i hans ordveksling med disiplane, reflekterast ulike oppfatningar av kva “mat” og “levande vatn” er. Kvinnen skjøna ikkje kva Jesus hadde å gje *henne*, og disipline forstod ikkje kva Jesus *sjølv* levde av; tilfredsstillelsen i å gjera Farens vilje, og utføre til fullføringa det arbeidet som var gjeve han.¹¹⁵ Johannes beskriv heile Jesu teneste som lydnad i handling, som til slutt leia han til å overgje seg sjølv til døden (17:4). Avsnittet i vers 31-34, består av to ordtak der Jesus spør om dei ikkje seier at det er fire månader att til hausten, men “sjå, markene er alt kvite”, og ein sår, medan ein haustar, og så gler dei seg saman over grøda. Hausting er eit endetidsteikn og eskjatalogisk symbol (Jesaja 27:12; Joel 4:13; Markus 4:1-9.26-29, Matteus 13:24-30; Openbaringa 14:14-16), og Jesu ord representerer innsamlinga av folk til Guds Rike.¹¹⁶ Kanskje kunne dei sjå dei kvitkledde samaritanane koma mot dei, som døme på grøda som var i ferd med å koma i hus. Haustens ankomst er understreka i vers 36 “ den som haustar, får

¹¹³ Johannes dåp var ein omvendings dåp

¹¹⁴ Janet W.Dyk i de Wit, Jonker, Kool, Schipani, (eds) *Through the Eyes*, 383

¹¹⁵ Barrett i Beasley-Murray, John: *Word Biblical Commentary volume 36*, 63

¹¹⁶ Barrett i Beasley-Murray, John: *Word Biblical Commentary volume 36*, 63

løn og samlar grøde for det evige livet”; han/ho bringer menn og kvinner under den frelsande suvereniteten som har kome, slik at dei kan nyta Rikets evig liv.¹¹⁷

Johannes 4:1-42 er bunde saman med dei føregåande avsnitta/avdelingane på to måtar: a) I Jesus finn jødedommen/judaismen og Det Gamle Testamentet si oppfylling (sjølv om Jesus her kryssar grensene for dåtidig jødedom); b) bruken av termen “vatn”. I 2:6 (frå bryllaupet i Kana) er vatnet eit virkemiddel/faktor i rituell reinsing. I 3:5 er det element i eit religiøst rite (dåpen) I kvart tilfelle, blir det transendent, i det første ved å bli transformert, og i det andre ved å bli assosiert med Ånda.¹¹⁸ I neste kapittel, gjev Jesus “levande vatn” (7:39- referanse til den Heilage Ande er tiltenkt). Jesu spørsmål om å få drikke, får fram den doble kontrasten og parallelismen; først mellom “levande” (flytande) vatn frå kjelda og det levande vatnet som er gjeve av Jesus, og er kalla det fordi det konfererer til evig liv, og andt; mellom Jesus og Jakob som gjevarar av vatn.¹¹⁹ Kvenna veit ikkje, som lesarane av evangeliet (situasjonsironi er typisk Johannes) at Jesus er større enn Jakob, fordi han gjev mykje betre vatn. Dette stemmer med dei linjene Beasley Murray trekk angåande vatn-temaet i teksta; “likesom Kana teiknet i Joh 2 inneber ein kontrast mellom det jødiske reinsingsvatnet og Guds Rikes vin, som Jesus kom med, er vatnet i Jakobs brønn kontrastert med det levande vatnet som Jesus ga. Evangelisten må ha vore kjent med vatn konseptet som symbol for Toraen.”¹²⁰ Yalkut Shimoni 2, 408 er “slåande passande: Toraens ord vert ei rennande kjelde”, sitert Odeberg 160. Jesu vatn symboliserer liv og rikets frelse, og Kana vinen symboliserer Guds Rikes gave.¹²¹ Kvenna oppsøkte brønnen midt på dagen, i sterke solvarmen. Ho ville nok unngå baksnakking, kviskring og sladder. Med hennar livsstil og kanskje klesdrakt, stakk ho seg truleg ut frå dei andre landsbykvinnene. Den vanlegaste tida for folk å samlast ved brønnen, var siste timen før solnedgang. Då henta ein vatn for eit døgns forbruk, høyrd offentlege kunngjeringar bli lesne opp, avslutta forretningar, underskrev dokument, og fekk veta nytt. Jesus var der folk var, som truleg var førebiletet til ein del anglikanske biskopar i rapporten *The Mission-Shaped Church*, i 2004, då dei konkluderte med at idet me/kyrkja følgjer “the pattern of incarnation”, må me vera med folk “der”, og “kor” dei er. Dette indikerer ei kopling bortføre geografi og lokalitet, der ein “koplar med folk sine kulturar, verdiar, livsstil og nettverk, og lokalitet.”¹²²

¹¹⁷ Barrett i Beasley-Murray, John: *Word Biblical Commentary volume 36*, 63

¹¹⁸ C.K. Barrett, *The Gospel According to John: An Introduction with Commentary and Notes on the Greek Text* 2 ed (London, SPCK, 1978), 228

¹¹⁹ Barrett, *The Gospel According to John*, 228

¹²⁰ Beasley-Murray, John: *Word Biblical Commentary volume 36* (Waco, Texas: Word Books 1987), 58-59

¹²¹ Beasley-Murray, John: *Word Biblical Commentary volume 36*, 59

¹²² Dean, *Almost Christian*, 92-93

Frå de Wit og co si undersøking

“Vatnet Jesus tilbyr er godt for oss, kropp og ånd, det gjer oss heile (v.35) [...] Det har alt å gjera med glede, ei slags permanent velvære kjensle.”¹²³ Jesu uttrykk “levande vatn”, førekjem ni gonger i Gamle Testamentet.¹²⁴ I vers 11, refererer kvinne igjen til den sosiokulturelle sfæra der samtalen finn stad. Men både i høve til Jesu reaksjon, der me kan sjå ei djupare mening, frå hans første reaksjon i vers sju, til hans “hemnlystne” utsegn i vers 10, og ei utdjuping av mening i kvinne sine sosiokulturelle referansar. Reaksjonen hennar i vers ni, peikar ut skilnaden mellom dei, medan reaksjonen i vers tolv spør om eit autoritetsprov.¹²⁵ “Ved å bruka vatn som tema for samtalen, lukkast Jesus i å identifisera seg til kvinne, som ein i Jakobs tradisjon som vil gje livshjelp.[...] ved å indikera at vatnet han gjev er levande vatn, identifiserer han seg som ein *ny* Jakob.¹²⁶

Bevisstheita av å vera samla rundt Jesus, vert ei lengt etter å leva harmonisk saman som søsken for dei som les teksta i ein kulturell samanheng prega av vald.¹²⁷ I motsetnad til disiplane, hadde kvinne ei klar tru som syner total tillit til Jesus. Jesus testa henne, for å bekrefte trua hennar. Dette “test aspektet” er veldig relevant for samfunn av vanlege folk, der mangelen på tillit i samfunnet er bekymringsverdig. Her kan folk finna ein guide for å motstå skeptisisme; ei tru som ikkje treng bevis vert høgt verdsett.¹²⁸ Når Jesu frelse blir akseptert, kan ein sjå integrasjon av ulike folk som oppnåeleg.¹²⁹

Når det gjeld kva som er dei djupaste spørsmåla i livet, kan svara variera like mange som ein spør. Likeeins er der ulike oppfatningar av kva teksta seier om dei djupaste spørsmåla, og svara i livet. Om ein bur ein stad der fysisk mat er begrensa, vil alt avhenga om ein får tilfredstilt spørsmålet om kor maten skal koma frå kvar dag. Bur ein i ein “rik” del av verda, er kanskje spørsmålet korleis ein kan oppnå mest mogleg fart og spenning, eller komfort i livet. Kulturen som Jesus tenestegjorde i, liknar mange av dei såkalla “tredje verden landa”, der alle må streva til livets opphold.

Mine informantar si tolking

Så- og hauste motivet er viktig her, som “Sudharsan” fekk fram; Jesus kom for å ta inn avlinga som andre hadde jobba med.

¹²³ Janet Dyk i de Wit, Jonker, Kool, Schipani, (eds) *Through the Eyes*, 384

¹²⁴ Dyk, Janet i de Wit, Jonker, Kool, Schipani, (eds) *Through the Eyes*, 385

¹²⁵ Dyk i de Wit, Jonker, Kool, Schipani, (eds) *Through the Eyes*, 318

¹²⁶ Dyk i de Wit, Jonker, Kool, Schipani, (eds) *Through the Eyes*, 320

¹²⁷ Dyk i de Wit, Jonker, Kool, Schipani, (eds) *Through the Eyes*, 320

¹²⁸ Dyk i de Wit, Jonker, Kool, Schipani, (eds) *Through the Eyes*, 146

¹²⁹ Edgar Antonio López i de Wit, Jonker, Kool, Schipani, (eds) *Through the Eyes of Another*, 145

Det var nok denne fortumla glede og overraskinga over at han visste alt om henne, som gjorde at kvinna gløymde krukka, då ho sprang tilbake til landsbyen. Han snakka ikkje om verdsleg vatn, men vatnet frå Gud; det er gåva, det verkelege livet, meinte “Muluwork”.

Lesaren kan tolka Jesu spørsmål om vatn som fysisk, på grunn av den geografiske setjinga for handlinga. “Byrjingsforventninga i forteljinga er at kvinna er i stand til å stilla den utmatta Jesus sin tørst.”¹³⁰ Kvinna peikar, i vers 9 ut dei sosiokulturelle problema som knytter seg til interaksjonen, medan Jesus vender tilbake til “vatn-temaet” i vers 9. Det vert klart at “vatn” er ein metafor for noko anna, nemleg det nye livet som Jesus kunne gje. I Gamle Testamentet, kallar Gud seg kjelda med levande vatn, som hans folk hadde forlate. (Jeremia 2:13; 17:13). “Tørsten det er snakk om her, er tanketørst.[...] Jesus ville vatna hjelpa dei, vatna dei. Hans rolle var å fornja tankane deira med åndeleg vatn.” påpeika “Gæbrias”, som med sin bakgrunn frå Iran, har sett korleis religion kan føra folk på ville vegar.

“Xoli”, “Mulu”, “John” tolka Guds gåve som “det evige livet”. “Sofia” meinte at det er ”Guds frelse og nåde”, og for jødane, “heilag vatn; livets vatn.” “Emma såg på ”Han sjølv [...] og kjærligheten til menneskene [...] og livet, og muligheten til det evige liv” som Guds gåve. Guds gåve er ”Nytt liv”, ifølge ”Singh”; ”Me lever som menneske, me kan skjøna om Gud, ånda vår er i kroppen vår. Me lever [...] Det er Guds gåve. Me kan skjøna alt om Gud, me kan tilbe Gud. Gud vil gje oss andre gåver i liva våre. Hovudtinga, gåva og Gud er liva våre.” ”Sudharsan” visste ikkje kva relasjon kvinna hadde til Jakob, og virka usikker på korleis han skulle tolka kva som var hovudspørsmålet i Johannes teksta. Han gjekk rett på stilla spørsmål til kvifor Jesus ikkje vil kalla kvinnas siste partner for hennar ektemann. Denne diskusjonen vert behandla i avsnitt 3.5; *Om forloving og ekteskap*.

Informantane hadde ulike syn på kor lett der er å få besvart livets djupaste spørsmål på deira eigen heimstad. ”Singh” og ”Muluwork” meinte at det er lett; ”bare å gå til prestane i templa, eller etter gudstenestane og spørja dei.” Men spørrs om folk søker materielle eller åndelege ting/godar. For å bruka Maslows behovspyramide, kan ein muligens trekka ulike konklusjonar om kva behov som er mest basalt, alt etter kva land ein representerer. Mat, vatn, husly, rørsle, eliminasjon (avtrede) er dei fysiologiske, primærbehova nedst på stigen. På ein måte, omhandlar Johannes 4 dei mest basale behova i livet på ulike nivå.¹³¹

”Singh” uttrykte kor jillt han tykte det var å arbeida med faren på markene. Det å bidra til å dekka dei daglege behova, kan gje ei sterk nyttekjensle, som styrker kjensla av at ein har

¹³⁰ Louis Jonker i de Wit, Jonker, Kool, Schipani, (eds) *Through the Eyes of Another*, 318

¹³¹ 1) Fysiologiske behov 2) Tryggleik (sikkerheit og beskyttelse) 3) Sosiale behov (tilhøyrigheit og kjærleik), 4) Respekt og anseelse (sjølvakting, anerkjenning og status) 5) Behov for sjølvrealisering (sjølvutvikling og sjølvrealisering) frå http://no.wikipedia.org/wiki/Maslows_behovspyramide; Internett, henta 5-10-2012

verdi i samfunnet. “Muluwork” arbeidde på garden i Showa. Theff kan samanliknast med “vårt daglege brød” her til lands. Ein samarbeider med Gud om å dekka folk sine primærbehov. Samstundes flettast dei andre behova inn. I Sør-Afrika er det vanleg for enkelte kyrkjer å stenga folk ute, når dei har falle seksuelt, fortalte “Xoli.” Sameleis i Etiopia, er det vanleg å ignorera eller oversjå folk som har hatt utanomekteskapelege affærar, nemnte “Muluwork.” Men om dei hadde blitt konfronterte med dette på tomannshand, kan det godt vera dei hadde endra seg, fortsette han. Det er ikkje alle som veit kva som er rett og galt, akseptabelt og uakseptabelt. Med kristen omsorg og brors kjærleik kunne nok mange vore hjulpne på rett veg.

Ifølge “Gæbrias”, var folk “tankedørste”, på Jesu tid. “Jesus skulle gje dei nytt vatn, vatna dei, gje dei nytt liv.” Det var eit felles behov som starta Jesu samtale med kvinna. Ifølge “Sudharsan”, kom samaritanane til Jesus på grunn av det kvinna sa. Då dei sjølv høyre han, trudde dei kvinna og Jesus. “Viss dei møter personleg, og lyttar, då kan dei stola meir på han enn andre folk.” “Emma” meinte at

Jesu bodskap er noko heilt nytt, når ein tenker på jødane si historie, og Josef som sat og blomstra i ein brønn. Jesus kom som et skilje som går mellom folkegrupper, og set alle menneske likt. Kjærleiken er hovudbodskapen. Det med vatnet er noko nytt, noko meir personleg enn det jødedommen hadde vore.

“Muluwork” meinte at kvinna var vis, og trur ikkje han sjølv hadde reagert på same måten; “Det er vanskeleg å vera ein skikkeleg disippel, ein åndeleg person i dag. Ein er alltid bekymra frå det daglege livet, å skaffa seg eit betre liv, ikkje eit åndeleg liv. Me kan læra av kvinna. Ho bare følgde Kristus.” “John” og “Emma” brukte ordet evangelisering om Jesu reise til Samaria. “Xoli” uttrykte at Jesus hadde “ein misjon, eit oppdrag.”

Konklusjon: eksegetiske spørsmål og informantane

Jesu presentasjon av seg sjølv om Guds levande vatn og salva Messias, fekk ei massiv bekrefting då heile kvinnas landsby kom, høyrd og trudde. Dei hadde nok ikkje mykje å mista, og kunne difor lett ta i mot. At dei i tillegg inviterte Jesus til å bli hjå seg nokre daga, syner behovet for meir grundig opplæring i det dei fekk høyra. Parallelen Jesus trakk mellom fysisk og åndeleg vatn vart brått ein dimensjon som hjalp samaritanane med å sjå samanhengen mellom deira eigne heilage skrifter, “rykta dei hadde hørt om Guds komande Messias og frelsarkonge”, og det at Ordet og Brødet frå Himmelten plutseleg var midt i blant dei. Primærbehova vart dekka, då forståinga av samanhengen mellom det ulike nivåa i pyramiden i Jesus fekk si fulle forklaring.

Allmenne mellommenneskelege behov som tryggleik, sosial tilhøyrigheit, kjærleik, aksept og inkludering blei i Jesus bekrefta for kvinna og landsbybeburane, då dei i staden for fordømming, forkasting og moralisme fekk stilt si “taketorste”, som “Gæbrias” kalla det, og fekk Guds alternativ, nye vatn og nye liv.

3.5 Om forloving og ekteskap

Eksegetiske spørsmål

Om ein skal sjå historia intertekstuelt, kan ein bruka Robert Alters studier av den gamle hebraiske “type-scena”. Ein finn felles bestanddelar av forlovingsscena¹³² Gamle Testamentet i 1.Mosebok 24:10-61; 29:1-20; 2.Mosebok 2: 15-21 og i Nye Testamentet, Johannes 4:1-42: den framtidige brudgommen, eller hans vikar reiser til eit naboland (v.3-5), han treff ei kvinne ved brønnen v. 6-7); mannen eller kvenna trekk vatn (7-15): kvenna spring for å fortelja om den framande (v.28-30): mannen vert spurt om å bli verande med folka i byen (v.40-42).¹³³ Ifølge Cahill er Johannes 4:1-42 “full av fruktbarheitsmotiv: brønnen, kvenna, det å trekka vatn, krukka, det levande vatnet, sjølve møtet mellom mannen og kvenna. Denne symbolismen vert klar seinare i hauste-symbolismen (v.35) som går føre så og hauste biletta, som alle vedlikeheld deira openbare og gamle seksuelle og fruktbarheitssymbolisme.”¹³⁴

I Gamle Testamentet, omtalast Gud som Israels lukkelege (Jesaja 61:10; 62:4; Jeremia 2:2) og ulukkelege (Jeremia 2:32) ektefelle. Israel får/fekk refs gjennom profetane Jesaja (57:3), Jeremia (3:2.6.8.13; 5:7; 7:9; 9:2), Esekiel (16:38; 23:37; 23:43.45) og Hosea (1:2; 3:1) for si truløyse mot YHWH. I Nye Testamentet, utvidast ekteskapsforståinga til å gjelda kyrkja sitt forhold til Kristus; Matteus 25:1-13, Johannes 3:29, Johannes Openbaring 19:7; 21:9; 22:17. Det nye Jerusalem, den heilage byen vert beskriven som Guds brud, vakkert kledd for sin ektefelle (Johannes Openbaring 21:2). Romanus kalla Jesus kvinnas “sjette, og

¹³² Ved å bruka forlovingsscena, ser Johannes ut til å hevda Jesu overlegenhet i forhold til dei grunnleggande fedrane i tradisjonell religion (1:17-18; 5:38; 6:32; 8:35, Brown, *Beloved Disciple*, 36-40; Charles H.H.Scobie, “Johannine Geogragphy,” *Studies Religion* 11(1982):88-82. For diskusjon om Jakobs tradisjonen, sjå Jerome H. Neyrey, “Jacob Traditions and the Interpretation of John 4:10-26,” CBQ 41 (1979): 419-37; Grosby, “Category of the Primordial,” 141 i Kim, *Woman and Nation*, 97

¹³³ Craig Koester, “Hearing, Seeing, and Believeing in the Gospel of John,” *Biblica* 70 (1989): 335; John W.Pror, “John the Baptist and Jesus: Tradition and Text in John 3.25,” JSNT 66 (1997): 15-26 i Kim, *Woman and Nation*, 98

¹³⁴ Robert Alter, *The Art of Biblical Narrative* (New York: Basic Books, 1981), 51-62; Neyrey, “John 4:10-26,” 419-37; Norman R. Bonneau, “The Woman at the Well: John 4 and Genesis 24,” *The Bible Today* 67 (1973): 1252-59; Peter J. Cahill, “Narrative Art in John IV, “ *Religious Studies Bulletin* 2 (1982): 41-8 i Kim, *Woman and Nation*, 98

¹³⁴ Cahill (“Narrative Art”, 46) i Kim, *Woman and Nation*, 99

sanne ektemann”, som “forlovar seg med henne, og frelsar/reddar henne frå seg sjølv, og hennar synd.”¹³⁵

Ifølge Cyril av Alexandria er det ‘lovas godkjenning, og kjærleikens reine band som gjer ekteskap lytelaust, ikkje gledes/nytingsunionen’.¹³⁶ Chrysostom trekk fram Jesus ønske om å la ektemannen ta del i gåva om det lova vatnet som kvinna hadde hast med å få tak i. Med Jesu kunnskapsord om kvinnas privatliv, synte han sin guddomelegheit, ved å først la henne halda tilbake ein viktig detalj om livet sitt, påpeiker Augustin i *Tractates on the Gospel of Johannes 15:20*.¹³⁷ Indiske Raymond Panikkar samanliknar Jesu Kristi perfekte union med Gud “the Father”, med hindu lengta/streben til sjølvtransendens i realisering av einskapen med den Himmelske (*brahman*), og mennesket si ånd, eller sjølv (*atman*).”¹³⁸

Kim & Kim påpeiker at polygami, eller polygyni, var, og er vidt praktisert i Afrika. Misjonærar assosierer dette med islam, og såg det som ei forbanning;

Dei fleste misjonane hadde reglar som sa at mannlege konvertittar med meir enn ei kone, måtte “senda dei andre bort” før dåpen. Dei mennene som framleis praktiserte polygami etter dåpen, vart ekskommunisert. Sidan desse kvinnene ikkje hadde noko vern utføre ekteskapet, forårsaka dette mykje liding, og ofte betydde det at dei mest framståande mennene i afrikansk samfunn vart nekta dåp.¹³⁹

Frå de Wit og co si undersøking

“Den metaforiske bruken av “levande vatn” kan relatera til ekteskapleg sameining. Som dobbel meinings, er det brukt på to måtar i Gamle Testamentet med seksuelle konnotasjonar (Jeremia 2:13; Ordtøka 5:15-18; Høgsongen 4:12.15) eller til det guddommelege ord (Salme 36:9; Ordtøka 10:11).” “Ekteskapet er som sådan er ein samfunns messig kontrakt mellom mann og kvinne. Det skal sikra vesentlege sider av det sosiale livet, som”:

gje balanse mellom den enkeltes behov, og velferda til den sosiale gruppa den enkelte tilhører; gje moralsk og gjensidig regulering av seksuell åtferd og forplanting; gje ei stabil rame for barneoppdragning, som vanlegvis òg høyrer til i ein vidare familiær samanheng; sikrar kvinnene økonomiske fordelar når dei føder barn, og ikkje kan forsørgja seg sjølv.¹⁴⁰

Dette synet på ekteskapet, kan supplerast med mange andre. Men sidan evangelisten Johannes skildra kvinna som skuldig i ekteskapsbrot, konkluderte Macassar gruppa at “det

¹³⁵ Joel C. Elowsky & Thomas C. Oden (eds) *Ancient Christian Commentary on Scripture: New Testament IV A John 1-10*, (Illinois: Intervarsity Press Downers Grove: 2004), 155

¹³⁶ Elowsky & Oden (eds.), *Ancient Christian Commentary on Scripture*, 156

¹³⁷ Elowsky & Oden (eds) *Ancient Christian Commentary*, 155-156

¹³⁸ Raymond Panikkar sitert i Sebastian Kim & Kiersteen Kim, *Christianity as a World Religion*, (London, New York: Continuum International Publishing Group 2008), 191

¹³⁹ Kim & Kim, *Christianity as a World Religion*, 79

¹⁴⁰ Al Faruqi (1988:65f) i Opsal, Jan, *Islam: Lydighetens Vei*, 41-42

nederlandske samfunnet ikkje lenger ser det å ha eit forhold utan å vera juridisk/legalt gift som eit problem.” Men det å fokusera på kvinna som syndar, er moralistisk og konservativt, ifølge den nederlandske gruppa.¹⁴¹ Samstundes sette dei indonesiske studentane pris på den nederlandske tolerante haldninga i høve til folk med ein annleis livsstil eller religion. Men i teksta, sidan det var eit patriarkalsk samfunn, synte Jesus at han respekterte dei religiøse og sosiale konvensjonane med å spør kvinna om å henta mannen, sidan mannen var familiens hovud.¹⁴²

Mine informantar si tolking

Slik eg forstod “Sudharsan” sine svar, meinte han at Jesu hovudmotiv var å undervisa kvinna og kjærasten, og gje kjærasten kunnskap, slik at han kunne vera ein sann ektemann for henne. Han (“Sudharsan”) problematiserte Jesu diskvalifisering av kvinna sin dåverande sengepartner som hennar “ektemann.” Viss ein skal diskvalifisera nokon, må ein først definera kva ein ektemann er, og kva kva eit “ekteskap” er. “Gæbrias” derimot, såg at Jesus anerkjente faktumet at kvinna hadde ein mann, eller kjærast, men at han ikkje var hennar ektemann.

“Mulu”, “Emma” og “Xoli” påpeika at kvinna var ein syndar, og at ho difor følte seg syndig. Som samaritanar blei dei “betrakta som fortapte sjeler, syndige folk”, forklarte “Xoli.” Det at kvinna let krukka stå då ho sprang tilbake til landsbyen, kan vera fordi ho ville la Jesus drikka, føreslo “Sofia.” Sidan ho ikkje hadde nokon mann heime, var det ei markering av hennar nye situasjon og ho gløymde, eller bevisst let krukka stå. Kanskje var det for å markera dette skiljet? “Nå går ho frå det gamle livet sitt. Ho skulle ikkje tilbake til denne mannen. No skal ho få ei ny krukke, og ein ny start”, resonnerte “Emma.”

Ifølge Koran, skal kvinna underordna seg mannen, Sure 4:34.38, grunngjeve ut frå skapinga og hans forsørgjaransvar.¹⁴³ Sidan kvinner “undergår ulike fysiologiske og psykologiske endringar” [...] som kan “forekoma i ein krisesituasjon, og verka inn på kvinnas beslutning [...] krev ein del avgjersler eit maksimum av rasjonalitet, og eit minimum av emosjonalitet-eit krav som ikkje sammenfell med kvinners instinktive natur.”¹⁴⁴

“Sudharsan” si forståing av Jesus som lærar, syner ei djup kulturell forståing av religiøse leiarar òg som relasjonelle vegleiarar. Jesu hovudmotiv; å undervisa kvinna, og gje henne kunnskap, kan reflektera at han sjølv ville vera hennar sanne ektemann.

¹⁴¹ Jilles de Clerk i de Wit, Jonker, Kool, Schipani, (eds) *Through the Eyes*, 171-172

¹⁴² Janet W.Dyk i de Wit, Jonker, Kool, Schipani, (eds) *Through the Eyes*, 388

¹⁴³ Opsal, *Islam: Lydighetens Vei*, 45

¹⁴⁴ Jamal A. Badawi, *Status of Woman in Islam*, Plainfield, Ind: The Muslim Student’s organization i Opsal, *Islam: Lydighetens Vei*, 45

Jesu ønske om at kvenna skulle henta mannen sin, kan spegla eit ønske om å undervisa han, eller gjera han til ein god mann, som “Sudharsan” foreslo, eller eit ønske om å gje kvenna høve til å vera ærleg (“Emma” og “John”).

Konklusjon: eksegetiske spørsmål og informantane

Ut frå Jesu ønske om å treffa kvenna sin “mann”, kan me konkludera at han ærer synet frå 1.Mosebok 1-2 om at Guds tanke med ekteskapet er at mannen og kvenna skulle vera eitt kjøt, og halda seg til kvarandre. Dette synet på ekteskapet som institusjon, Guds ordning, og monogamt, utfordras av gammal testamentleg polygyn praksis, som framleis føregår mange stader, og sekulære og muslimske syn og haldningar. Muslimske forfattarar understreker at islam har eit positivt syn på ekteskapet, og kallar høvet for fleirgjfe eit positivt og realistisk syn på seksualitetten. Afza Nazhat skriv at “det islamske polygamiet førebygg illegitim seksuell praksis, som at kvinner (ugifte eller enker) prostituerer seg, og at menn har utomekteskapelege forbindelsar.¹⁴⁵ Dette kan nok forklara kvifor polygami er allment akseptert i det sekulære, eller tradisjonelle Kongo, sidan folkeleg islam er utbreidd der. I kyrkja, derimot, vert dette ikkje akseptert. Eit døme har eg frå Blânildalen i Etiopia, der ein mann tok seg fire koner. Han fekk lov å ha ulike tenester i kyrkja, men vart nekta nattverd. Denne “turn or burn” haldninga til misjonen har hatt ein del uønska effektar, som me ikkje kan gå inn på her. Grunna lite tid til å snakka med han, fekk me ikkje hans forklaring på sine val, men det er naturleg å konkludera at han ønska å hjelpe kvinnene økonomisk, sidan kvinnens situasjon i Etiopia kan vera enormt vanskeleg.¹⁴⁶

Sidan ekteskapet angår to eller fleire slekter, må det vera eit mål å løysa konfliktar. Jesus ønske om å treffa kvenna sin mann, innebar ei anerkjenning av mannen som familiens overhovud, og var “politisk korrekt” ut frå dåtidas kultur. Ekteskap for jødar var ei sosial forventning og religiøs plikt, både i forhold til lovnaden om etterkomrarar, og sosialt nettverk som økonomisk sikring. Innan Islam, er ekteskap ei plikt, og mange, særleg kvinner, vil ha vanskar med å finna ei sjølvstendig rolle, kor dei kan fungera som ugifte.¹⁴⁷ Dette kan forklara kvifor det i mange afrikanske kulturar er så viktig å gifta bort jentene tidleg. Då slepp foreldra forsørgjaransvaret, dei får medgift, og sikrar alderdommen sin, ved å få mange etterkomrarar.

¹⁴⁵ Afza Nazhat, Woman in Islam i Kurshid, Ahmad (red), *The position of Woman in Islam (A comparative study)*:3-26, Safat, Kuwait: Islamic Book Publishers 1982 i Opsal, *Islam: Lydighetens Vei*, 48

¹⁴⁶ Ellison, Jesse *The 2011 Global Women’s Progress Report*, 27

¹⁴⁷ Opsal, *Islam: Lydighetens Vei*, 41

3.6 Om staden for tilbeding

Eksegetiske spørsmål

Det mest brennande spørsmålet mellom jødar og samaritanarar, var kor Gud skulle tilbedast. Ifølge Femte Mosebok 12:13-14; 11:29, var det ei befaling om å uttala (pronounce) velsigning frå Garisim fjellet, og forbanning frå Ebal-fjellet.¹⁴⁸ Men stadens realitet blir ikkje gjort til noko literært objekt for Jesu misjon i historisk betydning av evangelisten Johannes, påpeiker Jean K. Kim. Ved å adressera territorialsørsmålet, tilbyr Johannes Jesus som ei erstatning for landet, eller ein heilag stad.¹⁴⁹ Beasley-Murray trekk parallellear mellom det Johannes 4:1-42 Johannes 2-3 seier om staden for tilbeding:

Jesu reinsing i tempelet inneber ein kontrast mellom det gamle tempelet og det nye tempelet i Kristi kropp, som ber med seg ein kontrast mellom den gamle tilbedings orden og den i den nye tida, initiert gjennom Kristi død og oppstode. Likeeins er tilbedinga av Jerusalem og Garisim proklamert å bli erstatta av den nye tidas tilbeding, introdusert av Kristus, og Ånda han sender.¹⁵⁰

“Kyrkja treng i ny forståing av kven Gud er i Jesus Kristus [...] konversasjonell kristendom treng Jesus-snakk, ikkje bare Guds-snakk”.¹⁵¹ Sjølv om det er vanskeleg å kalla brønnen ein stad for tilbeding, var det der samtalen som førte til kvinnas Messias openbaring skjedde. Sykar var staden der Simon og Levi slakta ned ein gjeng hevittar på grunn av at Sikem Hamorsson (hevitt) valdtok systera deira, Dina.¹⁵² (1.Mosebok 34:25-26) Marka Jesus kom til, hadde Josef gitt til favorittsonen sin, Josef. Cæsarius av Arles trur at marka eigentleg var til Kristus, som Josef var forløparen for, “for sola og månen tilber han, medan alle stjernene velsignar han. Difor kom Herren til marka, slik at samaritanane, som lengta etter å krevja arven etter Israels patriarkar for seg sjølv, kunne kjenna att sin eigar, og bli omvendt til Kristus, som vart patriarkens sanne arving.”¹⁵³ Jødane og samaritanane si usemje om kva fjell som var heilagast har ei historisk årsak; På Garisim fjellet vart Israel velsigna då dei kryssa Jordan. På Sion fjellet bygde Salomo tempelet.¹⁵⁴ Gud vert ikkje tilbedt “på ein stad, men i Ånda”. Dei som tilber Far i Ånda, tilber treenigheita (Ambrosius). Ånda Han gjev, idet han søker oss gjennom Sonen, gjer oss levande, til eit meir himmelsk liv. (Origen)¹⁵⁵

¹⁴⁸ Beasley-Murray, *Word Biblical Commentary volume 36: John*, 61

¹⁴⁹ Kim, *Woman and Nation*, 93

¹⁵⁰ 5 Mos 11:29, Beasley-Murray, George R., *Word Biblical Commentary volume 36: John*, 59

¹⁵¹ Dean, *Almost Christian*, 139

¹⁵² Chrysostom i Elowsky, Joel C. & Oden, Thomas C., *Ancient Christian Commentary*, 143

¹⁵³ Cæsarius av Arles i Elowsky & Oden, *Ancient Christian Commentary*, 144

¹⁵⁴ Origen i Elowsky & Oden, *Ancient Christian Commentary*, 155

¹⁵⁵ Origen i Elowsky & Oden, *Ancient Christian Commentary* 155

Frå de Wit og co si undersøking

“Den geografiske informasjonen der noka meining i seg sjølv”, ifølge Hendrikus Boers.¹⁵⁶ “Staden si betydning er at den stadfestar handlinga, og plasserer den i ei setjing som påverkar omrent alt som skal skje [...] Landsbyen [...] si viktigkeit er at den er plassert nær brønnen og fjellet.”¹⁵⁷ Kvinna visste at det var Jakob som hadde gjeve dei brønnen. “Det er inga tvil om at Gamle Testamentet spelte ei stor del i forfattaren si tenking.”¹⁵⁸ Dei framståande stadane for Gamle Testamente tradisjonar er av mange kommentatorar relatert til si retoriske hensikt.¹⁵⁹ Topografien i forteljinga er presentert til oss som teologisk topografi, uttalte Friedhelm Wessel.¹⁶⁰ “Staden brønnen var plassert, er rik på fedrehistorie” (1.Mosebok 33; 18-22; 48: 22, Josva 24:32), som Jesus kjente godt til.¹⁶¹

Mine informantar si tolking

“Muluwork” meinte at der ikkje finst grenser for kor Gud kan tilbedast. At Guds tempel er kvart menneske, uansett om han/ho er samd i det, eller ei. “Kyrkja er dagens tempel”, ifølge “Xoli” men ho problematiserte rekkefølgja på ting i Johannes 4:1-42. Forhold på tida den bibelteksta omhandlar skiljer seg frå no: “då blei folk forkynt for, og så trudde dei, medan med oss [...] med ein gong me er døypt, [...] blir du kristen, og du er framleis ung, og vert oppdregen i den kristne trua.” “Muluwork” fekk fram tre typar tempel Bibelen talar om: 1)menneskekroppen, mennesket, dei truande, dei kristne (1.Korintarbrev 6:19) “alle er Guds tempel, om dei aksepterer det eller ikkje”, 2) “når me samlast i Guds namn (Matteus 18:20”, 3) den fysiske staden; kyrkja. “John” er samd med Jesaja i at staden for tilbeding; Gudsdyrking, er i våre hjarte. Kyrkja er ikkje ein bygning, men der to eller tre er samla i Jesu namn (Matteus 18:20). Kanskje “John” bevisst siterte Matteus, eller sjølv hadde erfart at dette stemmer.

“Gæbrias” oppfatta det som kritikk frå Jesu side, då Jesus korrigerte kvinna sitt fokus på kor den rette staden for tilbeding var. I intervjuet trakk han parallellar til dagens Mekka, som er muslimane sitt pilgrimsmål og kor stor betydning, religiøst og politisk denne staden har. Han meiner det har med makt å gjera, sidan muslimane sin profet, Mohammad vart født der. “Emma” nevnte fleire gonger nattverden, som indirekte vert staden for tilbeding: det virkar som at “så lenge du er saman med andre truande, vert tilbeding naturleg. Og under

¹⁵⁶ Boers sitert av Louis Jonker i de Wit, Jonker, Kool, Schipani, (eds) *Through the Eyes*, 316

¹⁵⁷ Boers sitert av Louis Jonker i de Wit, Jonker, Kool, Schipani, (eds) *Through the Eyes*, 316

¹⁵⁸ Leon Morris i de Wit, Jonker, Kool, Schipani, (eds) *Through the Eyes*, 317

¹⁵⁹ Louis Jonker i de Wit, Jonker, Kool, Schipani, (eds) *Through the Eyes*, 317

¹⁶⁰ Jonker, Louis i de Wit, Jonker, Kool, Schipani, (eds) *Through the Eyes*, 316

¹⁶¹ Jonker i de Wit, Jonker, Kool, Schipani, (eds) *Through the Eyes*, 316

dette veldig omtalte måltidet”.. som er nattverden.. vert dei som “et Jesu kjøt og drikk Jesu blod”, verande i Jesus, og Jesus i han/henne, som Johannes 6:56 seier det.

“Det er noe med maten her, denne nattverdtingen [...] og det med å høste [...] og vann... så mat virke som den store metaforen.” “Emma” er glad i tolking, og ho greip fatt i desse metaforane som veldig elementære i forteljinga. “Muluwork” nemnte og Jesu kropp og blod som mysteriet som han skulle gje etter krossen. “Guds Ord og å gjera Guds vilje” var Jesu mat, meinte “Muluwork” og “John.” Hindi Bibelen kan oversetjast med at Jesus forstod seg som “sendt av Gud”, og Jesu mat var “å hjelpa disiplane og andre folk som lir på jorda” påpeika “Singh”.

Konklusjon: eksegetiske spørsmål og informantane

Det virkar som ei generell semje blant dei lærde at Jesus sjølv er staden for tilbeding. Kim påpeika at evangelisten Johannes tilbyr Jesus sjølv som erstatning for heilagstaden. Beasley Murray trekk parallellar til Johannes 2-3, som erklærer Jesu kropp som det nye tempelet. Paulus sitt uttrykk “Guds åkerland, Guds bygning (1.Korintarbrev 3:9)”, kan føra tankane til menneske overalt, som vert “utsette” for Guds såkorn eller Ord, og blir ein opphaldsplass for Gud. Samstundes er lovnaden om Jesu nærvær og bønesvar knytta til det å vera samla i Jesu namn. Sidan Guds nærvær i Gammal Testamentleg tid særleg var knytt til tabernaklet og tempelet, var og er det vanleg å tenka på Guds bustad, og staden for Gudsdyrkning som ein fysisk stad eller bygning, utføre mennesket. At Gud kan bu i menneskehjarta blei likevel tidleg forkrynt av Jesaja i 57:15b, då han sa at “Gud bur i det høge og heilage, og hjå den som er knust og nedbøygd i Ånda”. At mange kan tolka dette verset til å gjelda Jesus, der han hang på korset 540 år seinare, kan nok mange truande vera samde i, sjølv om lærde muligens vil debattera det. Jesu ord til jødane om å “riva ned *dette* tempelet” i Johannes 2:17-21 kunne tolkast til å gjelda tempelet eller Jesus sjølv. Då han seinare hang på korset, blei han konfrontert med nettopp desse orda av folk som gjekk forbi (Markus 15:29). Spottande utfordra dei han til å stiga ned av korset og frelsa seg sjølv. Ifølge Paulus sin tale på Areopagos, bur ikkje Gud i menneskelaga tempel. Ifølge pastor Steuernagel er “Dagens tempel [...] der trua i kvardagen vert feira”.¹⁶²

Jesus hadde eit nært forhold til Jerusalem, sidan dei drog der som familie etter Jesu omskjering då han var åtte dagar gammal (Lukas 2:22) og kvar påske høgtid (Lukas 2:42). Som Gudfryktige jødar, må Josef og Maria ha sytt for at Jesus blei grundig opplært i jødane sin Bibel då han vaks opp.

¹⁶² Brasilianske Maicon Steuernagel, pastor i Oslo International Church på NMS strategikonferanse 19-10-2012

“Dei heilages samfunn”, som store delar av kristenheita bekjenner seg til kvar sundag, er staden der Jesu oppstodekraft er til stades, og der den Heilage Ande kan virka når Guds Ord får mykje plass.

Jesus ber folk koma *til seg* og lessa av byrder og slit (Matteus 11:28). Han beskrev seg sjølv som brødet frå himmelen (Johannes 6:51). I Johannes openbaring til kyrkjelyden i Laodikea, beskriv Jesus seg sjølv, ståande ved “døra og bankar. Om nokon hører mi røyst, og opnar døra, vil eg gå inn til han og halda måltid, eg med han, og han med meg”. Her er måltidsmetaforen brukt om den truande, lydhøyre, som opnar for Jesus, og som blir lova måltid med Jesus som beløning.

Nå om dagen virkar det ikkje som at det går an å skilja politikk og religion, når tre ulike verdens religionar tenker på Jerusalem som sin heilage by, eller hovudstad. “Palestina spørsmålet og statusen til Jerusalem er sentrale for politikken til heile den vest asiatiske regionen, og kristne er delt i desse sakene. Heilagstadene i Jerusalem og Betlehem er styrte internasjonalt av år hundre lange avtalar mellom ulike ortodokse kyrkjer, og den romersk katolske kyrkja.”¹⁶³ For mange land i verda, er det ingen skilnad på teologi og politikk. Då kunne ein heller/kanskje snakka om “teokratiets hovudstad”. Særleg når ein, ifølge Opne Dører og HRW¹⁶⁴ veit at mange ytterleggåande muslimar/muslimske land har som mål å reinsa geografien for *kafirun* eller *mushrikun*.¹⁶⁵

3.7 Om samaritanarar, jødar og framande

Eksegetiske spørsmål

Peters ord til kyrkjelyden (1 Petersbrev 2:11), var at dei var framande og utlendingar. Tanken om at me er “i verda, men ikkje av verda”, går att fleire stader i Nye Testamente, og får fram verda som ein midlertidig stad, på pilgrimsreisa til Paradis, eller Det Evige Liv. Når det gjeld religiøs skikk, er det ikkje truverdig å påstå at Samaritansk tru var fullstendig framand for jødedommen. Og det er generell semje om at det samaritanske opphavet stamma frå ei bestemt hending i relasjonshistoria mellom jødar og samaritanarar, som forårsaka ei deling mellom dei to. Den samaritanske religionen var ei jødisk uortodoks religiøs tru, med sine grunnleggande religiøse institusjonar avleia frå Jerusalem kultus. Denne konkluderinga baserer seg på observasjonen at den samaritanske Pentateuken syner bevis på å ha undergått ei

¹⁶³ Kim & Kim, *Christianity as a World Religion*, 207

¹⁶⁴ Human Rights Watch

¹⁶⁵ “Folkelege muslimar, reknast som vantruande av dei strengt normative muslimane, og avgudsdyrkaran” Jan Opsal, *Islam: Lydighetens Vei*, (Oslo: Universitetsforlaget 2005), 211

sekterisk redaksjon i sein hasmoneisk tid.¹⁶⁶ Samaritanane sjølv såg på byrjinga si som resultatet av eit skisma, og meinte at det ver jødane som var skismatikarane. Ifølge Josefus, skjedde skismaet i 322 f. Kr, der samaritanane sin religion blei ein avvikande form av jødedom¹⁶⁷. Samaritanane derimot, ser på skismaet som resultat av presten Eli sin aktivitet, som overførte Israels kultiske senter frå Sikem til Shilo, korfrå det blei flytta til Jerusalem. Dei, som den overlevande delen av det sanne Israel, haldt fast på Sikem som tilbedingssenter. Då jødane bygde opp att Jerusalem, anklaga samaritanane dei for å befesta seg, for å gjera opprør.¹⁶⁸ Både jødar og samaritanarar ville halda forfedrane deira sine slevemåte og skikkar levande, og krangla med kvarandre om heilagheten til tempela deira i Jerusalem og på Garisim fjellet. På grunn av den hasmoneiske prins Hyrkanus si øydelegging av tempelet og byen deira, fekk dei identitetskrise, som gjorde at dei måtte definera sin relasjon til Jerusalem og klargjera sin status som eit hebraisk folk. Deira måte å gjera det på, var å redigera Pentateuken (mosebøkene). Flesteparten av dei samaritanske variantane av pentateuken er resultatet av adopsjon av ein anna tekstleg type, og annan ortografi enn det jødane følgde i deira tekstlege receptus.¹⁶⁹ Den utvida teksta var kjend og brukt av jødane i Qumran. Dette syner at desse ikkje var resultatet av samaritansk sekterisk redaksjon.¹⁷⁰ I dag er der mange som støttar synet på at den samaritanske religionen er ein slags israelittisk religion, som eksisterte langs med den gamle jødiske tradisjonen. Dei hevdar at samaritanske variasjonane er ikkje sekteriske interpoleringar (uautoriserte endringar av tekst), men parallelle lesingar av 5 Mosebok, og trur at dei er del av Moses sin originale tale på Sinai fjellet (2 Mosebok 5; 5 Mosebok 5).¹⁷¹ Den politiske tonen i Johannes evangeliet kan tilskrivast fleire populære rørsler i Palestina området under det romerske imperiet.¹⁷² Ein samaritansk leiar som vart etterfølgd av ei mengd, blei omsynslaust undertrykt av Pontius Pilatus, som ein politisk opprørar med eit liknande messiansk potensiale som Johannes døyparen.¹⁷³

¹⁶⁶ Ifølge jødiske overleveringar/tradisjonar er samaritanane etterkomrarar etter mesopotamiarar som busette seg i nordlege Palestina ved Assyrarane i seint 8.århundre f.Kr, og blei halvkonvertittar til den israelittiske trua (2 Kong 17:24-41), Kim, *Woman and Nation*, 94-95

¹⁶⁷ Josephus (Ant.9.288-291; 11.341, 3476-77; 12.257-264) i Kim, *Woman and Nation*, 94-95

¹⁶⁸ (Ant.11.88-97) James D. Purvis, "The Samaritan Problem: A Case Study in Jewish Sectarianism in the Roman æra," in *Traditions in Transformation: Turning Points in Biblical Faith* (ed. Baruch Halpern and Jon D. Levenson; Winona Lake, Ind. Eisenbrauns, 1981), 323-50 i Kim, *Woman and Nation*, 95

¹⁶⁹ Purvis, "The Samaritan Problem," 335 i Kim, *Woman and Nation*, 95

¹⁷⁰ C.f. 4QEx. Sjå P.W. Skehan, "Exodus in the Samaritan Recension from Qumran," *JBL* (1995): 182-87 i Kim, *Woman and Nation*, 95

¹⁷¹ Der er sju kjelder til samaritansk forsking: Bibelen, heidenske skribentar, Josefus, kyrkjefedrane, talmudiske rabbiar, inskripsjonar og skriftene til samaritanane sjølv. Ifølge Louis H. Feldman har kvar sine eigne problem, sidan dei er korte, seine, apologetiske og/eller polemiske osb., sjå Kim, *Woman and Nation*, 96

¹⁷² Kim, *Woman and Nation*, 96

¹⁷³ (Ant.18.85-87, 116-199)

Masada rullane føreslår at samaritanane var blant dei revolusjonære som samarbeidde i forsvaret av Masada. I tillegg vurderast Jesu liv og virke ut frå ein de-koloniserande samanheng. Difor er det rimeleg at Jesu reise til Samaria ikkje var ei misjonsreise, men ei reise for å gjenopprett den jødiske nasjonen.¹⁷⁴

Jesus “plukka opp” Samaria på vegen då “han måtte gå gjennom Samaria.”¹⁷⁵ (4:1) Like som apostlane gjekk til heidningane då dei vart kasta ut av jødane, like eins går Kristus til samaritanane når jødane dreiv han ut. Han gjorde det for å fråta jødane eikvar unnskyldning, slik at dei ikkje kunne sei “Han forlét oss, og gjekk til dei uomskorne.” Både Jesus og døyparen Johannes reiste i Samaria. Døyparen Johannes døypte der, i Ainon, nær Salim, (Johannes 3:23) som er gamle Sikem. Det ser ut som døypetenestane er ein “koordinert kampanje blant judearane og samaritanane.”¹⁷⁶

Samaritanane var framande og innflyttarar, eller kolonistar av Babylonarane, men dei kalla Jakob stamfaren sin fordi dei budde i eit land som grensa til jødisk land. Så som naboor, var dei påverka av jødane si tilbeding, og var vane med å skryta av dei jødiske forfedrane. Og dei fleste innbyggjarane i Samaria var etterkomrarar av Jakob. Jeroboam Nebatsson hadde samla saman 10 Israels stammar, og Efraims halvstamme, reist frå Jerusalem då Salomo sin son hadde riket, tok Samaria, og bygde hus og byar der.¹⁷⁷ At Jesus snakka med ei kvinne, som i tillegg var samaritanar, var dobbelt radikalt. Kvinnen visste at ho var eit anna folkeslag. Og ho visste litt om jødane sine forskrifter. Det var ikkje i mot Moselova å vera gift fem gonger. Men jødiske lærarar forbaud ei kvinne å vera gift meir enn to gonger, eller på det meste (i nokon sine auge), tre gonger.¹⁷⁸

Frå de Wit og co si undersøking

Ifølge mange indonesiske lesarar i de Wit, ga Jesus kvinne verdigheita tilbake. Han fjerna skamma, med sin opne kommunikasjon; gjennom kjærleg identifikasjon, der kvar sin verdi gjensidig kan bekrefastast.”¹⁷⁹ Sameleis eks-prostituerte i “Samaritana-gruppa”, kjende att

¹⁷⁴ Kim, *Woman and Nation*, 97 Ved å bruka forlovingsscena, ser Johannes ut til å hevda Jesu overlegenheit i forhold til dei grunnleggande fedrane i tradisjonell religion (1:17-18; 5:38; 6:32; 8:35, Brown, *Beloved Disciple*, 36-40; Charles H.H.Scobie, “Johannine Geogragphy,” *Studies Religion* 11(1982):88-82. For diskusjon om Jakobs tradisjonen, sjå Jerome H. Neyrey, “Jacob Traditions and the Interpretation of John 4:10-26,” CBQ 41 (1979): 419-37; Grosby, “Category of the Primordial,” 141 i Kim, *Woman and Nation*, 97

¹⁷⁵ Chrysostom i Elowsky & Oden, *Ancient Christian Commentary on Schripture*, 143

¹⁷⁶ Craig Koester, “Hearing, Seeing, and Believeing in the Gospel of John,” *Biblica* 70 (1989): 335; John W.Pror, “John the Baptist and Jesus: Tradition and Text in John 3.25,” JSNT 66 (1997): 15-26 i Kim, *Woman and Nation*, 94

¹⁷⁷ Cyril av Alexandria i Elowsky & Oden, *Ancient Christian Commentary on Schripture*, 151

¹⁷⁸ Beasley-Murray, *Word Biblical Commentary volume 36: John*, 61

¹⁷⁹ E.G. Singgih, “Let me not be put to shame: Towards an Indonesian Hermeneutics, “ *Asian Journal of Theology* 9 (1995): 77, Jilles de Clerk i Louis Jonker i de Wit, Jonker, Kool, Schipani, (eds) *Through the Eyes*, 167

kvinna si einsemdsknife, av å vera ekskludert, og gleda over å endeleg bli akseptert. Denne identifiseringa kom ikkje til overflata blant medlemane i den nederlandske partnergruppa deira, beståande av mellomklasse kvinner, som har levd mesteparten av livet sitt i same kyrkje og nabolag.¹⁸⁰ Jesus frigjorde kvinne frå tabuet å snakka med ein framand mann, frå tabuet å snakka ope om hennar private liv.[...] Ho blei frigjort frå skamkjensla når ho møtte landsbyfeller, og blei brukt til å spreie evangeliet til dei.¹⁸¹ Både Jesus og døyparen Johannes reiste i Samaria. Døyparen Johannes døypte der, i Ainon, nær Salim, (Johannes 3:23) som er gamle Sikem. Det ser ut som døypetenestane er ein “koordinert kampanje blant judearane og samaritanane”.¹⁸²

Institute for Asian Church and Culture (ISAAC) staben og Christian Writers Fellowship les gjennom avsnittet tre gonger, mediterte over det, og dramatiserte det. Ved å identifisera seg med karakterane, hugsa deira tid og kontekst, og bruka forestillingsevna, fekk historia “eit nytt ansikt og ei ny kjensle”.¹⁸³ Jesu sensitivitet overfor kvinne, inspirerte *Malou* i Institute for Asian Church and Culture (ISAAC) staben, til fornya sensitivitet, kjærleik og aksept overfor sin yngre bror; familiens svarte får. Mennene i “Bartolomè de Las Casas –gruppa, sette seg inn i den samaritanske kvinne sin situasjon, byrja å skjøna kvinners hjelpeøyse, og vart bevisste sine eigne haldningar som dei fordømde, og forplikta seg til endring.”¹⁸⁴

Taylor, Fiensy, Moloney og Oterman kallar Jesu Samaria reise “ei utvida jødisk fornyingsrørsle”.¹⁸⁵

Mine informantar si tolking

Dei var ei generell forståing blant informantane om at jødane “ser på seg sjølv som Guds folk, så då vil dei jo stå over dei fleste andre [...] eller dei reknar vel seg sjølv for å stå over dei fleste andre” (“Emma”). “John” meinte at historia, med [...] sterke og berømte folk, og [...] kongar som kom og tok land frå andre folk, forklarar kvifor jødane følte seg overlegne. Men “Jesus kom for å endra den åtferda”. Frigjering frå skam, frykt og andre menneske sine framandgjerande fordommar, er eit motiv som “Muluwork” fekk fram; Kvinna hadde hatt

¹⁸⁰ Evelyn Miranda-Feliciano i de Wit, Jonker, Kool, Schipani, (eds) *Through the Eyes*, 266

¹⁸¹ Indonesisk deltakar, Jilles de Clerk i Louis Jonker i de Wit, Jonker, Kool, Schipani, (eds) *Through the Eyes*, 167

¹⁸² Craig Koester, “Hearing, Seeing, and Believeing in the Gospel of John,” *Biblica* 70 (1989): 335; John W. Pror, “John the Baptist and Jesus: Tradition and Text in John 3.25,” JSNT 66 (1997): 15-26 i Kim, *Woman and Nation*, 94

¹⁸³ Feliciano, Evelyn Miranda- i de Wit, Jonker, Kool, Schipani, (eds) *Through the Eyes*, 264

¹⁸⁴ Feliciano i de Wit, Jonker, Kool, Schipani, (eds) *Through the Eyes*, 267, 269

¹⁸⁵ Taylor, *The immerser*, 296; David Fiensy, “Leaders of Mass Movements and the Leader of the Jesus” Movement,” JSN 74(1999): 3-27; Moloney, “Reading John 2:13-22,” 436, Andrew J. Oterman “Recent Advances in the Archaeology of the Galilee in the Roman Period,” *Currents in Research* 1[1993]:49) i Kim, *Woman and Nation*, 94

problem lenge. Hennar liv var ustabilt, og fylt av løyndomar før ho møtte Jesus. “Tida var komen til å bli fri frå synd, frå andre verdslege, därlege ting. No er ho fri, og forkynner evangeliet.” På spørsmålet om korleis teksta reflekterer synet på framande, hadde “Emma” eit motspørsmål: “Reknar me Jesus som er framand i landsbyen, eller kvenna som framand overfor Jesus?” spør “Emma.” Ho fortsette; “Det virkar som at spelereglane ligg der i utgangspunktet, når me treff framande, at det sosiale hierarkiet er tilstades uansett. At der er heilt klare definerte roller, og at Jesus bryt dei.” Ifølge “John”, skulle prosjektleiar, som norsk statsborgar besvara spørsmålet på korleis teksta reflekterer synet på framande. Sjølv føler han seg fullstendig fordomsfri, og upartisk.

Konklusjon: eksegetiske spørsmål og informantane

Forståinga ein har av seg sjølv som framand, eller vår neste som framand, avgjer korleis me forheld oss til framande.

Om ein skal døma på frukta av samtalen, må det stemma det Jesus sa, at “frelsa kjem frå jødane”, sidan samtalen hadde ein slik frigjerande effekt på kvenna. På dette punktet tek altså “Gæbrias” feil, at vers tjueto ikkje er eit Jesus ord. For Jesus var jødisk.

“Samariter er skitne [...] slik som de muslim folk trur de kristne er skitten”, observerte “Gæbrias”. Dette heng saman med forskriftene om ytre reinsing som jødane hadde, som liknar reinsingsreglane muslimane har i dag, i samband med dei daglege bønene, salah. Det er difor bare det å dela kar med ein “urein” person, ville gje den andre rituelt urein. Då tenker ein særleg på kroppens ut- og inngangar/hol (munn, endetarm, øyre etc) som avgrensingar for ein person, som ein byport, som ein må halda reint, fordi det som går inn i kroppen påverkas av kor reine inngangane er.

3.8 Jesu identitet, om det har noko å sei

Eksegetiske spørsmål

Ifølge Jesus sjølv, kom han for å oppfylla, og var oppfyllinga Torah, jødane si lov (Matteus 5:17). Beasley Murray meiner Johannes, Johannesevangeliet forfattar, må ha visst at vatnkonseptet er symbol for Torah. Det seinare visdomsordet frå Yalkut Shimoni 2, 480 “Toraens ord vert motteke i hjarta, til det blir ei flytande kjelde,” passar godt på lovnaden Jesus ga kvenna i vers 14, om vatnet han ville gje henne; seg sjølv.¹⁸⁶ Likeeins er den profetiske innsikta som kjenneteikna profeten Jesaja, tilstades i Jesus, Openbararen, påpeiker Beasley Murray og refererer til andre Johannes evangelium tekstar: 1:48; Jesus såg Filip då han framleis var under fikentreet; Jesus visste kva som budde i mennesket: 2:25, Jesus visste

¹⁸⁶ Sitert Odeberg, 160 i Beasley Murray, *World Biblical Commentary 36*, 59

at Lazarus var død då han sa at han skulle vekka han; 11:14, Jesus visst på førehand at Peter ville nekta for at han kjende han; 13:38. I Gamle Testamentet er Gud ein Gud som frelser folk. Av og til er han kalla Mashia/Moshia, hifil partisipp av Yashua, som ikkje er ein tittel. Nokon gonger er sotær (gresk “frelser”) brukt, eller go’el, som betyr løysingsmann eller utløysar.¹⁸⁷

Frå de Wit og co si undersøking

“Vatn i seg sjølv er symbol på liv og død: ein kan drukna i det (v 35) [...] Det levande vatnet Jesus Kristus tilbyd er åndeleg: det frelser og set oss fri; det er Jesus sjølv (1, 44, 46) [...] Ånda, som er Kristus sjølv”, påpeiker Janet W.Dyk.¹⁸⁸ Det levande vatnet er “Guds substans” som kjem inn i dei truande. “Han tar henne [...] frå brønn til kjelde [...] til noko ein aldri blir tørst av att, [...] steg for steg, litt etter litt, til Guds rike (45). Han tok henne til eit åndeleg nivå, hjalp henne til å lyfta samvitet, hennar menneskelege status; [...] mot omvending (47). På denne måten, ville han at ho skulle ta i mot det levande vatnet som han er (47).”¹⁸⁹ Jesus var kvinnas komande brudgom, v 42. Han vart behandla av henne som ein framand, med fiendskap; ho var rasande i starten.¹⁹⁰ Tørsten hans var prov på hans menneskelegheit. nokon vatn, ikkje ein gong ein fiende, v.3.6.11.23.31.45.56 og 6.¹⁹¹ Jesus var ikkje arrogant. Han tilhøyrdet det vanlege folket, og uttrykte eit audmjukt ønske, sjølv om det ikkje står at han takka for vatnet.¹⁹²

Mine informantar si tolking

“John” poengterte veldig raskt Jesu frelsar identitet i intervjuet. Han meinte at Jesus framstilte seg som frelsar frå starten av i møtet med kvinna. Eg stussa ved den raske konklusjonen, sidan Jesus ikkje akkurat handhelste på kvinna, og sa “God dag, eg er din frelsar, gleder meg til å snakka med deg.” Men “John meinte at Jesus presenterte seg som ein frelsar allereie frå starten av då han møtte den samaritanske kvinna. Både “Singh” og “Sudharsan” kommenterte at dei ikkje visste kven Jakob er, eller var. Hadde dei hatt bakgrunnskjennskap til det, hadde dei kanskje uttalt seg annleis i intervjuet. “Emma” sjekka opp historia om Jakob; Jesu stamfar, og var usikker på om ho likte han. Litt på spør kalla ho Jesus “ungdomskjelda”, sidan han er “meir symbolsk vatn”. På spørsmålet om kva Jesus meinte med “Guds gave”, var svaret “Han sjølv og kjærleiken til menneska”. Jesus var “svaret” på kvinna si lengt. For “Sofia”, var Jesu

¹⁸⁷ C.K.Barrett, *The Gospel According to John: An Introduction with Commentary and Notes on the Greek Text* 2 ed (London, SPCK, 1978), 244

¹⁸⁸ Janet.W.Dyk i de Wit, Jonker, Kool, Schipani, (eds) *Through the Eyes*, 381

¹⁸⁹ Dyk, Janet.W. i de Wit, Jonker, Kool, Schipani, (eds) *Through the Eyes*, 383

¹⁹⁰ Dyk i de Wit, Jonker, Kool, Schipani, (eds) *Through the Eyes*, 387-388

¹⁹¹ Dyk i de Wit, Jonker, Kool, Schipani, (eds) *Through the Eyes*, 379

¹⁹² Dyk i de Wit, Jonker, Kool, Schipani, (eds) *Through the Eyes*, 379

ord om at Far vil ha tilbedarar som tilbed han i ånd og sanning, det viktigaste poenget i det Jesus sa til kvinna, og “det er ein stor bodskap i dette.[...] ein kan be overalt, til ei kvar tid.[...]. Ein sann tilbedar, som tilbed i ånd “skal vera rein i hjerta sitt.”

Konklusjon: eksegetiske spørsmål og informantane

Når det gjeld den bibelvitenskaplege litteraturen, vert Jesu identitet som lova, Toraens oppfylling raskt peika ut. Jesu identitet som Guds Messias, og Vegen, Sanninga og Livet, slåast i Johannes evangeliet fast som eit faktum. Likeeins gava hans med å openbara løyndomar; ja at han sjølv er Guds løyndom (1.Kor 2:7), brød (Johannes 6: 32f., 48ff), vatn (vers 13-14) og gavé.¹⁹³ Kontrasten til Jesus som brødet frå himmelen, er mannaen Moses ga folket i ørkenen, som syner motivet for det som blei gjeve før si utilstrekkelegheit.

Gud vart i gammal testamentlege tider forstått som “livets kjelde” (Salme 36:9; Jeremia 2:13). Guds frelse blir i Jesaja tilbydt som vatn til dei som er tørste, 55:1. Jesus blei ofte kalla “Davids son”; to blinde (Matteus 9:27), ei kanaanittisk kvinne med ei demonbesett dotter (Matteus 15:22), massane eller folkemengdene (Matteus 21:9), og til og med farisearane, (Matteus 22:41-42). Dette bekrefta hans kongelege slektskap. Jesus var etterkomar etter Jakob og Lea, som blant ti søner, fekk Juda, som blei Jesu stamfar. Ifølge kong David, velde Herren, Israels Gud, han (David), frå Judas stamme, og hans familie, til å vera konge “for alltid”, og Gud velde Juda til leiar (1 Krønikebok 28:4). “Josefs telt” blei forkasta, medan Juda stammen blei ut, skreiv salmisten Asaf i Salme 78:68. Jesu slekt var begava når det gjaldt handverk. Uri Hursson frå Judas stamme kunne laga alle slags ting i gull, bronse og sølv, og slipa steinar til innfatning, skjæra ut tre og utføra allslags kunsthandverk. Øg Besalel (frå Juda klanen) gjorde mykje handverk til tabernaklet, eller møteteltet; israelittane sin heilagdom, 2 Mosebok 35:30; 38:22. Jesu frelsar status er knytt til hans handling i samsvar med Guds vilje. Johannes Openbaring refererer til Davids Rotskot, Løva av Judas stamme, som den einaste verdige til å opna den forsegla bokrullen i himmelscena, Openbaringa 5:5.

“John” sin raske konklusjon om Jesu frelsar identitet, baserer seg ikkje på at Jesus handhelste på kvinna, og sa “God dag, eg er din frelsar, gleder meg til å snakka med deg.” Bakgrunnen for hans konklusjon må vera det han har høyrt eller fått forkynt på førehand, blant anna “Den Lille Bibel”, John 3:16.

¹⁹³ Ridderbos, *The Gospel of John*, 156-157

4. KONKLUSJON

Spørsmålet om Jesu identitet vert eit personleg standpunkt, som einkvar må ta, basert på hans eller hennar overtyding. Likevel kan ein seia at verdien av Jesu liv og virke, knapt kan målast, sjølv om det i dag er over 2 milliardar menneske i verda som er kristne.

Intervjuresultata frå kvar informant, syner at det er umogleg å få kun ei klar meinинг ut av Johannes 4:1-42. Men ein kan sjå at alle informantane oppdaga ein del felles element, som går på det å kryssa kulturelle, sosiale, og religiøse grenser i det som skjedde mellom Jesus og den samaritanske kvinnen: bodskapen om at evangeliet er for alle folk, særleg dei ekskluderte.¹⁹⁴ Som me har sett i kapittel to og tre, kan folk ha svært ulike bakgrunnar, og livssyn, og likevel koma til mange av dei same konklusjonane ved lesing av same bibelteksta. I svara på spørsmålet om kva som er Johannes 4 sitt hovudspørsmål, var det brei semje om at kjærleik, frelse, evig liv og levande vatn var hovudtema, sjølv om “Sudharsan” gjerne ville ha svar på kva Jesus meinte med å avslå mannen kvinnen budde med, som hennar ektemann. Likeeins trakk fleire informantar fram forvirringa til kvinnen på kva Jesus meinte då han fortsette å snakka om det vatnet han kunne gje.

Dei fleste var samde om at det var lite ubalanse i høve til makt i teksta. Men det var då særleg fordi Jesus tok ei uventa, og annleis tilnærming enn nokon kunne ha forventa på den tida. Sjølv om enkelte forskrarar kallar Jesu tenestereise i Samaria for ei “jødisk fornyingsrørsle”, brukte “John”, “Sofia”, “Emma” og “Xoli” termene “evangelisering, bodskap, vitnesbyrd, misjon” for å beskriva det som skjedde.

I mange av intervjuua, virka informantane spørjande til det dei sjølv sa. Dei visste at eg ikkje forventa nokon bibelekspertise av nokon. Likevel kunne det vera kjekt å dela det eg visste om referansetekstar for å gje større forståing til setjinga, historia, geografien og dei kulturelle kodane som opererte på den tida.

Om det hadde vore ei gruppe-setjing, der folk utveksla tankar om teksta, kan det ver fleire ting hadde kome fram, eller at folk hadde svart annleis. Men gjeve tidsrama, vert avgrensinga slik den blei. Som i de Wit & co, var det mange som sympatiserte med kvinnen, og tenkte at ho var vis, modig, og tøff som sprang av garde og delte bodskapen ho hadde hørt. “Muluwork” tenkte at han sjølv kanskje ikkje hadde gjort det same, og at me kan læra av henne. Når me har fått ein god bodskap, kan me dela den med andre. Men då er det viktig å kjenna til folk sine liv, og situasjon, for å hjelpa dei på best mogelg måte.

¹⁹⁴ Låner ordlyd frå Hans de Wit, i de Wit, Jonker, Kool, Schipani, (eds) *Through the Eyes*, 498

“Xoli” og “Sofia” meinte at tida for kvenna si Messias openbaring i forhold til Jesus, var då han “avslørte” henne. Då kvenna sa “Eg ser at du er ein profet”, var det bekrefta at Jesus hadde ein identitet utanom det vanlege. Då han diskvalifiserte både Jerusalem og Garisim som “staden for tilbeding”, bytta kvenna tema sjølv, og hugsa det ho hadde lært om at Messias skulle koma, og fortelja dei alt. Samaritanane hadde ein teori at Moses skulle koma tilbake og “læra dei alt.”

“Når folk vert vane med ei bibeltekst, står dei i fare for å tilpassa historia til sine eigne behov og ønsker eller begjær. Folk ser fort seg sjølv som teksta eigara. Deira tilpassing av forteljinga gjev ikkje rom for andre perspektiv.”¹⁹⁵ Sidan dei kvalitative intervjuia, ikkje la til rette for gruppe samtale, debatt, eller utveksling av perspektiv, fekk kvar enkelt si sjølvstendige tolking av bibelteksta stå for seg sjølv. Når ein ser dette i lag med det lærde seier om same teksta, kan ein finna at dei ulike syna ikkje treng motseia, men snarare utfylla kvarandre. Sjølv om leke folk kan sakna assosiasjonar til kjent referanse litteratur frå Bibelen når dei les ei tekst, kan dei få mykje att ved å sjå nøye etter kva det står. Som Theo Witvliet påpeiker, har den historisk kritiske eksegesen frå opplysningstida, gjeve oss innsikter og metodar som ikkje må forkastast.¹⁹⁶

Utan fantasi og førestillingsevne forblir tekstas bokstav død. Inter kulturell bibellesing spør difor etter ei re-evaluering og ei gjenoppdaging av andre måtar å handtera bibelske tekstar, måtar som vart brukte i århundrer i kyrkja [...] den allegoriske, analogiske og moralske forståinga av bibeltekstane. Desse peiker til eit historisk overskotet som møter menneskes håp og liding, lengt og desperasjon. Ved dette minnet og innsamling av meinings, anerkjenner kyrkja si tru gjennom århundrer den eskjatologiske dimensjonen av *res gesta*, av Guds *debarim* (ord og gjerningar).)¹⁹⁷

Om det skulle vera skikkeleg rettferdig, kunne det vera fint å bidra med utfyllande informasjon i høve til kulturelle kodar, geografisk historie og bakgrunn, rabbinske overleveringar, og andre ting som må ha påverka kvifor interaksjonen var som den blei. Når spørsmål vert stilt, kan ein ofte sjå ei sak frå fleire vinklar. Sjølv om bakgrunnane til informantane er svært ulike, har dei relativt homogene betraktingar om spørsmålsstillingane. Som “Singh”, “Sudharsan” og “Muluwork” bekrefta, er brønnar framleis sentrale møtestader for folk, og naudsynte for daglege gjeremål og drikke. Parallelen til aspektet med å henta vatn sjølv, og det å “gje pengar til fattige, metta svoltne og fasta” for å syna seg som ein sann tilbedar, og praktiserande kristen (“Muluwork”) kan illustrera den aktive sida ved det å få

¹⁹⁵ Hans de Wit i de Wit, Jonker, Kool, Schipani, (eds) *Through the Eyes*, 499

¹⁹⁶ Theo Witvliet i de Wit, Jonker, Kool, Schipani, (eds) *Through the Eyes*, 498

¹⁹⁷ Theo Witvliet i de Wit, Jonker, Kool, Schipani, (eds) *Through the Eyes*, 498

tilfredsstilt eigne og andre sine behov. Jesus venta på Gud, men skøyv ikkje ansvaret for å gå med bodskapen over på Faren. Kvinna ba ikkje Jesus koma og vitja landsbyen. Ho sprang sjølv. På den måten var ho med på Jesu innhausting, og fekk heile landsbyen med seg.

“Xoli” framheva at folk går til kyrkja eller tradisjonelle religionsutøvarar for å få dekka sine åndelege behov. I Kongo ser folk materielle ting som teikn på at Gud er med ein. Ikkje alle skjønar poenget med å be til Gud, når dei opplever dei same problema heile tida, påpeika “John.” Det er svært menneskeleg at trua er på det me ser manifestert i det fysiske.

Om kyrkja blir oppfatta som Gud hus og Jesu representant i verda, er det naturleg at folk vil oppleve seg svikne av Gud, om ikkje kyrkja gjer sitt for å imøtekoma behova dei har. Dersom folk kjem til kyrkja, og ikkje får åndeleg mat, er der andre aktørar som står klar til å servera det dei har, gjerne for profitt.

Me har sett på korleis den samaritanske kvinna kan stå som representant for menneske som er marginaliserte, føler seg uønska, framande, ekskluderte og uglesett. Samstundes kan me sjå korleis samtalen mellom henne og Jesus løfta kvinner, og ikkje-jødiske grupper opp på same nivå som menn. Jesus ga ofte kvinner, stikk i strid med den tidas, og mange av dagens ulike kulturelle og religiøse samfunns vitneskikkar i rettssaker, privilegiet med å først fortella om hans ord, gjerningar og oppstode til andre. For dei som anklagar Bibelen for kvinneundertrykking, kan det vera tankevekkande at Bibelens grunnleggjar, er kvinnenes befriar. Jesu fokus var “kvinnas liv og frelse [...] Han framstilte seg sjølv som det endelege svaret.” (“Emma”) “Jesus kjente den jødiske kulturen. Han prøvde å bryta ned den gamle fiendskapsveggen (frå Ef 2:14). [...]. Det er bare Gud som kan gje evig liv”, sa “Xoli”. For å fremja Jesu bodskap, må ein jobba mykje med “både menn og kvinner på begge sidene”, for endra kjønnsroller som rår ei ulike heimekontekstar, meinte “Sofia;” Folk stiller ikkje spørsmål med mindre det gjer vondt. “Å tilbe i Ånda betyr at intelligensen vår har blitt opplyst. [...] Med sanning meinte Jesus seg sjølv. Ånda openbarar Herrens guddom. Ein kan ikkje skilja Den Heilage Andre frå Far og Son i tilbeding”, resonnerte Basil den Store.¹⁹⁸ For den som vil stiga opp til høgdene for å vera nær Gud, kan gjera det i tåredalen, innanifrå, ved at ein gjer seg sjølv til Guds tempel, oppmoda Augustin, og refererte til Paulus sine ord: “De er Guds tempel.” (1.Korintarbrev 3:17.)¹⁹⁹

¹⁹⁸ Basil den Store i Elowsky & Oden, *Ancient Christian Commentary*, 162

¹⁹⁹ Augustin i Elowsky & Oden, *Ancient Christian Commentary*, 162

TILLEGG

Projectinformation to the informants

Stavanger 2012-06-29

Thank you for accepting to be interviewed as part of my Master Thesis in Theology.

The reasons for choosing to work with “John 4 through eight pair of eyes from four continents/all worldcorners” are several. The desire to see how people from various cultural, national, religious and class backgrounds read and understand the same Bibletext is one. How one’s background influence the way one interpret the different “messages” the text convey, might be seen or not. Whether one has no, or much knowledge of the Bible from before, can play a role, but not necessarily. I want to find out which tensions there are, ethnically, genderwise, classwise, and regarding questions of meaning in life, in relation to the individual’s point of view. Through the interviews, there can be made bridges of understandings between different worldviews, and perceptions of reality.

Each will get the Biblical text and my questions sent by mail (or post, if that is preferred), in advance. Then each can read and prepare for the interview, and get ready to share what s/he found. The interviews will be scheduled throughout the summer, and last approximately 50-90 minutes each. I will use laptop and Dictaphone to record the conversations, if you allow.

It is allowed to withdraw from the project at any time without explaining why, without this becoming a disadvantage for the informant. No personal names will be used, but pseudonyms. The identity of each will be confidential. All datamaterial will be anonymous within the project’s end 1.July 2013, so that neither direct nor indirect identifiable information is stated. The soundrecordings will be deleted within 31-07-2013. The School of Mission and Theology is the controller of the study. Knut Holter is the daily responsible for the project. His contactinformation is: work phonenumber: 51516227 and address MHS, Misjonsmarka 12, 4024 Stavanger.

Thank you for working with me.

Yours sincerely,

Elin Underhaug Kanu

Prosjektinformasjon til informantane

Stavanger 2012-06-29

Tusen takk for at du sa ja til å bli intervjuet som ein del av mi Master oppgåve i Teologi. Grunnane til at eg velde å arbeida med Johahnes 4 gjennom åtte par auge frå fire kontinent/alle verdshjørne, er fleire. Ønsket om å sjå korleis frå ulike kulturelle, nasjonale, religiøse, kjønnsmessige og yrkesmessige bakgrunnar les og forstår same Bibelteksta er òein. Korleis den enkeltes bakgrunn påverkar måten ein tolkar dei ulike "bodskapa" Bibelteksta formidlar, kan reflekterast, eller ei. Om ein har ingen, litt, eller mykje Bibelkunnskap frå før, kan spela ei rolle, men ikkje nødvendigvis. Eg vil finna ut kva spenningar der er, etnisk, kjønnsmessig, klassemessig og anågande spørsmåla om meinings i livet, i relasjon til den enkeltes synspunkt. Gjennom intervju kan det skapast bruer av forståing mellom ulike verdsbilete og virkelegheitsforståingar.

Kvar vil få Bibelteksta og spørsmåla sendt via e-mail (eller post om det er ønska) på førehand. Då kan kvar lesa og førebu seg til intervjuet, og dela det han/ho har funne.

Intervjuet vil gjennomførast i sommar, og vara omtrent 50-90 minutt. Eg vil bruka PC og diktafon for å ta opp samtalen, om du tillet.

Det er lov å trekka seg frå prosjektet kor tid som helst utan å sei kvifor, utan at dette skal vera negativt for konfidenten. Det vil ikkje brukast personnavn, men pseudonym. Kvar enkelt sin identitet vil vera konfidensiell. Alt datamateriale vil anonymiserast innan prosjektets slutt 1.juli 2013, slik at korkje direkte eller indirekte informasjon framgår. Lydopptaka vil slettast innan 31.07.13. Misjonshøgskulen er behandlingsansvarleg for studiet. Knut Holter er dagleg ansvarleg for prosjektet. Hans kontaktinformasjon er: arbeidstelefon 51516227 og arbeidsadresse: MHS, Misjonsmarka 12, 4024 Stavanger

Takk for samarbeidet

Beste helsing

Elin Underhaug Kanu

APPENDIX

Skjematisk oversikt over informantar

Informant I "Gæbrias" Ghazvin, Iran, 41 år

Informant II "Sudharsan" Punjab, India, 30 år

Informant III "Sofia", Hellas, 36 år

Informant IV "Singh", Kashipur, Nord India, 26 år

Informant V "John", søraust Kongo, 43 år

Informant VI "Xoli", Eastern Kay (Cape?), Sør Afrika, 30 år

Informant VII "Muluwork", Showa, Nord Etiopia, 33 år

Informant VIII "Emma", Randaberg, Stavanger, 36 år

Intervjuguide

SPØRSMÅL TIL INFORMANTANE FØR "TEKST-SPØRSMÅLA":

Kvífor sa du "ja" til å vera "informant/deltakar i dette prosjektet?

TEKSTA DÅ

Kva er det store spørsmålet i forteljinga?

Oppfølgingsspørsmål: Kvífor tykkjer du det? Kva trur du Jesus meinte med "Guds gave"?

Kva slags vatn snakka han om? Korleis framstiller Jesus seg sjølv? Kva formidla(r) det?

Korleis syns du Jesus spør, og svarar på spørsmåla til kvenna? Kva var Jesu mat? Kva var Jesu fokus?

Oppfølgingsspørsmål: Kvífor kom Jesus til brønnen? Kvífor kom kvenna dit? Kva slags tankar om Gudsdyrking kan me lesa ut av teksta? Kva slags reaksjon synte kvenna då Jesus visste ting om hennar personlege liv? Kvífor let ho krukka stå då ho sprang tilbake til landsbyen, trur du?

Kva slags kjønnsroller kjem til uttrykk i teksta?

Oppfølgingsspørsmål: Korleis kjem det fram? Kvífor vart kvenna overraska over at Jesus ba om hjelp? Korleis responderte ho?

Oppfølgingsspørsmål: Kven kunne du identifisera deg med av Jesus og kvenna, og kvífor?

Kva slags etniske spenningar kjem til uttrykk i teksta?

Oppfølgingsspørsmål: Korleis var forholdet mellom jødar og samaritanarar? Kvífor trur du det?

Oppfølgingsspørsmål: Kva slags maktbalanse kjem fram her, ifht autoritet knytt til etnisitet osb.? Korleis reflekterast synet på framande i teksta?

Kva er det viktigaste poenget i det Jesus sa til den samaritanske kvinna?

Oppfølgingsspørsmål: Kvifor tenker du det? Kva seier kvinnas respons om hennar oppleving av å bli “avkledd”. Kva exposes/avdekkjer/røpar/avslørar Jesu ønske til kvinna (gå og hent mannen din) Kva såg Jesus etter hjå kvinna?

Oppfølgingsspørsmål: Kva relevans har det i dag? Når er det tid for tilbeding? Kor er staden for tilbeding, ifølge Jesus (med andre ord: dagens tempel)? Kva er ein sann tilbedar, ifølge Jesus? Kva vil det sei å tilbe i ånd trur du? Og “i sanning”?²⁰⁰

TEKSTA NÅ

Korleis vil folk i din heimlege kontekst forstå hovudspørsmålet i forteljinga?

Oppfølgingsspørsmål: Kvifor? Korleis reflekterast menneske si søken/lengting etter ei djupare/livets djupaste mening der du bur? Korleis kan ein jobba for å fremja dette (poenget i det viktigaste av det Jesus sa) der du bur?

Korleis korresponderer det med slik ting er der du kjem frå (autoritet i høve til etnisitet)

Oppfølgingsspørsmål: Korleis reflekterast menneske si gudstru eller religiøsitet hjå dykk (land/heimplass). Korleis er høva til den enkelte til å få besvart “livets djupaste spørsmål”

Korleis vil folk i din heimlege kontekst oppfatta dei kjønnsrollane som kjem til uttrykk i teksta?

Oppfølgingsspørsmål: Korleis kan identitet knytast til kjønnsrollar, og kvifor kan det vera bra å utfordra dei (viss det er bra) Korleis er det i forhold til det du er van med? Korleis vert polygami og utanomekteskapelege affærar sett på i din heimekontekst?

Oppfølgingsspørsmål: Kva ligg til grunn for dei kjønnsrollane som rår i di heimekontekst? Kva skal til for å endra dei, om det er naudsynt? Korleis jobbast det for meir likskap mellom mann og kvinne der du er frå? (om det jobbast)

²⁰⁰ Spørsmål inspirert av Elowsky & Oden, *Ancient Christian Commentary on Scripture*, 161-162

LITTERATURLISTE

A Greek English Lexicon of the New Testament and Other Early Christian Literature. Third Edition (BDAG). Revised and edited by William Danker, based on Walter Bauers *Griechisch Deutches Wörterbuch zu den Schriften des Neues Testaments und der Früchristlichen literatur*, sixth edition, ed. by Kurt Aaland and Barbara Aaland, with Viktor Reichmann and previous English editions by William F. Arndt, F. Wilbur Gingrich and F.W. Danker, Chicago and London: The University of Chicago Press, 2000

Askeland, Harald. Lysark frå “Qualitative Methods” førelesning på MHS, 2012.

Barrett, C.K. *The Gospel According to St John: An Introduction With Commentary and Notes on the Greek Text.* 2.ed. London: SPCK, Holy Trinity Church, 1978, 638 s

Beasley-Murray, George R., Hubbard, David A. (General Editors), Watts, John D.W. (Old Testament Editor), Martin, Ralph P. (New Testament Editor) *Word Biblical Commentary, Volume 36.* Waco, Texas: Word Books, Publisher, 1978, 441 s

Bibelen, Den Hellige Skrift: Det Gamle og Nye Testamente. Oslo: Det Norske Bibelselskap, 1978

Dean, Kenda Creasy. *Almost Christian: What the Faith of Our Teenagers is Telling the American Church.* New York: Oxford University Press, 2010

De Wit, Hans Louis Jonker, Marleen Kool, Daniel Schipani (eds) *Through the Eyes of Another. Intercultural Reading of the Bible.* Amsterdam: Institute of Mennonite Studies, 2004, 532 sider

Falbusch, Erwin, Jan Milič Lochman (død), John Mbiti, Jaroslav Pelikan, Lukas Vischer (eds) Geoffrey W. Bromiley (translator and English-language editor) David B. Barrett (statistical editor). *The Encyclopedia of Christianity Volume 4 & 3 P-Sh og L-O* .

Grand Rapids, Michigan/Cambridge, U.K. Leiden/ Boston: William B.Eerdmans Publishing Company Brill, 2005

Grønmo, Sigmund. *Samfunnsvitenskapelige metoder*. Fagbokforlaget: Bergen, 2004

Gupta, Ram. "Slik blir hinduismen fornorskhet" i *Ungdom og Livstolkning; Religion og Livssyn*, Tidsskrift for Religionslærerforeningen i Norge, Årgang 22, 2010 nr 2

Hammersley, Martyn og Paul Atkinson. *Ethnography: Principles in Practise third Edition*. London & New York: Routledge, Taylor & Francis group, 2007

Haug, Kari Storstein. *As You Sow, You will Reap. Interpreting proverbs 11:18-21, Psalm73 and Ecclesiastes 9: 1-12 in Light of, and as a Response to Thai Buddhist Interpretations: A Contribution to Christian-Buddhist Dialogue*. Stavanger: MHS 2008, 332 sider

Kim, Sebastian & Kiersteen Kim. *Christianity as a World Religion*. London/New York: Continuum International Publishing Group: 2008, 272s

Elowsky, Joel C. (ed.), Oden, Thomas C (gen.ed.) *Ancient Christian Commentary on Scripture. New Testament IVA*. Intervarsity Press, Downers Grove, Illinois, 2006, 421s

Jacobsen, Knut A. *Sikhismen: Historie, tradisjon og kultur*. Kristiansand: Høyskoleforlaget 2006

Opsal, Jan. Islam: *Lydighetens Vei*. Oslo, Gjøvik: Universitetsforlaget. 2005, 398

Ridderbos, Herman. *The Gospel of John: A Theological Commentary*. William B.Eerdmans Publishing Company, Grand Rapids, Michigan/Cambridge, UK, 1991, 721 s

Root, Andrew. *Revisiting Relational Youth Ministry: From a Strategy of Influence to a Theology of incarnation*. Downers Grove, USA: Intervarsity Press, 2007

Rossler, Dietrich. "Practical Theology" i *The Encyclopedia of Christianity*, Vol 3. ed. E. Falbusch et al. (Grand Rapids: Eerdmans, 1999-2008)

Scherer, James. "Missiology" i *The Encyclopedia of Christianity*, Vol 3 ed. E. Fahlbusch et al. Grand Rapids, MI: Eerdmans, 1999-2008

Singgih, E.G., "Let me not be put to shame: Towards an Indonesian Hermeneutics," *Asian Journal of Theology* 9 (1995): 77

Steuernagel, Maicon, pastor i Oslo International Church på NMS strategikonferanse på Himmel og Hav 19-10- 2012

Thagaard, Tove. *Systematikk og Innlevelse. En innføring i kvalitativ metode*. Bergen: John Grieg AS, 1998

The Greek New Testament: Fourth Revised Edition. Dictionary. Aaland, Barbara & Kurt; Karavidopoulos, Johannes; Martini, Carlo M.; Metzger, Bruce M. (eds), Münster/Westphalia: Institute for New Testament Textual Research, Stuttgart: Deutsche Bibelgesellschaft, 2006

Hofstedes kulturelle dimensjonar, tilgjengelege på <http://geert-hofstede.com/dimensions.html>, <http://www.geerthofstede.nl/research--vsm.aspx> ; Internett, henta 27-9-2012,

<http://www.bibel.no/Hovedmeny/Nettbibelen.aspx?query=s2XQ4Klc9HYd5+N5sDXEeY6IpgiALLI49FiOZrGQ5HRAjwDlMKpIWGyDFJLfDc40>; Internett, henta 4-10-2012

http://search.babylon.com/?q=human+rights+declaration&babsrc=SP_def og <http://www.un.org/en/documents/udhr/index.shtml>; Internett, henta 4-10-2012

<http://www.etikkom.no/no/Forskningsetikk/Etiske-retningslinjer/Samfunnsvitenskap-jus-og-humaniora/>; Internett, henta 4-10-2012

<http://internationalchurchoslo.com/about/oic-board/> Henta frå internett 22-10-2012

Hofstedes kulturelle dimensjonar, tilgjengelege på <http://geert-hofstede.com/dimensions.html>,

<http://www.geerthofstede.nl/research--vsm.aspx> ; Internett, henta 27-9-2012,